

bokselskap.no, 2014

Olav Duun: *Medmenneske* (1929)

Teksten i bokselskap.no følger 1. utgave, 1929. Digitaliseringen er basert på fil mottatt fra Nasjonalbiblioteket (nb.no)

ISBN: 978-82-8319-174-5 (digital, bokselskap.no), 978-82-8319-175-2 (epub), 978-82-8319-176-9 (mobi)

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

Olav Duun

Medmenneske

1929



I.

II.

III.

IV.

V.

VI.

VII.

I.

[5] Ragnhild, ungkona på Stavsund, gjekk og såg etter mannen sin. Ho tok vegen kring den vesle haugen og til kvennhuse, ho kjente på seg han skulde vera der. Ho hadde ingen hast, men enda bar det fort i veg, mest som ho var for frisk og lett til å gå ansles. Elles var ho inga fjør, ho var vel så medels høg og rundbygd og førlagd, det var føtene som var så fjøralle under henne; eller ein kunde tru det var hjarte i henne som var så lett. Eit par gonger stana ho som snarast og såg seg i kring, ned over bakken og til sunde, aust over jordene og skogen; så var ho i gonga att. Når folk såg henne gå slik, undrast dei ho ikkje song, men det gjorde ho aldri.

Det var blågråe kveldinga, utpå seinhausten. Det vart gjerne regne att, men kvelden kan vera like vakker for det, reint ufortent. Vakker var eit ord ikkje ho brukte, enda ho tykte all ting *var* det, same kor auga gjekk: slik og slik såg det ut, og just derfor hørte det henne til. I kveld var det særlig sunde som minte seg. Hadde nokon virkelig set kor blankt og djupt det var?

Og der, i kvennhusdøra, stod han ho såg etter, – slik var no han Håkon. Ho lysna i auga da ho [6] såg han, det lyste blått frå dem enda dei berre var gråe; så lo ho lite grand, og sa at her stod han og kava og sleit, no kom ho og vilde hjelpe han. Det var da ei nød med denne drengen som aldri kom!

Håkon smilte, med vakre brune auga, men eit grand fortenkt; det var ikkje ofte å sjå han ansles, kom ho i hug. Høg og grannvaksen var han, så ein kunde bli huga til å ta rundt i kring han først ein kom halvnær han. No var det visst dampbåten han såg etter. Den hadde ho òg set, han kom røykande om Austerodden, kom ifrå byen; der ifrå kom han ein gong for veka, og ein gong gjekk han dit att. Det var noko nytt dette med dampen enno for dem her, dei hadde ikkje havt han lenger enn dei hadde vore gifte, eit par års tid knapt.

No sette han i og bles, så det vakna og svara i haug og fjell. Han var djup og god i måle, og så hjartans frimodig. Ragnhild tykte han måtte synge vekk alt som var tungt og fortustra her i garen, det var nær på ho song med, eller svara i alle fall.

– Trur du 'n far din er med? spurte ho.

– Det må Vårherre vita.

Så like sæl svara han gjernast, men ho visste det var faren han stod og såg etter. Det var så si sak når Didrik sjøl kom frå byen. Ikkje som ho skjønna noko av det, for aldri var han drykkjen, som mange andre, eller farlig på noko vis; han kunde kanskje vera litt rangsøvd når einkvart hadde bore han i mot, slik er da kallane oftast. Men ho merka det på dei andre der følgde einkvart med han til gars, og [7] dei venta aldri det var noko godt. Denne gongen var dei meir utrygge enn elles. – Når berre ikkje han Håkon stod her og brydde seg om slikt!

No såg dei gubben, han steig ned i ekspedisjonsbåten. Milde vêre var det, men han hadde den digre ullsteren på, han fór ikkje med dampen utan den; dei såg den gule veska som følgde han like trufast der han fór. Der kom ein til i land, ein ungdom, og han var visst ikkje meir enn høvelig edru, han svinga med huva og gjorde seg til, det var greit å sjå at han òg hadde vore i byen. Didrik såg oppover da han steig i land på brygga, og Ragnhild veifta og helsa med forklæde til han. Ho kjente den andre òg, – det er 'n Paul! sa ho til Håkon. – Jaså, sa han og gjekk inn til kvenna.

Slik stuss med vart han straks ho nemnte namne Paul. Han kunde vel ikkje tru noko så dumt som at ho brydde seg om, eller hadde brydd seg om denne gutladden? Anna enn som ein kjenning ho likte, herre gud, ho likte da alle ho kjente, ho vilde ha lov til det. Så pass til kar skulde Håkon vera, at han heldt med henne i det. Eller så måtte han bli det. Ho gjekk etter han inn i kvennhuse. Det var halvmørkt der, enda all ting var kvitt av mjølrøyk. Kvenna murra og gjekk, og Håkon stod og bøyde seg over henne. Vatne gav på og fossa utom veggen, så kaldgusten slo inn gong og annan; det var kaldt i måle, vatne, men det var da blankmælt og hadde einkvart lystig å fortele.

– Får du a til å gjera mjøl? ropa ho.

[8] Han tok ned i luka og fekk i ein neve mjøl, klemte det flatt med tommelfingen og heldt det fram i lyse så ho kunde sjå. – Eg får det ikkje likare enn slik, let han.

– Hø! det der er da formelig etande det, ropa ho, og tok litt og smakte på. – Men du veit, du burde rive ned heile kråkereire her og bygge deg eit folkelig kvennhus, – du som har nevane til det og har saga her like attmed. Det burde du.

- Har du òg tenkt på det? Han såg opp i under på henne.
- Nei, men eg tenkte at du hadde tenkt på det.
- Eg har det.

Dei gjekk fram i døra og stod, for elles åt kvennduren opp orda for dem. Der fortalde han at rettno la han i veg, og det med eit tidhøvelig kvennbruk, nedpå flata ved sjøen einkvar staden. Da han var på eksisen såg han eit bruk der dei hadde teke vatne inn i lange jarnrøyr og ført det fram dit dei vilde ha det, og lese om det hadde han, – det var ein heil vitenskap han kom med. Ho såg forstøkt på han, og meir og meir lykkelig.

– Gud gi du vilde klemme i veg! brast det ut av henne. – Huff, du er så mjølut, eit sømmelig menneske kan ikkje ta bortpå deg, langt mindre noko meir, og eg vil ikkje ha det orde at eg har vore mølnaren for nær. Der med slo ho til neven hans så mjøle fauk i auga på han. – Nei, det der hadde eg ikkje villa gjort! Men bedre meg rett, her står eg og glømmar både tida og erende mitt, berre for [9] di skyld. Du skulde inn og ha kaffe – velkommen etter! Ho fór med det same.

Han såg ikkje etter henne, han mumla over kvenna: – Det var da fanken til fart ho fekk i skjorta no? Litt etter såg han ut, og da var ho alt kring haugen.

I tune møtte ho Tale, værmora, som skulde til fjøse ein vending. Ho var kårkone på garen no, men fjøse hadde ho ikkje hjarte til å gi frå seg, ho var ikkje over 60 enda. Tale stana, det gjorde ho støtt når dei råktes slik.

– No får De snart byfolke heim, sa Ragnhild.

– Ja eg hørte dampen tuta så festlig; eg er så glad eg er knapt nedpå jorda med føtene. Der har eg for resten ikkje stort å gjera heller, var det ikkje for dette velsigna fjøse. Ja ja, armodskallkroken min, han får vera velkommen når han kjem. Men det er med han som det er med nordavinden, han er likast når han er borte.

Tale stod der stor og stødig. Kvart andletsdrage hoss henne var for stort, men ikkje stygt. Nasen var høg og krokut. Auga stod uventande opne mot ein. Måle var det slikt slag med, det kom så ope og bert, særlig når ho lo. – Så like sæl kan somme vera, vart det sagt om henne. Ho sa beint ut det ho meinte, ho hadde eit eige lag til det, Ragnhild trudde det var derfor folk undrast så på kva som budde i

henne.

– Nei hålede, lat meg no tenke på dei andre krøtera! sette ho i, tok så bøttene og la i veg. Men ho [10] såg enda ein gong nedetter sjøvegen. Enno var der ingen kall å sjå.

Kor gjorde han av seg, kallkroken? undrast Ragnhild òg.

Garane låg så vakkert nordpå andre sida sunde. Sunde var smalt her, så dampbåten kunde ikkje snu om han gjekk inn, og når det var fullt dagslys kjente ho her ifrå folk som gjekk millom husa der borte. Lenger nord krøkte fjorden vestetter og til havs. Ho såg vestover, der sunde vida seg ut og vart til Stavsvågen. Ein og annan av garane skymta ho der vestmed, enda dei gjømte seg så godt dei kunde i halvmørkre og småskogen. Sørøver, der møtte ho skogen først, og resten hadde kvelden teke.

I det same kom Håkon om fjøsnova. Han lyste reint kvitt i mølnarklæane sine.
– Står du enno og ventar, sa han og gjekk inn.

Han sa det halvt lystig, men det hørtas som der var noko innunder. Det gjorde det no for resten ofte i det han sa, men han kunde da ikkje tru ho stod her og venta på Paul, på denne halvfulle gutstakaren?

Der såg ho han kom oppetter sjøvegen. Langt ifrå, rømte inn gjorde ho ikkje for det. Nei. Men da ho såg kor påskjenkt han var, gjekk ho inn like vel, ho hadde ikkje tid til å stå her og glåme.

Han dei venta hadde komme i snakk nede ved brygga. Først var det med ekspeditøren, Karl Albert [11] Evensen, og da så han kom seg ifrå han og gjekk heim, saug han seg på eit par andre som stod der og hang. Han var slik, Didrik Dale, at kom han først inn på ein med snakke sitt, så sat han fast. Helst var det politikken han hadde for seg. – Lat oss tenke på det viktigaste først, pla han seie; vi ønsker alle at det rettaste bør skje. Men der ifrå kom han snart inn på ein av prosessane sine, for der òg tykte han det rettaste burde skje. – Ikkje sant? spurte han.

Didrik var tynn og mager som ein sjuk ein. Han såg ut som han hadde sett i seg sju feite kyr og trong sju til, så sa vondt folk. Men enno var det ikkje mange gråstrå i håre på han, enda han var mykje over 60, skjegge heldt seg brunt og krulla og vart stuttklipt og kjemt med ei lita reik nedpå haka, dei sa han gjekk

med brurgomsskjegg til kvardags; auga var forlivande brune og blanke, dei var ikkje gode å komma seg ifrå. – Nei hør no på *meg* no! bad han, tenk deg om, og *svara* meg: kan du seie at slikt er rettferd? – Nei, dei laut gå med han i det, men. Og der med sat dei i garne og måtte høre meir og tenke meir. Han hadde ei brun skinnhuve på, ei med skjerm både framme og bak, eit særsyn både i byen og på lande, og den hadde han fått gjort etter si eiga mønster. Den letta han på alt i eitt, liksom tankane måtte ha luft.

No fór karane sin veg, ein over sunde og ein austetter stranda, dei glømte folkeskikk og sa tvert godnatt. Han bles hånlig etter dem: *Slikt!*

[12] Men i kveld var ikkje Didrik mann for å gå heim med ein gong. At han hadde tapt prosessen gav han seg sytten om, det hadde hendt så gale før, men dette var den første han hadde tapt sia han tok til og førte saka si sjøl, og kva tenkte dei ikkje da, dei der heime? Enda *dei* visste ikkje kor mykje han hadde tapt, – han hadde vorte flådd for eit laksvald som han hadde leigd på levetida si, for alt han skulde leva av her etter. Nei, han gav seg sytten om det, som sagt, men i byen hadde han hørt nytt. Verkelig nytt, og farlig nytt, tykte han. Visst det da ikkje var hjelpa som var ute etter han. Han gjekk og fortalde det, innvendig, til ein eller annan, hadde gjort så i heile dag, enda det var ikkje meininga ei sjæl skulde vita om det. Jau, der var funne opp eit slag vasshjul no som skulde vera fule til å dra kvennbruk og slikt, og vatne lurte ein til dem gjennom lange jarnrøyr, så ein kunde legge bruke nedmed sjøen om ein lysta, – så folk nådde dit sjøveges med mølnaen sin–, det skulde ligge *her*, nedpå stranda der handelsbua hans Karl Albert stod og brysta seg! Ja. Og no var alt storkarane i byen om seg etter fossar, til sagbruk og anna framsteg, dei kunde vera her kva dag som helst og kjøpe fossen av 'n Håkon, den saupskallen, og så kjøpte dei Stranda her av 'n Karl Albert, den andre saupskallen, jøss, han hadde snakka det utor dem så fint at. Da hadde han set i eit syn, han hadde i grunnen set det for ein mannsalder sia, at hit skulde kvenna [13] og saga flyttast. Det var livsverke hans, som venta på han.

– Eg må snakke med 'n Karl Albert i denne kveld, sa han, i morgo kan det vera for seint. Ein kan ikkje late slumpen rå; ein kan ikkje late folk fara med seg som dei lystar. Nei, seier eg!

Han gjekk dit. Karl Albert hadde kjøpt Stranda her av Didrik for eit spytt i neven, lånt pengar og bygd og sett i veg med handel og anna fark. Huse var fint

nok, det var gulmåla til og med, rettelig eit kræmmarhus, men handelen trivdes der ikkje, vart det sagt. Didrik tok av seg huva eit par gonger på vegen bortetter: Han øygna det så brennklårt at her var einaste romme der eit kvennbruk kunde byggast, og at her retta lagnaen handa til han enno ein gong. Siste gongen kanskje.

Da han skal til å gå inn kjem Paul slengande nedover att. Didrik smiler og bed han bli me inn; – Beate er fin gjente det, gut, seier han, du skal ikkje vera lei deg for hennes skyld. Den andre blir steins ståande. Enda han var både full og sint var han ein vakker gut, særlig auga i han måtte ein merke seg, dei lyste så rart blått under dei tjukke mørke brunene, dei var barnslige men uforfælde, og slik var i grunnen heile guten. – Ikkje vera blygen no, formana Didrik; du har da vore med meg inn før; lat oss sjå korles det står til med a Beate.

Paul vart kvit, så full han var. Ord fekk han ikkje fram.

[14] Inne hos Karl Albert sat heile huslyden kring kaffeborde. Det vart noko seint med kaffen når han ekspederte dampbåten.

Karl Albert var alt grå i skjegge, enda han ikkje var 40 år, det låg til slekta det. Elles gjekk han for å vera ein farlig vakker kar, han var kvit og raud i hamleten som ei gjente, og auga hans stod ikkje kvinnfolka seg i mot, vart det sagt. Kona hadde òg vore eit stasplag, men no var ho litt for tjukk og slakk. Gamle Even, far til Karl Albert, sat der rundrygga og utsliten og såg framfor seg med milde gammalmanns-auga; der var ikkje anna att av han no. Så var tausa der, Beate, og ho var søster til kona i huse, eit lyst og trivelig lite ting. Borna var ved borde dei òg, der var ein tre-fire av dem.

Karl Albert hadde just fortalt om noko som var hendt aust i bygda: det hadde komme ein frammandkar til gars, og da dei vilde få han der ifrå omsider, så slo han seg rasande og synte kniven, han skamskar mannen i huse før dei fekk uverja frå han og hadde han i band. Han let så, der var ein i bygda her som han kom og skulde *ta ned* føre jul, berre vent! Han var blank tullut, skjønna dei.

– Ja ja, sukka Even og såg rundt borde frå den eine til den andre: – Ingen veit kva stund ulykka bankar på.

I det same bankar det på døra. Tausa hoppar på stolen og syp etter anda, og borna er ikkje stort klokare dei. Karl Albert sett i og ler: – Der har vi a! Kom inn!

[15] Det var Didrik som kom. Han var ikkje mindre mann enn at han banka på

når han steig inn hoss slikt folk, kva meining han no kunde ha med det.

Karl Albert bad han leite fram og sette seg

Didrik la merke til at ingen vart glad da dei såg han. Kvinnfolka likar meg ikkje no meir, tenkte han, å nei, eg er ingen Karl Albert; der til merka han seg at Beate, tausa i huse, hadde enda mørkare skuggar nedunder auga enn sist han såg henne, og ikkje tålte ho han såg på henne no heller. Ja vel, han visste før korles det var med henne, såla, han visste all ting. Karl Albert var ikkje den som slo auga ned for slikt smått.

Didrik snakka, men auga hans blunka og skjein mot alt som i stua var, dei skifta frå fjerrsyn til nærblikk alt i eitt, og slik skifta måle hans, kom så levande nær ein best det var. Dei skulde vera glad når dei fekk vita erende hans.

Det fekk dei ikkje, for han vilde snakke på tomanns-hand med Karl Albert.

Karl Albert drog brunene høgt opp, og auga vart skire blåe undringa. Didrik visste den karen vart aldri forundra, han gjorde seg berre til. Dei gjekk ut i krambua, for det heldt på og draup ute, og bua var tom for folk på denne tida.

Didrik bar fram erende sitt så bert og utan blunk som nokon mann kan gjera det: Han vilde kjøpe att Stranda her. Jau, han vilde bu her nede; kunde ikkje trivast der heime lenger, der var ikkje fred å få. Han snakka lenge om det. Karl Albert [16] hørte på og såg ut som han var svært einig. Men så ristar han på hovude og ler:

– Du Didrik, du Didrik! Aldri veit nokon kva du har i posen; i veska, rettare sagt. Men, du skulde ikkje løyne at du *har* noko der, – da narra du oss lettare. Gjekk det skit med prosessen din, sa du?

– Prosessen? Den vinn eg, den vinn eg, vera trygg du! Og visst det er pengar du kjem i hug, så kan du vera rolig for dem òg. Eg får bytte om kåre mitt i kontantar, kva dag eg vil. He! eg har vore ein taretorsk. Her kjem vi snart inn i eit nytt hundreår, og enda sitt eg med den gammaldagse kårseddelen! Som ei ape i bur. Nei sønnafor, der eg var i fjor, der var dei lenger framme, det fanns ikkje slikt som kår der nei. Og framsteg, veit du: eg kan ikkje leva utan det for auga, ja det veit du, Karl Albert,

– Det veit eg. Men skal du drive meg frå denne flekken min da? Det var du som narra meg til å sette meg ned her?

– Der er ein bedre flekk på andre sida sunde. Fagernese. Det er det som er

handelsromme. *Der* kunde dampbåten legge til brygga, eg snakka med både direksjonen og kapteinen om det i dag her. Ja da. Der er romme ditt, ser du.

– Men det er ikkje mitt.

– Nei, det er mitt. Jau da, eg snakkar sant. Auga i Didrik stakk så Karl Albert måtte ta til seg sine. Eg snakkar sant, har du hørt anna om meg? Eg har Fagernes på handa; du veit han der [17] Morten, mågen min, sitt ikkje så rart i det. I morgo den dag kan det komma ein og kjøpe der, ja, og så konkurrerer han deg ut før vinteren er over, he?

– Jau jau. Eg er ikkje blind.

– Eg har enda tenkt på det sjøl at eg burde gi meg til å handle der borte, eg har slikt å gjera. Men eg vil ikkje det.

– Så?

– Nei, eg ønsker ikkje vondt over nokon, eg er ikkje slik. For kva mon er der i det? – – Eg har for resten synt deg det, nyst her.

– Nei lel?

Karl Albert hadde panna full av lystige små rukker, men Didrik såg på han så dei kom bort att.

– Skal eg minne deg om det da? At det var eg som bad med meg 'n Paul hit den kvelden du veit? Og narra han til å gå opp på lofte? Kven hadde elles vorte utlagt som barnfar, spør eg? He?

Dei såg einannan vondt i auga eit tak.

– Ja, sa Didrik, her står eg. Du ser meg her. Du var i nøda den gongen, og eg hjelpte deg. Eg tenkte du kunde bli god å ha, ein annan gong. Ja. Og ikkje har eg tenkt å opne auga på guttosken.

Karl Albert sette i og lo. Men Didrik ansa ikkje det; han snakka seg nærmare innpå den andre, syngande og lågt som vise hans var når einkvart stod på: – Her kunde dei vera gode grannar ein gong att, dei kom til å tene på handelen bae to, og det var vel meininga med all rettvis handel? Kvifor [18] skulde dei vera seige og side bak som dei andre bøndene?

Karl Albert berre smålo; men så tok han seg på tak og såg Didrik i auga:

– Er det så om å gjera for deg, så kan vi bytte, la gå! Stranda mot Fagernes, med alt som mur- og nagelfast er.

– Eit ord er eit ord, Karl Albert. Så er det avgjort og i stand. Du snyt meg tålig handfritt, men det får vera det same. Har eg sett meg noko i hovude, da sitt det der.

Dei snakka og vart einige om ymse småting; så sa Didrik godnatt og gjekk.

Dei spurte Karl Albert da han kom inn kva slag vêr Didrik var ute og fór i no.

– Å, det var ein revkrok berre. Ei forretning, rettare sagt.

Gamle Even sukka: – Sørgelig det skulde bli slik ein krokfant av 'n Didrik; han var da emna til noko anna han. No ser han aldri annan utveg enn krokvegen. Ja ja ja. Slik kan det gå. Herren har vel si meining med han òg.

– Ei merkelig meining! lo Karl Albert.

Even ser tunglyndt på han: – Du skulde ikkje flire til det orde. Og han Didrik, han har sine stunder han med. Eg har set han gret til ein vakker song. Ho Ragnhild veit om det ho.

Even hadde ått grannegaren til Didrik, nedre Stavsund. Dei kom i prosess om eit skogstykke først, og der vart det eit kostesamt forlik, og sia om [19] laksvalde, og der tapte Even. Dermed var han knekt; der fanns ikkje mynt eller makt der i garen lenger. Mange talde han til å gå lenger med saka, dei var visse på han vann, men Even vilde ha fred no. I knipa kjøpte Didrik garen av han, og så vart han husmann på Stranda her, under sin eigen gar. – Herren har vel si meining med det òg trøsta han seg. Didrik reiv ned husa på baa garane og bygde dem i hop, så det vart berre ein Stavsund-gar. Det bygde han seg forderva på, og sleit som ein træl med skyld og renter, spekulasjonar og prosessar. No var han reint snau, det visste nokon kvar.

Han kom i hug det der han gjekk, og var arg enda. Han snakka innvendig med seg sjøl: – Der sitt dei liksom dei såg Svarten i døra når du kjem. Og så den der gudfryktige kalldevelen: han sitt der og lest som han har tilgitt deg og glømt. Ja ja, han er no eit menneske lel han da. Og Karl Albert veit i alle fall at du har hovud for dykk baa, og viljen til å bruke det; han vart omvendt, gut! Det ordnar seg, det ordnar seg – det må ordne seg dette med 'n Håkon òg! Vona er venaste blommen det, småsyng han. Så lenge der er von er der liv, Didrik.

No såg han heim, det var ikkje mørkare. Uthusbygninga stod der i alle fall og vitna at her hadde 'n Didrik bygd. Den største og gildaste i bygda. Vent no, folk, her skal komma meir! Enno er 'n Didrik ovan torva.

Men i kveld var det ikkje som ein annan kveld. [20] Heile dagen hadde i grunnen vore noko særst for han. Lagnas-dagar kalla han slike: Der er noko uvanlig i vente, men syndaren veit ikkje om det er godt eller vondt, han vonar og han reddest. Det hadde teke så på han her i kveld at han rådde ikkje med seg sjøl. Han hadde trive til løgna! Det hadde han aldri gjort før, utanfor retten og dei ting. – Her går du og har gjort det, sa han. Kva kan du ikkje vente deg no – kva er det det varslar? Så lenge der er von er der liv, sant nok, sant nok, men kva er det det varslar? To gonger på rapp laug du.

For resten var det ikkje meir enn *ei* løgn, til sammen, for det var i same saka. Og sant skulde det bli, først han fekk områ seg litt, både dette om kåre og det om Fagernese. Det var berre så uhuglig det hadde hendt. Mest som einkvan vilde leie han ut i ulykka.

Tale kom frå fjøse. Ho var inn i kårstua eit par gonger. Didrik han var ikkje å sjå. Ho vart ille ved, ho måtte snakke med Ragnhild til slut.

– Enten har det gått han rettelig godt den her vendingen, eller så reint elendig. Etter som han aldri kjem. Det er like gale kva det er. At eit menneske kan plage seg slik til fånyttas som han gjer! Men rettno syner han seg, for no hørte eg vardøgre hans, – hørte ikkje du òg det kremta?

– Men han kom ikkje full i land, det såg eg, sa Ragnhild.

– Full nei? Nei gud styrke deg ban, full tør [21] han ikkje drikke seg. Til det er han for full av fark. *Du* kjenner han ikkje, må du komma i hug.

– Eg likar han no lel eg. Han er så openhjarta, eller kva eg skal kalle det.

– Det er han. Derfor blir du fri å sjå kva som bur i hjarte på han. Takk gu' du slepp, du.

I det same er han der. Han kjem inn millomdøra frå gangen og står i kjøkene med ullsteren på. – Ja der ser de, småler han: Når ein snakkar vakkert om ein viss mann, da er han ikkje langt unda. Og velkommen frå byen! legg han til.

– Ja sei det sjøl De, så slepp vi, svarar Ragnhild da Tale ikkje seier noko.

Han er blid og like til. Han kjem uventande nær dem med smilen sin. Samstundes kan dei merke han sjøl er langt unda.

– Du ser meg så glad ut, seier han til Ragnhild. Mest som du skulde ha venta

meg full og galen heim. Nei, det er som ho Tale seier, eller kven det er som seier det, eg tør ikkje drikke. Huff, ban, eg er så full av vondt, eg kunde forsnakke meg. Nei nei nei, Ragnhild, bli ikkje redd meg. *Du* veit eg er ikkje så svart som folk vil ha meg til; og takk og ære for det, Ragnhild!

Han hengte frå seg ullsteren i gangen, kom så inn att og fekk kaffe. Heile tida snakka han, fortalde om saka si og kor dunderande han tapte den, om kor han måtte tukte ned den og den, – skrivarsjæla hadde han gitt inn med hornskjeia! Tosken kjem der og vil gjera meg til idiot for gud [22] og alt folke, han forteler han skjønner ikkje eit ord av det eg har sagt, skjønner ikkje *noko*, forteler han. – Nei, seier eg, det der har eg merka i all dag; og andre har merka det same, seier eg. Det kosta meg 10 kroner i mulkt. – Det fell dyrt, gliste skrivaren. – Nei, trøstar eg han, så mykje var det verdt. Å ja ja, Ragnhild, den som skal ha retten sin, han lyt ha både tann og klo, takk gu' du ikkje skjønner noko av det. Og der er du Tale ja. Her ser du meg som tapar ein gong att.

– Så? Ho stanar og ser på han, og låtten flyg over andlete hennes. – Det skulde neimenn ingen sjå på deg. Du er så blank i auga at, som månen om laurdagskvelden.

Han såg på henne. Det var berre som snarast, men Ragnhild òg merka det, og Tale retta seg opp som ho hadde fått ein under øyra, og smiler hardt i mot han.

– Kor har du 'n Håkon? spør han Ragnhild.

– Oppi kvennhuse.

Didrik reiste seg, song litegrand med seg sjøl, kasta eit blick på Tale og gjekk ut. Det vart stilt i kjøkene etter han. Langt om lenge mumla Tale, ho gjorde seg i stand og skulde til fjøse for ålvor no:

– Den som kunde suge vondskap av alt som råkete ein. Slik han gjer. Men eg er like glad eg, sa guten. Så ler ho høgt: – Det må vera hard kost å ha ei kjerring som eg. Som aldri kan venne meg av med denne fliren min. Som aldri kan ta ålvore så [23] ålvorsamt som det skal takast. Lat meg heller ta kjørela mine, det kan eg.

Ho tok dem og gjekk. Arn, minstebarne hennes, var med og bar for henne. Han var i tolvårs-alderen, og hadde komme uventa til verda, som han sjøl sa. Han sa det han lysta, der fanns ikkje age i han, foreldra klaga seg at det beit ikkje tukt på han. Einast Ragnhild tagde han for, og når ho såg på han smilte han

brydd og vart raud; – med kvart smilte han vondt etter henne, svor liksom hemn over ein urett.

– Han far blir dykk for slug, let han da han fór utgjenom døra.

Da Ragnhild hadde vore inn og set til vesleguten sin og gjentungen som passa han, syntes ho det var ein utanfor kjøkenvindauge. Ho går ut og ser etter, ho likte ikkje uvissa, og heller ikkje at nokon fór og smeit kring veggene hoss ein. Der står Paul. Han står, så vidt er det, og han står stiv.

– Kva er det her for slag tull? sett ho i. Har du enno ikkje drege deg heim? He?

Der var ikkje svar i såla. Ho tok i han og rista. Han berre stirde på henne, skjønt ingen ting; så seig han i hop og låg skinnflat på våte vollen. Han babla noko om at ho skulde drepa han, gå etter øksa eller kva det var. Ho såg seg i kring, men der var ikkje ei hands hjelp i nærheita. Slik han no var skulde heller ingen sjå han. Tek ho så og reiser han opp, og halvt stør han og halvt ber han over tune og til stabbure, opp troppa og inn i gangen, opp andre troppa og inn på burslofte, der dei hadde [24] klæane sine hengande, – fy og fy kor sekk tung han var! Ho let han sige i hop på golve, trivla seg for og fann sledefellen, som ho breidde under han, tok så hundskinnspelsen hans Didrik og la over han. Så, no låg han bedre enn han hadde fortent. – Stakars tosk! sa ho og strauk han over panna, – kva er det som har fare i deg? Ho gjekk ned att.

Regne snerde kring andlete da ho fór inn. Langt uti have eller kor det var lynte det så det blakra gult og ødslig gjennom kvelden. Vårherre fekk ta vare på dem som var *der* ute. Ho kom i hug Håkon og kvennhuse, ho skulde ha hørt kva faren vilde der, Håkon var så reint for snild, eller for ung, og med kvart fór sinne i han så han var farlig, særlig for seg sjøl; men først måtte ho inn og ha i stand kveldsgrauten. Men kva var det som plaga Paul, han drakk som merra blind, gong for gong? Det fekk vera kva det vilde, berre mor hans, gamle kroken, visste kor han var.

Da grauten var ferdig, bad ho barnegjenta ause han opp og slå mjølk i koppane, og så sprang ho til kvennhuse, vilde be karane komma inn til kvelds. Sjøl veit kva dei hadde for seg no.

Ho møtte lyse frå døra som stod opi. Der såg ho dem bae, og dei var i eit

samsnakk så ålvorsamt at ho stana. Dei måtte få lette hjarta sine no, gud veit om det ikkje trongs.

Ho steig til sides unda lysskrima. Gamle kvennhusløkta lyste så godt ho kunde; ho var ikkje ulik [25] til ho hadde lyst på mangt i si tid. Ragnhlid både såg dem og hørte dem, kvennduren nøydde dem til å snakke høgt. Ho stod der, for desse to kom henne ved, dei hørte henne til så det sveid i henne.

Didrik hadde fått Håkon fram i døra så han kunde bli skikkelig hørt. No tok han i trøyekragen på han og tala høgt og bedande, – da hadde Didrik eit mål som dei ikkje hørte elles.

– Ja men hør no her, tok han opp att: Fossen er din som han har vore, eg får berre retten til å bruke vatne når du har brukt det, *nedanfor*, skjønner du, nedpå Stranda! Lite grand må eg ha å bale med, det unner du meg, ikkje sant? Kva er eit menneske utan framtida? *Du* skjønner meg; du har skjønna meg meir enn nokon annan har gjort. Tak og anna kom larmen frå vasshjule eller kvenna og tok bort både ord og meining for henne; så slo måle hans ned på henne att. Ho hørte han tala om kåre, at der fanns ikkje meining i det – han trong pengar, kontant, – nedpå Stranda skulde han bu, han hadde alt *kjøpt* – han tala om framtida igjen, og enda meir høgmælt, han ropa mest: – Eg vil tene pengar så eg ikkje fell deg til byrde – det skal komma ein dag at du ikkje skjemmest av far din! Du, Håkon, du gjer ikkje den synda at du står meg i mot!

Håkon tier som veggen. Halvt tungsint, halvt like sæl; ho undres om han har hørt det faren sa. Didrik tek han i armen og ruggar:

– Du skal svara meg!

[26] Da ser Håkon opp og beint i auga på faren.

– Nei gu om eg gjer! sa han.

Ragnhild kunde ikkje trudd det var Håkon som hadde det måle, og ikkje dei auga heller. Ho vilde stige fram i lyse, ho visste ikkje om ho var mest huga til å riste han så han svara far sin, eller til å takke han for det han stod der slik. Men Didrik tok i på nytt:

– Du hatar meg da ikkje, Håkon? Ikkje du lei, om alle dei andre gjer det. Og deg, deg Håkon, som eg har halde så av – du har vore helvete mitt, har du, alt anna er berre småting. Han snakka seg opp i gråten, men orda hørte ho ikkje lenger, ho såg berre på Håkon. Han var ulik alle andre der han stod; smilen hans

likna ingen annan smil ho hadde set. Kva var det han tenkte på? Kva var det han visste, alt i hop? Ho såg med ho stod der, at det er både synd og straff å vita for mykje. Kunnskapstree er eit farlig tre, i det har mang ein arming hengt seg. Som ho Tale sa: – Folk er dei mest hjelpelause av alle fe på jorda.

Da hørte ho måle til Didrik: – Jaså, Håkon, du seier nei. Da skal du bli ulykkelig.

Ho steig fram, for no måtte dei ikkje få seie einannan fleire ord. Men Håkon sa det før han vart vår henne:

– Gå sytten i vald med bråke ditt. Den vegen ber det kor som er. Gå vekk, eller så –

– Kom heller inn og få mat, sa Ragnhild.

– No kjem du som ein engel! sette Didrik i. [27] Ja for du lyt hjelpe meg, Ragnhild, eg er busliten mann får eg ikkje hjelp av 'n Håkon, og han er steins umulig i mot meg. Ja, det er ikkje hjelp eg bed om, eg skal hjelpe meg sjøl, det er just det – hør no på meg, eg legg korta på borde med ein gong. Og så fortalde han på nytt at han hadde kjøpt Stranda av Karl Albert og skulde i gang med ein fabrikk der nede, at han måtte ha retten til vatne nedanfor bruke her og at han visste noko spilder nytt – hadde *dei* hørt snakk om turbinrøyr? Han visste dei fortalde ikkje dette før tida kom. Ja, og så skulde dei løyse inn kåre hans med kontantar, elles barka det til avgrunns med han. – Eg skal vera billig med dykk, sa han, hør no på meg no, og tenk på det eg seier!

Ragnhild stod heile tida og saup etter anda, for no var Håkon bleik, og i neste augeblinken kunde her skje einkvart gale. Og da ho møtte auga til Håkon, las ho tydelig i dem at han var redd sjøl òg. Han var redd han kom i skade for far sin snart. Ho såg det kunde skje; han var ikkje sterkare.

Håkon hadde slege av vatne og tok løkta og gjekk, dei fekk stå der med dei lysta. Ho hørte han murra ei stygg banning da han gjekk framom faren, han bad visst develen hente den som hørte han til. Ho flytta værfare over dørstokken så ho kunde stenge døra. Så gjekk dei etter løktskine. Didrik tala og la ut for henne, i denne låge tonen som var så innpå-liggande: han var ein gammal mann som var både jaga og plaga, han hadde slutta å vente [28] seg retten sin, no hadde han berre denne her litle vona att, så han slapp å døy som ein vanæra stakar. Han la andsvare på henne no. Og bad henne enno ein gong om å tie med planane hans til

tida kom.

Ragnhild svara ikkje. Ho kjente ho måtte hjelpe værfaren, alt ho kunde, og hjelpe Håkon med, den eine mot den andre; men der var ikkje ord å finne når Didrik snakka, særlig når Håkon gjekk der og tagde som han gjorde. Det var ein umulig kveld, – og den som kom så fint! Det beit henne, for ho var ikkje vant med å halde nokon ting umulig. Her gjekk Didrik og vilde ødelegge alt som Håkon hadde gledd seg til. Og Håkon?

Det regnte ikkje meir. Mørkre var mjukt og stilt kring dem, og så tett at det gjorde Stavsundgaren til det einaste i verda. Slik skulde det vera òg, tykte ho, men ho lengta etter lys dag.

Dei hadde berre eitt hushald enda, og åt i kjøkene, for det var stort som ei stue. Husromme var litt knapt for to huslydar, Didrik hadde rett i det, – ja, dei var i grunnen tre, for Gammalfaster og tausa hennes hadde ein trefire rom ovanpå.

Didrik sa sjelden noko med han fekk seg mat, det var da han tenkte som hardast, men i kveld snakka han om mangt og mykje, lo og fortalde. Kvinnfolka såg på einannan takomtil og undrast. Håkon hørte ikkje etter. I kveld var det han som tenkte.

Etter maten gjekk Didrik ut i kårstua som elles. [29] Det var ei trivelig lita stue, men der var reint for trangt, ein gjekk seg på stol eller bord om der var aldri så lyst. I kveld var der slett ikkje verande. Ikkje skulde han vera der heller. Han gjekk opp på lofte åt Gammalfaster, som var blind og låg til sengs. – Eg må i kne for Kvitugla no da, sukka han, så langt ned bar det med meg. Det går det som må gå. Han hadde ein liten pakke i handa.

Gamla var snart hundre år. Blind hadde ho lenge vore, og var så utlevd og mager ho var ikkje godtil å reise på seg. Men elles låg ho der oppå lofte sitt og var med i mesteparten av det som gjekk for seg på garen og litt av kvart borti bygda òg. Ho var garmannsenke, hadde vore gift som snarast og var barnlaus, men ho hadde fått alt som var etter mannen sin og hadde ein huglig slump pengar i banken. Husvære her betalte ho for, men elles heldt ho si eiga taus og sitt eige hushald. Folk hadde hørt at Didrik skulde ha det som vart etter henne, for ho var faster hans og hadde ikkje nærmare skyldfolk. Tausa, Indiana Nybom, hadde ho

lova *ein nett skilling* så framt ho røkta henne skikkelig til det siste og elles stelte seg som eit kristenmenneske.

– Eg flytta lykka til gars eg, pla gamla seie. Her såg ikkje fyst ut, meg for utan. No utetter hausten hadde ho vore meir enn vanlig vesal, dei trudde ikkje ho kunde ha så lenge att. Ho sa det sjøl òg: – Det er berre reklingane att av meg; rettno må jorda ha det litle som er, skal ho ha noko av meg. *Kvitugla* kalla Didrik henne.

[30] Det gjekk eit lite grin over det gule andlete da Didrik helsa. Fingrane trivla og plukka på åklæe.

– Jaså. Er det du som kjem luskande, sa ho. Måle var så sprukke det hang mest ikkje i hop. – Er det Nybomma di du ser etter?

Han lest som han ikkje hørte det, han gjekk fram til senga og sette seg og spurte korles det stod til med faster.

– Å. Gi deg no berre tida urlite! bad ho. No skal eg snart vera unda vegen her. Og det vesle som finns etter meg – – det får du alltid gjort ende på. Ja-a gu'!

– Sjå her, faster, her kjem eg med eit grand bygodt åt Dykk. De må ikkje forsmå om det er lite.

– Åt meg? He? Måle brast for henne.

– Sjå her no, faster! Han stakk papirtuten borti fingrane på henne.

Gamla tok til seg handa. – Kva skal eg sjå med! sutra ho. Sia gliste ho og lo, utan lyd, ho synte berre tannkjøte og dei to lange framtennene som var att. Så sa ho: – Ho Indiana er i kjøkene. Om du veit kor det er. Å jau gu, eg veit kven du er ute etter; eg har ledd til lurlabbane dine mang ein gong. Du er ein gammal Mons er du. Men eg held ikkje med deg. Eg skal ringe etter henne. Ho famla og fann saubjølla på borde, den ho ropa på tausa med.

Didrik la handa over bjølla og bad for seg: Det er til Dykk, hører De! Kjenn her no.

Da kvinka ho som eit litebarn: – Kan ikkje ta i mot det. Eg kan ikkje *forskyld* deg det. Men [31] lysten på søtt vart henne for mektig, ho stakk eit stykke sukkerty i munnen. Ho smatta og smått sutra: – Hm! Hæ! Og eg som ikkje har noko å gi deg att! Hæ! så forlivande i munnen du! Livsalig. Bedre enn både altergang og bryllop.

Best det var hadde ho klokka i handa og ringte så heile huse hørte det. Igjen sat glisen henne i leppene; jamvel auga lo, så kvitblinde dei var. Indiana kom settande. Ho var i 30-åra, og rund og truverdig så golvfjølene dissa der ho kom. Andlete var enda meir raudlett enn elles, litt meir blidt og trivelig. Håre stod i ein lys flur kring hovude, der var ikkje skikk å få på det.

– Sjå her! hikra gamla. Det her har 'n Didrik gitt meg i bygave, er 'n ikkje bra snild? Meg tenker han på. Her, ta deg eitt, – ho tok eit stykke med kloa og retta henne, og gjenta måtte ta i mot. Ho såg litt langvore på Didrik, som blunka til henne, og gjekk så ut att. – Der fekk ho søtt i munnen sin! knegga gamla.

Didrik tok til å snakke, for no var faster i godlag. Han fortalde det eine etter det andre, om kor folk var vonde og vilde inn på ein, dei unte ein ikkje æra, dei unte ein ikkje live! Ein burde ha skapt seg vond i mot dem.

Ja, meinte ho; det skulde han ha gjort for lenge sia. Men: lite grand hadde han da gitt dem att, somtid?

Han fortalde dette med skrivaren.

Da riksa ho og lo så ho mista det ho hadde i munnen.

[32] Men da han kom dit at no laut han gå fram med saka si, da var der ikkje ord i henne lenger. Og da han nemnte det nye, store tiltake sitt, fabrikk nedpå Stranda, da låg ho berre og kravsa og plukka på åklæe, ho glømte enda å suge.

– Og det veit eg, sa han, at bed eg Dykk, faster –

– Nei! Nei! kvæste ho. Du skal ikkje be meg!

– Ja men faster, De har da lovt meg, verkelig lovt meg – –

– Kvitugla, skal du seie!

– De vil da ikkje det skal bera utover bakken med både meg og garen her?

– Gu' om eg det vil nei! Ne-hei gu'!

– Eg har spara og slite all min dag, dei kallar meg gniar og meir til.

– Gud signe deg for det. Og det gjer han. Gu' gjer han så ja!

– Ja De veit korles det står til. Får eg ikkje hjelp no – – ja De vil tyne meg De?

– Nei så gu'! Nei det kan dei andre gjera. Da blir du martyr; det er derfor eg er så glad i deg.

– Eg må ha retten min, retten min! sette han i. Det kom så frå hjarte på han at ho verkelig hørte det. Han sveitta, og det gjorde han aldri utan han var *for*

hardt plaga.

Ho snudde auga mot han og fresta å sjå han. Endelig sa ho, og da var ho redd:
– Lat meg få tenke meg om, Didrik. Eg er for gammal no. Du ser kva som er att av meg. Eg vil i jorda først; eg [33] er snart ferdig. Gi deg tida og vent. Eg skal ønske deg alt godt – – det er meir enn pengar det.

– Nei, eg tenkte berre på ei lita snarhjelp. Var testamente i stand, så eg kunde syne det for truverdige menn, da fekk eg lett nok låne dei kronene eg treng. Sia kunde De forandre det så mykje De lysta; *eg* var ovanpå ein gong att. Da kunde eg snart skaffe meg rett, der eg har rett. De må vel vita, om ingen annan veit det, korles det er for eit menneske å sjå retten sin og ikkje få han.

– Testamente ja. Eg visste prisen på bygodte ditt. Hæ–hæ–hæ! Du er for dum. For openhjarta; dei ranar deg alle som vil. Testamente forandrast ja. Det måtte bli før du gav meg av rev-åte ditt det. Men no vil eg sova. Lid ut i veka litt, skal vi sjå. Om eg da lever så lenge. God natt da! Det *er* natta no? He?

– God natt ja, sa Didrik og reiste seg. – Eg slepper no ikkje trua på Dykk lel eg.

– Gud signe deg for det. Og *det* gjer han. Ja-a gu'! Gå no ned til kona di. Som eit anna menneske!

Eg er visst ikkje eit anna menneske lenger, tenkte Didrik. Så den vegen tok han ikkje for det første. Han stilte seg innerter loftsgangen, til bortaste døra; der var kjøkene til gamla. Der sat Indiana.

– Ja ja, sukka han da han såg ho var furti. Bygodte måtte eg ut med til Kvitugla. Du skal få ditt, du kjenner meg så pass. Men det verste er, [34] at like nær er eg. Hadde eg ikkje deg no, Nybomma mi, da gjekk eg på kalde sjøen. Han la handa på hovude hennes. – Du, ser du, du er freden min og trøsta mi. Du er ein ven i fiendeland.

Han fresta å komma henne nærmare, men ho heldt han unda. – Fekk du ikkje nokon lovna av henne? spurte ho.

– Å nei san. Nei det blir du som må hjelpe meg der. Om du så må true henne litt, så skal du få henne til å ordne testamente. Ho er lettskræmt såla. Og da, ser du, da skal vi to sitte i vårt eige hus nedpå Stranda, det skal bli bygave det. For kjerringhelvete mitt, det flyttar aldri her frå huse; – du flyttar med meg som

taus. Når eg så er i kista, da er huse der nede ditt. Men først må eg ha ein liten solskinnskveld, som sagt, i freden og retten. Herre gud kor eg stundar!

– Du vart visst ikkje større nøgd med meg heller, du? smilte ho.

– Nøgd? undrast han. Du veit ikkje kva som ligg i det orde, ban.

– Kunde det berre bli ein gong! sukka ho.

– Blir vel aldri det, kanskje. Kan aldri tru verda vil meg så vel. Men du er meg tru. Det vil seie, du er meg utru så snart det høver. Vonsviki er du òg – eg såg just 'n Paul her i kveld. Men kva er han mot meg?

– Py, han? Det sauskinne! Går og dreg seg som ein katt etter ungekona her, eg vil ikkje seie meg heller! Og så finns der ikkje tiltak i han.

[35] – Nå, eg såg ho Beate i kveld. Ho veit der er tiltak i han.

– Nei, far, det er 'n Karl Albert sjøl som har vore fram der. Den bokken.

– Han Paul har alt tilstått det. Eg veit alt eg, ser du. Det er med gjentene som med fyrstikkene, har dei vore tendt så er dei brent – ja ja ja san. Vi to, vi ser meir enn andre. Vi skal få oss ein trivelig heim, og meir til. He! Jamenn er du ei mordfin gjente. Eg er mest uverdige. Men kva var du utan meg? Du kan linde Kvitugla kring –

I det same ringte det, og Indiana fór opp, ut gjennom romme sitt og til gamla. Didrik lurte seg bortetter loftsgangen og til troppa. Da han var utom døra til Gammalfaster hørte han måle hennes, det riksa så hjelpelaust:

– Du må vera snild, Indiana!

Ja gud skje takk for Indiana! Hadde han ikkje henne no, da såg verda svart ut. Verda stirde inn til han gjennom glase der borte, ho visste ikkje kva von var. Men han åtte von. Han kjente seg som vona sjøl for heile huse, for heile framtida åt dem som sov her.

Ragnhild tenkte noko liknande i same stunda, ho låg vaken og hørte han kom stiltrande ned troppa. – Kva han no strid med og tullar seg borti, eg kan ikkje anna enn halde med han; for han meiner det så vel. Ho fresta å tenke ut einkvart som kunde vera til hjelp, så han og Håkon forliktest og gjekk i lag til verke sitt. Ho tenkte ut mangt, [36] men ho stana ved det til slut, at einkvart skjer der som syner ein det rettaste. Bakom alt anna stod Vårherre. Fekk han bruk for henne, så fann han henne.

Håkon sov. Stilt men tungt, ho syntes Herren sjøl la handa si på panna hans og let han sova. Ein miskunnsam sømn for han. For den einaste ho visste fortente det. Ute var der stille store mørkre. Regndropane pikka på ruta til henne, liksom kjenningar som visste om henne; eller som ei høgare makt som vilde minne henne om seg.

Det vart så underlig å vita: under take her budde den og den, ei heil ulykke med folk. Kva kunde her ikkje skje? Hit hadde *ho* komme. God natt da, alle i hop, dårar og kloke menneske, de er alle like, amen!

II.

[37] Morgonen etter var Ragnhild først oppe, den dagen som dei andre. Trøytt var ho så det knaka i henne, det kjentes som senga vilde ta henne til slave på livstida, men innunder trøyttten var ho frisk og lett og kunde ikkje tenke seg å sova lenger.

Ute møtte der henne klåre vêre. Natta hadde teke sitt og gått. Visst var himmelen mørk enda, og stjernene syntes, enno var der langt aust til lysdagen; men det var himmelen som rådde. Han var så høgt over alle fjella og så vidt over alt ein såg, med djupblå farge og med ubotnelige fargeløysa, og etter kvart med slike høgfine leter lengst i aust. Han lova lys og dag. Han vart til dagen sjøl når ein såg vel på han. Ho hadde set havhimmelen ein gong, i all si vidd, med vatr-skyer all vegen, frå vest til aust, frå sør til nord, og heile den himmelvidda var på vandring! Kva har ein ikkje set, song det i henne. Og no såg ho dagen for seg slik han kom til å bli, frå det næraste nære til det auga ikkje kan nå. Så god ein gave at mest ingen merkar han.

Ja vel, men korles stod der til på burslofte? Han fekk ha seg ned derifrå med all som først no, – det vart rettast ho såg dit. Ho gjorde det, da ho hadde kasta litt fôr for hestane.

[38] Han var der, men det var ikkje lyd i han. Ho tok bortpå andlete hans, og det var uhuglig kaldt. Da hiksta ho til:– Du er ikkje dau lel? He?

Nei gut, der var liv i han. Ho ruska hardt i han, og kviskra:– Gud velsigne deg at du lever, men ha deg opp no, hører du! Opp! – og opp reiste ho han. Han svangla og vilde over ende att, men ho bad han bli ståande og da lydte han

henne. Da merka ho han hadde kasta opp, både på golve og på seg sjøl. – Fysj skamme deg, din grisgut! sette ho i. – No er du i bypuss no, det er du! Korles er det du fer med deg sjøl?

Han prøvde å svara, så godt han var godtil, nemnte bryllope hennes og at den gongen vart han vigd til ulykka han, hadde like vel svore å leva som eit menneske, som ein kar, skulde aldri smake sterkt meir, aldri sjå etter ei anna gjente, – til eit minne om deg! sa han og retta seg opp.

– Huff kor du tullar no! Og så må du gå før folk ser deg. Berre ikkje 'n Håkon alt er oppe, eg tykte eg hørte noko?

Men han stod, og ho vart ståande.

– Og no er eg utskjemt for deg og for all bygda, jamrast han. Ho Beate. Snakka med henne i gårkveld. Ho er jordsvart ho. Ho legg meg ut for barn-far. Enda vi veit det alle i hop at det er 'n Karl Albert. Det var 'n Didrik som skjenkte meg full og narra meg til henne den gongen; han trudde eg fór etter a Indiana. Karl Albert og han dei arbeidde i hop, eg ser det no; eg ser all ting no. Og [39] eg drakk. Og på lofte bar det med meg. For eg hadde hørt måle ditt den kvelden, du snakka til 'n Håkon, eg var like glad med kva eg gjorde. Det er eg enno.

Ragnhild glømte han skulde ned frå lofte, ho glømte enda kaffen ho hadde svinga på. Ho tagde og hørte på han, med take i trøyekragen hans.

– Men at eg kunde fara slik! sa han og skar tenner. – Eg?

– Ja ikkje som eg skjønner det. Eg kan i alle fall ikkje tilgi deg det.

– Ikkje eg sjøl heller. Eg var full. Eg var ein tosk!

– Ja hystj da! det veit vi før. Ingen ventar seg anna av dykk heller. He! de er nokre krakar. Litt sorg eller slikt, og så er det stups ut i brennvine, og så enda lenger ut. Så ligg de der. Så ligg de der og kvinkar.

– Ikkje 'n Håkon lel, sa han spakt.

– Nei det var no vel! – ti still og kom deg ned! Kom deg vekk så ingen ser deg, eg vil ikkje vita av deg kring veggene her.

Håkon ja, fór det i henne. Han skapar seg sorga sjøl han; av lite eller ingenting. Men han ber henne. Ber henne reint for lett, utan ei hands hjelp.

Paul sa ikkje meir; han føta seg fram til troppa og kraup ned.

Ho stod i glase og såg han luska om uthus-nova. Det fór til og lysna austover,

der landvinden kom ifrå, ein skulde mest tru det var han som rulla opp [40] mørkre og skyssa det til havs. Ja visst hadde ho drømt det òg, kom ho i hug med ho gjekk inn, at Paul skulde ho hjelpe storveges når tida kom. Ho skulde kjøpe ei makelaus fele til han. Tida kom aldri. Ho laut le kvar gong ho mintes det, enda det var vondt å le til slikt: Paul hadde òg havt slik ein dyrverdig draum, forutan spelmannsdraumen sin, han hadde drømt seg han var klokkar og stod i kordøra i svart frakke og med gullbriller og song *Zions vægter høever røsten*. Synge kunde han, den tida dei gjætte i lag, bedre enn han spela, men herre gud rett for ein draum. Gi ikkje ein dum ein draumar, gi ikkje bakarbarne brød.

For resten, – ho fór bort og tok kjelen, for no kom han–, om det var ho som rådde for det, så vilde ho ikkje ta draumen frå nokon ein, finn heller på einkvart anna vondt å gjera dem. – – Eit fe som kan snakke er det elles inga sak for. Den som ikkje det kan, slik ein som 'n Håkon, den kjem ein til å halde av så reint for mykje. Reint for mykje.

Men no stod ho her og vov att! Det var ein uvane som hang ved henne, og verst var det om morgonen, før dei andre kom opp, friskaste godvêrsmorgonen kunde ho stå slik. Ja ja. I dag var det no ein dag for seg. Det var dagen etter i gårkveld. Ho lya litt, gjekk så bort til vesle spegelen i vindaugsposten, tok av seg ein sotfleck og retta litt på håre, strauk eit par gonger nedetter seg. For no kom Håkon.

[41] Han var ikkje søvnig, det var han aldri, han gjeispa berre litt for skikks skyld. Ho snudde seg i mot han, smilte ikkje og helsa ikkje, dei hadde ikkje den skikken, ho fresta å seie det med auga, god morgon eller noko slikt, om han da brydde seg om å sjå det.

– Snild som ikkje vekte ungen for meg, sa ho.

Han gjekk åt vaskarfate før han ansa kaffen. Dei sat på kvar si side av kjøkenborde og drakk kaffen, og rett som det var såg den eine på den andre, ein blunk, i dag som ein annan dag. Men auga hans veik unda for hennes, om dei møttes. Det var merkelig kor det drygde før Tale kom i dag. No reiste han seg, rettno gjekk han til stallen. Stilla stod som ein fiende millom dem, reint levande. Ragnhild vart heitare etter kvart. Ho fekk ei darring i seg, halvt lykke og halvt angst, for no måtte ho *snakke* med han.

Ho snakka om slaktinga, og ho snakka om bakinga, og han svara, det vanta

ikkje det, men ho syntes han tagde like vel, at han gjorde seg til eitt med fienden i kring dem. Dette fann ho seg ikkje i, slett ikkje heller, ne-hei gu'! som Gammalfaster sa. Det måtte gå an å snakke her i garen òg, der det vart så mykje snakka. Ho lo:

– Du står som 'n Tore Fortenkt, som gjorde barne for blautt!

Han såg forundra på henne.

– Og her i sta, sa ho, da såg eg ein som ikkje var frakare. Ja du veit ikkje vi har havt frammandfolk [42] på burslofte i natt? Jau da, han Paul har sove av seg fylla der. Eg fann han utom veggen i gårkveld, så skjenkt som ein skipper, og så visste eg ikkje anna råd, eg fekk han dit og breidde han ned. Så var eg der og jaga han, no her; da var han ikkje mange merkerne. Eg tykte mest du burde vita om det. Like vel.

– Jaså.

Kva han meinte med det orde visste ho ikkje for vel. Han såg ikkje opp.

– Ja eg vil du skal vera like blid for det, Håkon. Du er ikkje den at du misstenker meg for noko slag hop-hav med han. Ikkje får du vera så liten heller, at du tek deg nær av om eg tykkjer litt synd i han. Kom i hug vi er foreldrelausingar å kalle både han og eg, fattigungar forutan far. Du veit kanskje kva han har vorte narra borti nedpå Stranda?

– Hm! Kan hende eg har hørt i det. Men, sette han i, – lat *meg* ha fred, det varsku eg deg om!

– Langt ifrå, du får ingen fred. Nei, Håkon.

Han såg vilt rasande på henne. Auga hans synte henne det eine etter det andre som kunde ha jaga henne der ifrå. Det var ei lang og uhuglig stund. Endelig veik auga hans. Han stod eit tak og stirde i golve. Ho står og ventar. Best det er, ser han opp på henne att, beint i auga på henne. No var hans reint hjelpelause. Andlete bevra i angst. Da skjedde der som eit under. Han vart eit anna menneske, han såg lysare og frimodigare på henne enn han hadde gjort nokon gong før. Det rørtes oppi eine [43] augebruna på han, det vart ein liten lått, – og mindre kan ikkje eit menneske le, tenker ho.

– Eg såg i snerten på han da han fór om nova her, sa han.

Ho gjorde store auga.

– Ja, sa han, og no lo han verkeleg: Det let seg ikkje løynast det som vil fram.

– Nei det lyt eg komma i hug, skjønner eg. Ho var så lykkelig ho kunde ha daska til han med filla ho hadde i handa. Før ho visste ord av hadde ho gjort det.

– Eg skal aldri kike meir, lova han, og no laut han til hestane.

I det same kom Tale òg. – He? flirte ho, står de og viser tenner åt einannan! Å ja ja, det er ein ampe med slik ein ektefall. Men det har hendt seg dei fekk folk av slikt òg.

Einkvart i den vegen sa ho ofte, men ho lo på ein annan måte i dag, ho kom Ragnhild mykje nærare. For resten såg ho ut som ho skulde vera nattvakande. Så seier ho og sett hendene i sida og ser på Ragnhild, så langt ifrå vise sitt:

– Nei sannelig var 'n Håkon mann i gåreftas, reint ein *mannsperson*; det skjønner eg på min mann det. Berre du ikkje får folk av han så er det bra, – du er ei gullhøne å ha i garen, det ser eg no. Og jamenn trengs du! Om det så er 'n Didrik så har han eit slag age for deg. Eg trur det mest ikkje. Lat meg seie det, med eg held på og vasar: Eg trudde det slett ikkje da du kom her. Du såg ikkje [44] skilna på ekteskap og ekteseng, av det folkslage var du, kva skulde du her? Vakker ja, som ein skulde sjå deg i ein draum i barndommen, men herre gud!

Ho snudde seg tvert åt benken og tok fram einkvart.

Ragnhild vart eldande raud. Ho hadde venta alt anna av Tale. Og da Tale stod ved døra og skulde åt fjøse, sa ho, det kunde ikkje vante stort på ho gret:

– Kva sa eg ikkje den gongen 'n Håkon skulde komma til. Den ungen nektar eg live, sa eg; slik såg det ut for meg alt den tida. Det var heller ein annan eg burde ha nekta live. Å ja, skit, det går vel eit liv om senn. Her er ikkje reint kolsvart no lenger. Men *skal* eg ikkje åt fjøse? No legg eg i veg! sa snilen. Der med fór ho.

At dette var Tale kunde ikkje Ragnhild få til. Det kom over henne at no først hadde ho flytta hit i garen, no først skulde ho ta til. Ho arbeidde like fort om ho tenkte, og fortare etter kvart som tankane tok henne. Dei sette inn på henne så ho lite visste kor ho var. Så var det ikkje tankar lenger, dei rann ut i minne, ein levande stim av minne og billete. Det var ikkje stort mindre enn heile live som levna opp for henne; ho såg det og ho levde det, i lysinga av ein still og klår dag.

Nokon far hadde ho aldri havt. Han skulde vera ein storskipper og kom hit frå

sjølve have, [45] han hadde forlist her utanfor, og vart gåande i bygda og vente på skip som tok han med sørover. Han heitte einkvart på R, og derfor vart ho døypt Ragnhild, hadde dei fortalt henne; mora nemnte ingen ting om det. *Ho* var utskjemt, – han skulde vera gift mann dess meir. Enda var det dei som vilde ha henne, og utrulig bra folk, men ho sa nei. Ho fekk pengar sendande, og kjøpte seg ei stue; gjekk så på arbeid hoss folk eller tok heim arbeid. Eit rundrygga og blidt kvinnfolk, slik såg ho henne no; men framom alt var ho mor hennes, eit hellig menneske. No var ho i jorda. Ragnhild hadde set døden før ho var åtte år.

Ho kom til Stavsund og var gjætlegjente, nedi garen hoss Even. Ho var like glad med kor dei gjorde av henne. Men Even og kona hans vart foreldra hennes med ho var der; dei òg vart hellige menneske for henne. No mintes ho berre det som var stort og vakkert frå den tida, men det var no òg det meste. Slik song kubjølla i skogen, godvêrskveldane, slik hørtes gauken når han gol første gongen om våren; no såg ho solmorgonen over fjelle, og kvite sauene som hadde natta over der oppunder høgste pynten. Så var der eit anna liv, langt bortom *desse* draumane. Det var eventyra ho las. Det var Paul som stal med seg bøkene til henne, han gjætte i Valvika og buskapane deira kom ofte i lag. Han var klokkaren, skulde bli, og ho madamen hans, kanskje? Ho skuva han i bekken ein gong berre for det han var så alt for [46] snild. Som ho trega seg! Og som ho lo! For noko så vått og rådlaut – –

Så er ho uti ville marka ein dagen, oppå ein haug: ho hadde ei fyrstikke, og så kunde ho ikkje styre seg – ja ho *tenkte* ho skulde ikkje vera dum no, men straks etter var det gjort, marka var så for stor og vid kring henne, og der til fekk ho ein urimelig hug til å gi tegn åt folk på andre sida fjorden, kva slag ungar var det som gjætte der tru? Ho hadde ripa i stikka og sett eld på ein tør-einer. Elden tok råda frå henne, han tok lyng og han tok byskje, let seg ikkje mane eller stane, ho ropa og ho slo, ho bar på vatn i treskone sine. Da kastar ho seg ned attmed ein stein og bed åt Vakkermannen, ho var 10 år den sommaren: – Du *skal* hjelpe meg, hører du! Gret gjorde ho ikkje, det såg ho no, hadde visst ikkje gjort det sia mora vart teki frå henne. Ho ropa og bad. Og hjelpa kom: tora slo over fjelle, og litt etter kom regne høljande. Ho undrast ikkje over det den gongen.

Sia ein gong låg Beret, husmora hennes, og var sjuk. Ho såg dei venta døden. Og på Even såg ho at den måtte ikkje få komma. Aldri glømte ho andlete til Even,

slik det da var. Lenge streid ho i mot, men så gjorde ho det, ho gjekk åt fjøse og kasta seg ned og bad. Ho bad Gud sjå 'n Even der han gjekk, og tenke etter kor snild ho Beret hadde vore, ho skjemdest for Guds auga, men dess hardare bad ho. – Nei eg veit da eg har ikkje tru nok, [47] men du får ikkje bry deg om det, du hjelper lel du, den her einaste gongen! Da ho vakna morgonen etter, var Beret over det verste. Slik var ein den tida. No levde ein i eit anna land, ho visste ikkje rettare ord for det.

Så måtte Even gå frå garen, og ho kom andre stader. Og åra dei gjekk. Ting for ting tok henne med undring, men ho lærte seg det var best å vente, for så kom svare ein gong; eller så kom det ikkje, for det fanns ikkje, – det går på den måten òg. Straks ho hadde presthanda av seg laut ho tene for full taus. Ho tente hoss ein mann ei tid, han var *vond*. Seige sengliggande vondskapen, så ingen vilde vera der. Gjekk gjorde det. Kan ein seie. Som han sa nordlendingen, den dagen han hadde vore kirkeklokkar:– Da eg kom midt uti Fadervår, der kom eg utor. Da tenkte eg: skit! og så sa eg amen. Og *det* gjekk!

Og heile tida hadde ho havt den vona og vissa i seg, at ho trongs der ho kom. Ho tykte ho visste meir om kva von er enn alle ho møtte. Snildt folk, og rart folk, storparten av dem, men dei var så hjartelig sløkt. Knappt at der var lengt i dem ein gong, eller lengten sat i dem som ei pine og ikkje som ei lykke – ho såg seg sjøl gå dem til møtes med auga blå av voner og lengt, så dei stana og steig til sides. Ho skjemdest ved det no, men slik hadde ho virkelig vore, at ho sa inne hoss seg sjøl, eller song det, rettare sagt: Nei hjarte og den ting, det vil [48] eg berge med meg! Og så hørte ho noko av ein gammal song eller kva det var, ein stubb som var hennes: – Eg finn meg vel ein stad eit himmerik!

Slik var det ho møtte Håkon. Merkelig: Han hadde set henne heile tida, men ho ikkje han. Til ho møtte auga hans. Han hadde dansa med henne. Da såg ho at der var dei auga ho hadde venta på. Ho vart ikkje forundra, større, vart visst ikkje så mykje som heit. Det var Paul som spela, og ho gledde seg over kor godt han gjorde det, kor djupt han gjekk, han rørte botnen i folk, og sjøl veit om ho ikkje den kvelden òg hadde drømt om å gi han fela. Ho kjente seg som søster hans; ho gjorde det enno; ho vart forføld når ho merka kor mange ho kjente seg som søster til. Men frå denne stunda vart det langt millom henne og dem. Det var Håkon *ho* skulde gå til.

Ho venta rolig til han bad henne komma. Da først mintes ho korles tilstande var i heimen hans. Foreldra kunde ikkje forlikast, somme la skylda på den eine og somme på den andre. Didrik låg i krangel og prosess med både den og den, og Tale var ein kaldfisk som ikkje hadde snakk med anna folk, dei visste ikkje sist dei såg henne ved kirka, mannen skulde til med vera henne utru, og det hånflirte ho til; arbeidsfolk trivdes der ikkje, og eldste sonen, han Johannes, fór lukt til Amerika, så forhatig var han på faren. Det verste var at no vilde Håkon same vegen, utan amerikafeber.

Det første ho gjorde, det var rart å tenke på det [49] enno: ho fór dit og snakka med Didrik. Ho sa han at utan Håkon fekk garen flytta ikkje ho dit. Garen brydde ho seg elles ikkje så hardt om, ein gar er ingen helligdom, men for Håkon skulde det vera heimen og litt meir. Og det rare gjekk for seg, mest som ei høgare makt umaka seg og hjelpte til, at Didrik var berre solskine og godlåta. Han gret enda, lite grand: Han var så lei for det Johannes reiste, og tilstod at skylda var hans eiga. – Eg er så rangt ihopsett, sa han, eg skal ha rett og rett. Så skjønner du kva eg får. Kan du få liv og lykke i 'n Håkon du, da tilgir eg deg at du tek han frå meg, gu' gjer eg så. Deg trur eg det gode følger med. Deg trur eg jamvel Tale blir litt glad i. Garen skal de få; eg er utsliten no, og unner dykk meir enn den. Og du unner meg kåre, det ser eg. Blir eg for uvis mot deg, og det blir eg vel, når hørte du anna om 'n Didrik Dale? – så lyt du enten slå eller òg sjå på meg, helst det siste. Og før ho fór, sa han: – Eg har set deg lenge eg. Der er *høgd* over deg. Ja slik sa han.

Ho snakka med Tale i same renne. Tale såg ikkje for glad ut da ho hørte nyheita. Hånsmilen fór som nordavinden om våren over andlete hennes. – Skal no du òg hit, sa ho. Ja ja, enten er det ei ny tid som da kjem flyttande, eller så er det noko anna. Meg skil det ikkje. Eg kjem berre i hug at auga hans Didrik var på lag som Håkon sine, den gongen eg vart hengande med dem. – Ja visst er det ei ny tid som kjem, tenkte ho sjøl.

[50] Ho tenkte det no òg, med ho stod her og jamna mjøl på mjøl og skulde ha i stand heitsoll til frukost. Men samstundes hugsa ho at Didrik kom så seint ned frå loftet i gårkveld. Der kunde da ikkje vera noko i at han fór hoss tusa der oppe? Jauvisst kunde der, så pass hadde ho set på han. Han var så ulik Karl Albert han vera kunde, og enda var dei av same slage. Ein gong måtte ho verje seg med all si makt mot Karl Albert, det åre ho tente hoss han, og det enda han

rekna seg som bror hennes å kalle. Ho heldt på å bli for veik den gongen, jamvel eit kvinnemenneske er ikkje likare stund og anna, det er ei *skam!*

Det vart ikkje anna råd, ho fekk snakke med Didrik. Ho vilde snakke vakkert med han.

I det same kom Tale utor fjøse. Ho sila mjølka og vaska opp kjørela utan å seie eit ord. Ragnhild nemnte at no vart her mat, men kor var karmennene? Tale tagde. Men så seier ho ned over arbeide sitt:

- Du hørte det du òg kor han kom ifrå i gårkveld.
- Han kom ned frå loftet ja. Meir hørte ikkje eg. Meir trur eg ikkje heller.
- Du trur det da vel når eg forteler det? Tale rettar seg opp og ser på henne.
- Ikkje før eg blir nøydd til det nei.
- Å ja; du blir nøydd til mangt du, stakar. Så ler ho den stutte kalde låtten sin:
- Eg har [51] elles meg sjøl å takke for det *der*; både for sorga og skamma. Det var eg som fekk førkja hit.

– Ja, det har eg hørt han seier; han ler så rart?

– Eg hadde grunn til å tru ho var dotter hans. Eg vilde sjå det. Og ein hugna måtte det vera å ha dotter si i huse? Hahaha! det vart du Tale som var dum den gongen òg – eg fekk da *sjå* det! Liksom ikkje nasen min var lang nok før! Men sjå: straff måtte ein vel ha om ein så var tre gonger hellig. Og det er neimenn ikkje eg.

Ho stod og såg det for seg så det lyste i auga. Låtten vanstelte andlete tak for tak. Men så råmer ho med seg og ropar inn i kårstua at no var her mat.

Straks etter kom han. Han var i ein smil alt andlete over, helsa høgt god morgon til dem båe, og snart sat han i djupe tankar og åt. Han åt seg sveitt. Bordskikk heldt han aldri. Han såg ikkje ein gong opp da Håkon kom, la ikkje merke til han. Håkon drog på smilen. Så kom Arn-guten settande, slengte seg ned på krakken og treiv skjeia utan å lesa for maten, merka så at Ragnhild såg på han, og vart raud. Men så manna han seg opp og sette skjeiskafte i borde som ein vaksen ein:

– Nei ho Gammalfaster ho er feig no. Ho ropa meg inn på loftet og gav meg sukkergodt, og enda hadde ho ikkje det grand å spørre meg om. Ho velsigna 'n far som hadde gitt henne bygodt, ho skulde ikkje gløemme *han*, let ho. Betterde, når

ho døyr da får du stygt med peng, far!

[52] Didrik bad han halde flabben sin. Håkon lo, og da lo Arn med. Men Ragnhild sette auga i gutgapan til han tagde og såg i borde. Ikkje lenge var det, så hadde han glømt seg; han trudde seg til mora denne gongen, men høgt så alle hørte det:

– Og så drømte eg i natt at her var gravøl. Ja ikkje gravøl, men her var dauingar, vi heldt på og slakta, vi knekka ku for ku, vi gav dem økshammaren i nakken berre så det stod etter! Og så kom dei leiande med a Gammalfaster, men så daua ho sjøl, ho hadde ete i hel seg på revgifta hans far. Ja gut! – Ho kunde gjerne døy no snart, ikkje sant?

Tale lo. Ho visste det var både stygt og gale, men slik hadde ho vorte. Her i huse laut ein le, eller òg gråte.

Håkon ser på Ragnhild, ser kva han skal gjera, og reiser seg og hogg brorkroken i nakken og hiver han ut. Sette seg så til bords att og åt. Han såg på Ragnhild og lo, han gav seg sytten om dei andre:

– Er det ikkje huglig her i huse, tykkjer du?

Ho stod og stelte mat til barne, som gjenta kom berande med. Ho såg stort på han, i glede, løfta brunene og drog på smilen. Så nær han hadde ho aldri komme før. – Her i huse? tenkte han. Det er eg som skulde skape huse; det er det ho ventar. Kan eg det, da er ho mi.

Men der sitt han far. Mot han er han verjelaus, no når han har gjort seg til herre over han. Han minns eit stygt hende dem imillom. Det var straks før han fekk garen:

[53] Faren går der blid og trygg og hundsar han: slik og slik; og Håkon tier og finn seg i det, som elles. Men best det er så finn han seg ikkje i det, han seier stopp. Faren spør i iskalde vondska: – Jaså, må eg virkelig jaga deg òg frå garen? Håkon svarar like kaldt: – Nei, stakar, det blir eg som jagar deg. Dermed skyt sinne opp i han, så han slær i borde og går tett inn på far sin med knytt neve: – Gjer eg min rett no, da – *da!* Der med er faren like blid og seier ja ja, du skal få det som du vil. Og der med var Håkon seld. Dagen etter sette faren viljen sin igjennom liksom Håkon aldri fanns.

Slik er det no òg. I morgo den dag gir han frå seg retten sin, og draumen sin, – der fór *det*, san. Kvifor kan ikkje ein slik usæling få viljen sin fram og gå til

bottens som han sjøl lystar? Men så er han der, denne vonde men varme styngen, at her har du Ragnhild. I dag legg det eit andsvar på han så han kunde klaga seg.

Dei andre gjekk frå borde, men han vart sittande. Det hadde hendt seg før, for resten.

Nei, han hadde aldri trudd der var noko millom henne og Paul, aldri trudd det og enda ottast; han hadde set ho visste ikkje om det sjøl. Han ser henne for seg den gongen han fria: Ho såg han ikkje. Ho kom lei, blidt men blindt, lagnaen i vald. Han vart sjuk den gongen. Har ikkje kunna sagt henne eit ord før no. No sitt han her og kan seie det han vil. Kan godt seie henne at om ho gjekk med litt av ein annan i hjarte, det var ingen ting mot det [54] ho *er*. At det er opp i mot ei pine å sjå kva ho er verd, – å vita at dette menneske er bortgitt til han og folke hans, til garen her; til *Vonlausheimen*, som Tull-Beret kallar det.

Og i morgo kjem faren og snakkar til han – herre min dag kor han ser han! Verst han må sjå mor si òg, ho som styggest ved mannen sin; som har forherda seg og *flirer*.

Kva skal han så gjera?

Ein mann kan ikkje spørre den han elsker om det, det er visst ugjort enno.

Han reiser seg, og seier til Ragnhild, for no er dei to-eina i kjøkene:

– Det verste er at ein skjønnar folk. Og verre var det vel om ein ikkje skjønna dem.

Han leika litt med Hallvard, vesleguten, som heldt på og fekk seg mat. Det var ein som visste kva han vilde. *Han* såg ikkje verda frå for mange kantar enno. Mange var tilfreds når dei hadde ein slik gutkvelp å leva for. Og kvifor ikkje!

Didrik var enkemann da han vart gift med Tale, og hadde ei dotter som heitte Lea. Ho var gift og budde straks på andre sida sunde, i Fagernes. Mannen hennes var skipper og heitte Morten, men Didrik kalla han morten, for han tålte ikkje den kroppen. Dei hadde elles vore mykje i lag den tida Didrik var skipper og den andre var gut om bord.

Det vart fortald og trudd at Didrik hadde vore utsett for eit gann eller eit vondt ønske. Han hadde [55] svike ei gjente, og mor hennes hadde lova at så lenge ho levde skulde han ikkje komma inn i kirka med brura si. Folk mintes det vel: Ein gong kom ikkje brura, ho hadde vorte klein om morgonen; andre gongen

kom ikkje presten, da var *han* sjuk. Tredje gongen, da fekk ein sjå. Da gjorde Morten det, for gode ord eller betaling, han fór i veg og trua kjerringa med kvast, eller kva råder han brukte; nok var det, kjerringa laut ta i seg develskapen sin, og Didrik vart gift. Morten var blåe ungen den tid.

Da Lea voks til, var han ikkje eldre enn at ho vilde ha han. Didrik var olm på han førut, dei hadde vel så mange skarvstykk i hop at dei var fiendar. Men Lea var ikkje den at ho spurte far sin, og gift vart dei. Ho vart ventelig det einaste Morten fekk av Didrik, sa folk.

Dei sa det òg, at ho var han ikkje for god. Heile gjenta var berre gap og gælenskap. Ho var langt ifrå stygg å sjå til, men ikkje klædde ho seg som anna folk, og slett ikkje snakka ho slik. Dei hadde ord etter henne heile bygda over, og mangt var ikkje hermande. Bryllupsmorgonen sa ho, da brurgommen kom inn i stua:– Er det han der eg skal ha? Nei gi meg no vatn! Ho svara ikkje ja for altere, ho svara ja da! Ingen ting var så hellig at ikkje Lea lo til det. Dei meinte ho hadde havt det for vondt, ho var nær-takande nok, såla. Noko hadde ho vel lært av stymora, ho Tale, for ho òg flirte til både nød og skam.

[56] Om mannen sin sa Lea: – Han smakar meg som usalta graut. Ein snildmeinande og godhjelpande stakar. Gud gi der var litt devel i han, så skulde han få kjenne *meg!* Faren sa ho aldri eit vondt ord om, det let ho dei andre gjera; ho skrytte berre av mannen sin til han, det skulde vera gift nok.

Det verste for Didrik var at han skyldte dem pengar. Lea hadde lånt han morsarven sin da ho vart myndig, det var eit par tusen kroner, og aldri rakk han å betale dem. Ho minte han om det, ein gong og to gonger, for det bar att og ned med Morten som med mange andre den tida, og no sat han utpå Fagernese og kopa etter fortенesta som aldri kom. Didrik lova henne pengar første gongen. Sia såg han seg ikkje syn for det ein gong.

Fagernese var det romme Didrik lova Karl Albert. Han sa han hadde det *på handa*.

Didrik kaldsveitta først han kom i hug det. Ja visst måtte det bli sant når han hadde sagt det, ansles var han ikkje skapt. Men orda stod der og spådde vondt, stod i breidd med fienden og venta.

Han måtte over sunde med all som først. Når han berre fekk att den gamle trua si, at han hadde rett til å vente seg framgang, da gjekk det; han laut vente til

ein annan dag. For det andre som plaga han, det var inga løgn, ikkje no lenger, han såg det på Håkon at han tok snart til vettes og gav etter. Berre ikkje Karl Albert og Morten råktes før han nådde dit. For da drap dei han, så å seie.

[57] Men same morgonen kom Morten over sunde, han var tobakklaus. Han var nøydd til å borge, så han gav seg tida og snakka med grannen om både vøre og somt anna. Karl Albert nemnte at værfar hans hadde vore innom: han hadde noko nytt for seg, ja han var reint ny heile mannen. – Og du veit da om det? sa Karl Albert. Morten var ikkje den mannen som let seg merke med at han ikkje visste. Han såg oppetter veggen. – Du som har gitt han Fagernese på handa? sa Karl Albert. – Morten spurte om han virkelig hadde fortalt det. – Med eigne ord ja, let den andre. Morten tagde og såg oppetter veggen på nytt. Han hadde brunt kjakeskjegg, og elles var han snauraka; når han kneip att eine auge og drog litt på eine munnvika, slik som no, da var han mann for både det han visste og det han vilde. – Ja ja ja, no fekk han heim og til å eta tobakk, trudde han. Værfaren sa han aldri noko om, utan til kona.

Morten fortalde Lea det han hadde hørt, stod så og såg på henne og venta. Ho vart meir og meir lystig i auga, ho måtte sjå for seg einkvart løglig. Andlete var smalt og tynnt som Didrik sitt, og auga likna hans, berre at dei stakk aldri.

Da Morten hadde venta lenge nok, sa han: – Han far din han spekulerer han. Og her sitt *vi*. Om åtte dagar har vi tvangsauksjonen. Dei nøyer seg ikkje med renta heller no, dei vil ha *pengane*. Ja. Og stua full av ungar.

[58] Lea såg på dem liksom ho talde dem. Dei var 3 i tale, – den eldste var alt utflogen.

– Ja ja, sa Morten, men vi har no 4 da å tenke på, og oss sjøl, det –

– blir seks ja, fall Lea inn.

– Og så lyg han. Han lyg, beint fram.

– Ja like snart beint fram som på annan måte. Jaså han spekulerer han. No spekulerer eg òg. For no er han i pina, og no skal eg skreva i veg og ta han. Eg klemmer han til han skrik; eller til det kjem pengar utor han.

– Trur du det nyttar?

– Trur! bles ho. Eg går lei eg; så trulaus som eg er. Og 'n Håkon og denne himmelharpa hans, dei skulde vel eiga hjelpande hender dei òg. Eg skal låte slik for dem at dei bløyter seg i klæane. Og du, gullbosten min, du tier det meste du er

god til.

Ho tok på seg den gamle vårfrakken hans, det var ei staskåpe etter hennes meining, to knappar var der enno, og det kunde vera nok, for dei var store. Til hovudplag tok ho det første ho fann, og det var det raudrutute halsbinde hans, som ho snara kring hovude på sitt eige vis. Der med var ho klædd, – folk vilde kanskje kalle det *tvedrakt* det ho fór i, men ho trudde ikkje det vart dei som lo sist.

– Ja, han far din likar no ikkje meg, større, sa han etter henne.

– Undres ikkje på han, lo ho, og langa på og gjekk.

[59] Ho gjekk rundt vågen, ho likte ikkje båt. Kjerringane undrast, der ho fór fram: det måtte vera både sjæla og saligheita ho skulde hente heim no. Sjøl syntes ho at ho susa i veg som ein nyskodd devel. – Neigu og nei! snakka ho med seg sjøl, i dag er det ikkje nådens tid, far min. De lyt tenke litt på at eg har denne mannen å slite med, har de set han? Auga er gode nok i han, men på vette der er han blind som makk i mold: du kan syne han i blankaste dagslyse at to og to er fire, *han* ser det ikkje. Øyra har han òg, men i sjæla der er han dauv som dauing i kista: du kan rope sanninga til han så høgt at du sprekk, *han* hører det ikkje. Hjarte i han vil eg ikkje nemne, det er berre talg. Så eg er ikkje mild nei. Eg vil ikkje bli heimlaus i lag med slik ein krok, – ho grøssa når ho tenkte på det. Nei gutar, her kjem eg, her kjem ho Lea, slik ser no ho ut. Stakars far, det seier eg.

Slik ein dag da folk! Rettelig ein sigersdag. Rart at ikkje folk vart *gode* i slikt vêr: sola skjein gull og glede ned til fattigfolke. Jagu skjein ho no lel!

Ho møtte Arn ute i tune. – Kor har du gjort av mor di? spurte ho.

Gutskarven såg litt på henne først. – Ho er i fjøse.

– I fjøse på den her tida?

– Ja. Ho held på og kælvar. Han sprang som for live da det var sagt.

[60] – Din mor-unge! frøste ho etter han. Kom hit så skal eg fli deg!

I kjøkene fann ho Ragnhild. Heile menneske kom henne for som ein blåfleck på himmelen svartaste vinters tid. – Du er lykkelig som smørauge i grauten du, sa ho. Men eg, eg er ute i vondt vêr i dag; det ser du visst på meg.

Ragnhild opna døra og bad henne leite inn.

– Nei da, eg er ikkje verdig i dag, let ho, – ein lyt vita romme sitt, sa dasslokke; eg har eit vondt erend. Eg vil ruinere dykk lite grand. Er 'n far inni kårstua?

– Det er 'n visst, men sitt ned ein augeblink her hoss meg da!

Lea sette seg ned, yttest på skammel-enden. Ragnhild syntes ho såg ut både brydd og bortkommi, ho tykte ho burde gå bort og ta i henne litt og seie einkvart godt til henne, ho såg ikkje mange som meir trong det. Men, tenkte ho, korles kjennes det for henne om eg det gjer?

I det same kom Håkon, han gjekk og leita etter ein kniv. Lea kunde ikkje halde seg, ho måtte le:

– Jau da, det er eg som sitt her. Du vart redd no, du kan verken gapa eller gala. Eg skulde hit og ødelegge 'n far vår. Får eg ikkje pengane mine no, og det på timen òg, da veit eg ikkje kva eg gjer med han – eg drep han!

– Berre eg fann denne kniven, sa Håkon, han smilte eit grand.

[61] – Nei men *du* får ikkje lov å snakke så stygt! bad ho. Da blir eg redd.

Ragnhild såg med ein rolig smil på dem båe, slik at dei kjente det og tagde. Men ein staden inni henne levna der opp ei uro som ho hadde merka før: Ein kunde aldri vita kva som vilde skje her i garen. Men gud skje lov at ho var her, ho skulde vel halde styr på dem.

Håkon gjekk ut att, og da reiste Lea seg. Ho stod litt og visste ingen ting å seie, mest som ho skjemdest for Ragnhild. Ser på henne utan å høre det ho seier; det fer ei hjelpelaus bevring over brunene hennes, dei var så unge og fine enno. Så kremtar ho høgt og like sæl og går åt kårstua.

Ragnhild vart ståande og sjå dagen ute, han syntes seg så rart for henne. Høgt over verda, over alle fjell gjekk han, og han var smilande lys og blind. Den same lyse blinde smilen hadde ho set hoss ungdommen; slik smilte den som hadde ei von om lykka utan han visste av henne. Ho spegla seg sjøl i denne dagen: – Eg finn meg vel einstad eit himmerik.

Men kva eit menneske som Lea seier, det tek vinden med seg. Enda sitt det att, i hjarte på Håkon. Han som har set at enten må han eller faren lide undergangen.

Didrik sat og skreiv da Lea kom inn. Han hadde arbeidd seg opp og var i lyst

lune no. Ovtruen visste han at han var, inga råd med det, og eit varsel er [62] eit varsel, men han hadde tida for seg og folke slikt slag. Han var så for ung enno, han syntes han kunde snu både vêre og lagnaen. No stod mølnbruke ferdig så å seie, og sag og andre framsteg kom opp breiddmed, litt etter kvart. Der fekk Håkon noko å leike med; der var kvenna som skulde mala pengar åt han;— *da* måtte han vel bli vår at han hadde ein far han òg. Eller om ein skulde vera uvøren og tru at Johannes kom heim? Han skulde bli opp i under. Men ta det rolig, Didrik, formana han seg. Ingen hast, inga utidigheit.

Denne fånen bortpå Fagernes og det stakars kjerringbisne hans –

Da var Lea i døra. – Merkelig, sa han, men i grunnen fann han det ikkje det minste merkelig, for det var just henne han vilde snakke med. – No kjem du som eit godt tegn, sa han.

– Det kan du vera stø på, ler ho. Her kjem i alle fall hovudpersonen for i dag. Som han sa, syndaren dei skulde hogge hovude av. Eg kjem og skal ha pengane mine. Om åtte dagar i dag sel dei vekk garen under føtene på oss og huse over hovude på oss, slik står det til. Så no må du ut med pengane ja. Så mykje eg får sjå mors-arven min eg òg. Får halde 'n i handa ein times tid. Og så kan eg be folk kysse meg – – det gled eg meg på.

Han såg på henne, litt sømmtung i auga. Svara gjorde han ikkje. Lea gjekk fram og sette seg, la eine knee over det andre og sat og stirde han beint i andlete. Det var hardt arbeid, for faren tok til og såg [63] ut hjelpelaus no, og hjelpeløysa var leiaste syne ho såg, verre enn utsvelta naut på båsen.

– Ja ja, du må til, den her gongen, sa ho. Så la ho hendene på knee og venta att, med auga på han.

Didrik såg i golve og han såg på henne, tak om tak. – Er det slik du kjem, sa han endelig.

– Det ser du vel det. Og her sitt eg til du er mjuk. Til eg *har* dem.

– Ja men kjære deg, du veit det er umulig for meg å –

– Ja da, ja da! Men sjå, det bryd eg meg sytten om. Umulig ja? Umulig skal vel frestas det òg. Pengane eller live denne gongen. Eit dotterhjarte ber ikkje all verda det heller.

– At du ikkje eig minste tanke for –

– Nei! Ho ler høgt og hardt:– Av meg kan du da ikkje vente noko slikt!

Han stirde tom-øygd på henne. Men midt i rådløysa fekk han att tankane sine, og trua med, ein vedkjømelig mild gave. Han undrast han ikkje hadde set det straks, for her sat ho og fortalde dei måtte sele garen! Kom sjøl og fortalde det, såltinge, det einaste budskape han trong å høre. At det var det beste for dem òg om dei vart fri denne skarve garparten, det nytta det knapt å nemne for henne, kva veg vil du med eit forskræmt kvinnfolk. No sa han merkelig, og det i djupt ålvor, for no var Fagernese til sals. No var Stranda hans.

Han smilte til Lea. Det er trollungane ein blir [64] mest glad i. Ho nemnte ikkje løgna hans enno; stakar, ho sat og venta før ho smikka til, sat og godna seg med det.

– Så sant det står i mi makt, sa han, så skal eg gjera utveg til pengar no.

– Du får så det ja, flirte ho.

– Eg svær at eg skal ikkje ha sømn over auga før du har fått ditt! Eg skal låne på kåre mitt, eg skal sele det for ein *Judasskilling!*

– Ja ja, nikka ho, reiste seg så og gjekk åt døra. – Trur deg gjer eg no ikkje da. Det er med deg som med dei andre, du har lova for ofte; den vonde har fått klotak på deg. Men eg skal vera så vond at eg trur deg lei. Det vil seie: eg veit om ein økskjefte som skal bite på deg, i fall du narrar meg. Hører du det?

– Ja, kjære.

– Nå, eg er redd du ikkje kjenner meg. Eg har aldri kjent meg sjøl før. Før no. Ja ja da, far min, no går eg. Far vel til så lenge.

Didrik hadde aldri halde seg for ein utanom dei andre. Folk var medmenneske, han hadde dem i kring seg og likte seg ved det; dei var så ymse og så mangt, han kjente varme gode mengda av dem. Stundom kløkte dei han, for dei var bedre enn han. Enda kunde han ikkje rekne dem for menneske heilt ut, somme tider; dei tok han fri for det. Dei såg ikkje retten som ein annan ein hadde, dei gjekk og trødde på den. – Slik er dei, sa han. Lea ho var her og dømte seg sjøl. Stakars tullhovude!

*

[65] I millomtida hadde Ragnhild vore ute og funne Håkon. Ho stod og såg på arbeide hans, han rettererte langvogna; så måtte ho hjelpe han å halde i.

– Der var no det i stand, sa ho, men kva gjer vi med 'n far? Kor tek han pengane?

– Nei, det er no så, sa Håkon.

– Ho Lea er snild nok. Men ho kan *finne på* einkvart. Ho er ifrå seg no.

– Ja. Han retta seg og såg på henne, vart meir og meir samla i augsyna. – Jau jau, mumla han. Ein utveg måtte her vel finnast.

Ragnhild blunka fort nokre gonger, liksom dagen var henne for lys. Lyse vart til ei høgtid i kring dem. Så nær einannan, i slik ei dagstund, hadde dei ikkje stått før. Det var ikkje råd å rive seg laus frå det heller.

Men så manna han seg opp og spurte om Lea hadde gått. – Nei, ho hadde ikkje det.

– Eg får kanskje sjå inn, – han såg på henne.

Og enda eingong opplevde dei det: dei vart til eitt, så dei torde ikkje sjå på einannan. Der var ikkje sømd i slikt. Og samstundes såg den eine den andre som eit nytt menneske, dei kunde ha ledd til einannan og ropa: – Jaså, du måtte syne deg no!

Så gjekk han inn. Ho gav seg for ute til så lenge. Han stod litt i kjøkene, for den vegen måtte Lea komma. Og det gjorde ho.

– Går det traut? småflirte han.

– Din *halvbror* der du står! Slepp meg ut!

[66] – Ja vel. Men han far, han finn ikkje noko utslepp. Om du piner han aldri så grovt. Så fann ho Ragnhild på, – ho har no ikkje så flust med vett, veit du, – ho fann på at eg skulde hjelpe han den her gongen. Litt skog skal eg sele føre jul kor som er. Så held vi vekk denne auksjonen.

– Nei men Håkon! Du *skal* ikkje drive ap med så nedfattig eit kvinnfolk menneske som eg er! Er det sant da?

– Ja visst er det sant. Kvar ein skilling er sann.

Ho såg på han og undrast. Så ler ho, overgitt i undringa og angsten:

– Nei sannheita det er no digraste løgna lel! Vi bergar både gar-skiten vår og æra no da? Vi strøyper auksjonen for dem? Eg såg det da vel da eg gjekk hit, det var så rart. Kva kunde ikkje skje i slikt vêt – kva hender det ikkje! I gamle dagar hendte det at reven skjeit på gruvesteinen åt folk!

– Ja ja, sa Håkon, eg er ikkje snakkesalig, og ikkje er eg skrivesalig heller, men eg skal skrive til banken i dag. Eg har det i hovude korles det skal settast i verk.

Ragnhild hadde komme inn. Lea stirde på henne. – Du? seier ho. Vårherre veit korles det kjem til å gå deg, du er meg for himmelblå i auga – ja skit med det, eg er *glad* eg!

Ho fòr sin veg utan å seie farvel.

– Der gjekk ho, sa Håkon. Gå må ein, same [67] korles ein ser ut, – gud frølse oss alle fire, seier ho mor. Ho Lea drap han far visst han narra henne denne gongen; det kom ikkje til å vante stort på det i alle fall. Og det hastar det ikkje med.

Der med hadde han flytta inn kvardagen att. Og så kom Tale. Håkon fortalde henne kva som hadde gått for seg.

– Ja sjå de kjem no lukt inn i himmelen de, bære to, let ho. Og her sitt eg att! Men kva er det 'n far din spekulerer på no?

Håkon fortalde det han visste, at faren vilde flytte ned på Stranda og gå i gang med einkvart.

– Ned på Stranda? Ho stirde forstøkt på han. – Han må da vel sjå at der finns ikkje føda for ein fuglenebb ein gong!

– Det kunde der bli, svara Håkon. Han ser verkeleg noko rett for seg der. Eg har – han såg på Ragnhild –, eg har set det same sjøl. Han kjem til å bygge eit mølnbruk der. Om Gud vil. Men lat oss tie med det.

– Berre ikkje verda kjem i vegen for han no òg! sukka Tale.

Med ho sa det kom Didrik ut frå kårstua.

– Ja no har eg øksa over meg, klaga han seg. Kan eg ikkje trolle fram to tusen kroner no, da kjem Lea og gjer ende på meg. Og trollkonster kan eg ikkje, sa han til Tale. Ja ja, mor, kan hende vi kjøper Fagernesese no når det går til auksjons. Skulde det ikkje vera arti å ta til for seg sjøl ein [68] gong att? Han sa mange trøysame ord om det, og var i lysaste godluna si.

Men best det var kom han til å sjå på dem, mest som han hadde hørt noko i dem, – først på Tale og sia på dei andre to. – He? sa han. Han sa det så nær dem, spurte så innbitande at dei kjente kor urolig han hadde vorte og dei med.

Ragnhild såg at dette var eit frammandt menneske for henne. Der stod ein farlig kulde frå han.

– Det vart så *eg* lova Lea hjelp, sa Håkon. Så slepp du.

Måten han sa det på gjorde Ragnhild redd. Det var hardt å vera han no.

Didrik såg på han. Så på dei andre, ein om senn: No visste han kva slag folk dei var. Andlete hans vart meir og meir ukjennelig. Han snur seg frå dem, og bannar mot veggen. Slik høres det ja, når dei verkelig *bannar*. Etterpå kom der nokre støn frå han; han går til døra. Der snur han seg og ser på Håkon att. Det går ein smil, eller eit glis var det vel, over andlete på han, så Ragnhild rettar seg tvert bein. Ho ansa på ho stod og beit i hop kjakane og at ho var nær på å ta og hive han ut, for slik tålte ikkje Håkon å bli set på. Der stod han og sette auga mot faren, ho kunde ha jamra seg ved det syne. Tale ramla hardt med ei gryte eller kva det var.

Didrik gjekk, utan ein lyd meir, og det var det styggaste han kunde seie no, tykte dei. Ein for ein såg dei korles det hang i hop: at Didrik vilde havt [69] Lea og mannen hennar bort frå Fagernese, han såg det ikkje likt å leva utan det.

Tale var den som først tok til ords. – Ingen skulde høre han eller sjå han, sa ho. Da måtte vel vondska i han sjøldaue.

Håkon smilte og gjekk ut.

III.

[70] Dei undrast kva Didrik no gjorde. Han gjorde det verste han kunde, han sa ingen ting. Da var ikkje anna å gjera for dei andre enn å tie med, og vente.

Tale snakka meir enn vanlig, men Ragnhild hørte der fanns ikkje snakkarglede i det, og låtten hennes var der ingen tone i. No først såg ho litt av kven Tale var: eit ømskinna kre som kunde ha skrike for lite eller ingenting; ho hadde set fleire slike.

Og Didrik kom ein ikkje ifrå, same kva ein sa eller gjorde, han var nær attmed dem om han så var langt unda. Tankane hans levde bert og blankt framfor ein, – korles kunde *han* gi seg?

Håkon heldt til i kvennhuse og mól bygg for ein av grannane. Ragnhild såg kor hardt det tok han, dette med faren. Han heldt av han, på sin måte, meir enn

han sjøl visste, han hadde vore byrg av han, for Didrik var halden for beste hovude i bygda, og vilde han ikkje skjemmast av han så laut han hjelpe han no. Men da måtte faren komma til *han*.

Det var så fint vêr, ho måtte ut om døra først ho nådde til. Lyse dagen, lyse dagen. Alt var [71] klårt og greit der; einast menneska var mørke og rangsnudde; ein kunde vera fresta til å le åt dem når ein stod slik. Lande synte seg så stort og øde i dag, og like vel kom det så nær auga og hjarte på ein stakar: Skapt av Gud sjøl midt framfor syna på ein. Brune fjellsida, brunblåe bjørkskogen, fjorden nordetter og fjorden austetter, ho syntes stund og anna at ho stod og song om det.

Men eitt var visst, at Indiana skulde ikkje vera her. Det var liksom det første. Ho gjekk ut i gangen og møtte henne, ein gong gjenta kom utanfrå. Hjarte dunka litt, og det fekk det i guds namn klemme på med.

– Vent, bad ho, og gjenta stod still. – Eg vilde berre be deg at du reiser her ifrå.

Gjenta lo. Det var ein kvass liten flir, men så vart ho ståande og tie. Og Ragnhild tagde; tagde og venta. Indiana tok så smått til å stige opp troppa. Da stana ho og sa:

– Ja den som berre var vel her ifrå! At *du* held ut her i huse? For her skulde ingen –

Ragnhild svara ikkje, og den andre gjekk opp troppa og inn til seg. Ragnhild stod att og visste at ho elska huse her, dette syndehuse med alt som i det fanns. – Huse og eg, vi kunde ikkje godt undvera einannan, tenkte ho.

Da Indiana kom inn på kjøkene ringte Gammalfaster etter henne. Ho måtte inn og fortele kor ho hadde halde til og kva som gjekk for seg *der nede*. Ho laug så godt ho hadde lært seg det, [72] der det trongs, og elles laut ho ut med sanninga som vanlig når gamla var over henne. Gammalfaster anka seg da ho hørte Håkon hadde teke på seg å hjelpe Lea. – Hau au au! jamrast ho. Men litt var det så lo ho, hegra og lo det litle ho var god for. Så sa ho:

– Kven skal hjelpe han da, meiner du? Slik ein tulling? Hau au au!

Der låg noko i dei orda som ikkje Indiana vart klok på. Ho kom seg ikkje til å nemne testamente, enda ho hadde lovt Didrik det og visste det måtte gjerast.

Dagen etter var det same gode vêre. Ragnhild vart mint om noko ho hadde

glømt. Vest i grenda var der ei husmannsenke som låg nedfor i gikta, ho hadde ikkje anna hjelp enn gjentungen sin. Ragnhild visste med ein gong at der var det både matløysa og motløysa, det var same tingen for den kona, ho kjente henne så pass. Ho snakka litt med Håkon og Tale om det, og så gjorde ho seg i stand med både korg og spann.

Da ho er på gonga, blir ho vår korles Håkon står der, reint skamstukken av ein vond tanke. Der vest i garane er det Paul bur. Først blir ho harm. Men så ser ho og kjenner på seg at mister Håkon trua på henne, da er det slut med han. Og det gir henne makta. Ho ser lyst men fast på han og blåheld auga hans, ho smiler utan ho veit det.

[73] – Hm? seier ho.

Han blir raud, men ser lettare ut.

– Kom i mot meg da, visst eg ikkje er heimkommen før det blir mørkt. Du kunde jamenn syne meg så pass – – ja du veit!

Han smilte ikkje, men der rann ein smil gjennom heile menneske; han trong ikkje meir. – Neigu gjer eg ei lel, let han.

I det same kom Didrik. – Nei jaså? undrast han, skulde ho òg på bygda? Da han hørte kor ho skulde, vart han enda meir opp i under, for den vegen var det just han etla seg, og no fekk han lag! og så song han ein liten stubb om kor huglig det er å følgjast åt for dem som gjerne vil samene vera. Ragnhild hadde ingen ting i mot å gå i lag med han.

Dei gjekk eit langt stykke og sa ikkje noko større. Ragnhild såg dagen i auga med ho gjekk, og da vart ho vår det var vinteren sjøl ho hadde for seg, han både lyste og lo henne i møte. Ho var huga til å gi han det same att. Da hører ho Didrik seier:

– Kom i hug det, Ragnhild, at det er livsdraumen min dette. Livsdraumen min ja. Eg vilde gjera einkvart det var gagn i! Einkvart som stod der etter meg. Så både du og 'n Håkon såg det. Eg tapte denne prosessen du veit. Eg kan ikkje seie deg korles det var for meg, men eg kjente meg dømt som menneske. Det var *skade*, Ragnhild. Og det var *skam!* Men så opna Vakkermannen [74] vindaug sitt og retta ut handa til meg, ja slik syntes eg det var. Han peika på denne fabrikk for meg. På livsdraumen min. Ja. Og no har 'n Håkon ødelagt det for meg, så godt han kunde.

– Tull og vas! sa Ragnhild.

– Jaså! sukka han. Du er i mot meg du òg. Ja *da* kan eg gi meg. Ingen ting meir å tenke på da, san; for meg.

Ho snur seg i mot han og ler, beint i mot auga hans så vake dei er. – Nei, De skulde ikkje tenke så mykje på Dykk sjøl; ein blir klein av slikt.

– Eg? Han såg på henne stums forvilla. – Eg som *berre* tenker på dei andre! Får aldri tid til å tenke på meg sjøl; det sørger dei for. He!

Han letta på huva og strauk seg over skallen tak for tak. Ragnhild nytta det ikkje å bli vond på. Han er snart inni sitt igjen, og legg ut for henne så ho veit ikkje anna lange stundene enn at dei er to om dette, ho og 'n Didrik, og Gammalfaster får gjera i stand testamente litt fort, det er da ei hjelp for det første. Midt i det rådde ho med seg, – han tala om at når han ein gong er ferdig med det, da vil han be dem om årsaking alle han skumpa borti, ansles er han ikkje. – Men sjå, seier han, kva veit du om slikt, du som ikkje er meg! Du som er eit skikkelig menneske. Ho hørte det var meint det han sa, ord for ord. Og enda, tenkte ho: Spurte du meg om eg trur dette, da svara eg både ja og nei. Men det er da trøysamt at der finns slike òg.

[75] Med det same fór det gjennom henne, ein kastvind ned frå ville fjellmarka, noko ho måtte ha ha lese ein gong: «Og døden og helvede var i hans følge». Men kvifor skal det eine menneske tenke slik om det andre?

– Når Vakkermannen har retta Dykk handa, da bør De tru litt på han, sa ho.

– Men kjære deg, det er da det eg gjer eg! Trur ja – du ser det i kring deg at han er her, og du kjenner det i deg når du les i bøkene hans. Og *han* ser at 'n Didrik er ikkje motstandaren hans. Eg slepte ein tjuv ein gong, berre for det eg meinte han der oppe vilde det slik, gu' gjorde eg så ja; enda eg har aldri vore tjuv sjøl. Eg snakkar for resten ålvor no, Ragnhild.

Stakars Didrik, tenkte ho, han har ikkje ein gong namn som eit anna menneske, korles må ein så ikkje bli. Og høgt sa ho:– De talar om å tru, De. Nei eg trur eg. Eg trur gud hjelpe meg eg skal få folk av så rangvridd ein skapning som De er. Ja-a gu'! som ho Gammalfaster seier.

– Det er vakkert av deg det, Ragnhild. Eg lit på deg. Kom i hug det.

Ho kom i hug at no skulde ho ha snakka til han. Ho skulde i alle fall ha bedt

han snakke til Håkon, så kom dei til å gå i lag med dette storverke sitt. Men det var henne så umulig som ting kunde bli. Det måtte ikkje vera rette stunda enno.

Han stana, for her skulde han ta av frå ålmannvegen. Han viste med nakken og nemnte ein gar, [76] – der budde ein bra mann han vilde snakke med. – Han gjorde meg eit pek ein gong, og eg gjorde visst han to i staden. No skal det vera glømt. No byd eg han børnskapen min for brorkjøp: laksnøter for to tusen går for eitt tusen, sildgarn for eitt tusen går for eit halvt. *Han* skal ha det; han skal ikkje angre vi har vore i busta på einannan.

Men Didrik vart beiskelig sviken. Den andre var ikkje den han hadde teke han for. Han trudde ein annan så kleint som han trudde seg sjøl, han smilte til Didrik som smøre i sola og visste ikkje om anna enn snyting og fark. Det er vondt å gå ifrå slike, ein må gå med skam. – Didrik hadde elles erend fleir-stads, og tid tok det eine som det andre. I heimvegen var han innom plassen og spurte etter Ragnhild, men da hadde ho gått for lenge sia, det var svarte kvelden.

Ragnhild møtte Håkon straks med det same ho kom ned på ålmannvegen. Ho krøkte seg fram etter stigen i halvmørkre, millom olderbyskje og blautdike, og så stod han der på vegen og røykte og venta henne. Den gleda ho da kjente måtte vera sendt henne ovanfrå.

– Du vart lenge du, let han.

– Det har du godt av.

Han tok korga hennes, og så gjekk dei. Himmelen var sådd med stjerner, den eine blankare enn den andre, det var ikkje rådelig å sjå opp. [77] Det var så lydt som det kan vera ei stund om haustkvelden, ein hørte mannamål langt langt unda. Så fanns der ikkje lyd meir. Til dei vart vår fotstega sine: to par lyd som fresta å følgjast åt.

– Eg har elles nytt å fortele, sa Håkon.

– *Jau det* skal eg tru?

I det same møtte dei eit menneske, ein karmann. Han måtte ha stått still ei god stund, ettersom dei ikkje hadde hørt stega hans før. Det var Paul. Han helsa men stana ikkje.

– Kva er det du har i posen da? spurte Ragnhild.

Håkon drygde noko før han svara. – Ho Gammalfaster har gjort testament

no.

Og så fortalde han, liksom han ingen annan ting hadde i tankane. Ho tok armen hans, men ho var ikkje viss på han merka det. Kvifor hadde Paul vorte slik ei straff over henne?

Straks ho og faren hadde gått skikka gamla i veg Indiana og henta lensmannen og 'n Even nedpå Stranda. Først dei var der skyssa ho frå seg gjenta att, i eitt eller anna erende, og bad med det same Håkon komma opp: Han skulde sjå til at ingen kom opp troppa med dei to frammandkarane var der.

Han laut gjera seg bitsk åt Indiana, ho vilde og skulde inn, ho *måtte* høre korles testamente vart, let ho. Ho vart så brennarg, ho spurte han beint i syna om det var han som hadde kommandert gamla til dette.

[78] Det var ikkje lang stunda dei to vitna var der oppe, så kom dei tuslande ned att. Ein kunde sjå på munnvikene deira det nytta ikkje å spørre dem ut, gamla hadde læst munnen på dem, og det same kunde no det vera. Dei såg så rart på Håkon, og så sa dei farvel og gjekk. Sia hørte han lensmannen hadde testamente med seg; der måtte stå viktige ting i det.

Men det verste og beste var at no heldt Indiana på og vilde fara sin veg, ho hadde kanskje alt fare. Om gammalpiska hadde jaga henne eller om ho hadde teke til vettes sjøl, visste han ikkje. Det kom for han at ho visste ikkje for vel om ho skulde aust eller vest. – Ho snufsa og gret, sa han.

– Ho er heimlaus, sa Ragnhild og tok på å gå fortare.

Indiana var der enno da dei nådde heim. Ragnhild fann henne oppå kjøkene, ho sat på kista si, midt på golve.

– Du veit ingen staden å gjera av deg no da? spurte ho.

Gjenta rista på hovude.

– Da skal 'n Håkon bli med deg over sunde, til a Lea; der veit eg du får vera til så lenge. Kista får du etter deg sendt, sia.

Ho gjekk med på det. Og Ragnhild fekk Håkon i veg, ho nådde ikkje til sjøl.

Ragnhild gjekk opp til Gammalfaster. No når testamente var undagjort kunde ho gjera det. Gamla var sjuk og kunde lite og ikkje snakke. [79] Ragnhild baud seg til å sova der oppe hoss henne. Det kvinka ho til, det skulde vel vera som eit ja.

Håkon kom att og fortalde at no var Indiana *der* til så lenge.

Didrik kom da dei hadde sett seg åt kveldsborde. Han var meir enn vanlig nedlesst i sine eigne tankar, men han sat ikkje lenge før han merka der hadde hendt einkvart. Han snudde seg til Arn og spurte kva han sat der og lo til. Dei visste ikkje anna enn at guten hadde sitte både dauv og still, han som dei andre. Men no såg han på faren og flirte. Der var drypstilt kring borde.

– No har vi mista a Indiana, sa gutgapen. Ho har stryke sin veg.

– Kva er det han tullar i? Didrik såg frå den eine til den andre, og stana ved Tale.

Og ho kunde ikkje anna, enda ho var redd så hjarte vilde stogge for henne: ho lo han beint i andlete.

– No har vi mista *henne* ja, sa ho. Det er ikkje mi skyld. Kan hende ho kjem att; vi får trøste oss med det.

Didrik åt. Han vart meir og meir raud oppi panna. Han hadde eit ar oppunder hårgaren, og det synt seg både raudt og blått.

– Og Kvitugla vår ho har drive på og testamentert, heldt Arn fram. Det fekk ingen vita kva som står i testamente. Du blir rik no du far, blir du ikkje det?

[80] Didrik rykte andlete opp som snarast og såg på han og dei andre. Sia såg han ikkje opp meir. Og ingen sa noko meir.

Da Ragnhild hadde vore oppe og gitt Gammalfaster mat, hørte ho Didrik inni kårstua, han ropa vilt over seg og svor, han vilde jaga Tale på dør. – Eg tåler ikkje sjå deg meir! skreik han, ut med deg, til helvetes! Eg har gått her som ein devel for deg i alle dei år, trur du ikkje eg har set det? No skal eg vera den du held meg for. Går du ikkje på timen no, – han sa det lågare og farligare –, da *da!* Ragnhild hørte Tale gav eit rart læte frå seg, og der med reiv ho opp døra og steig inn.

Tale reiste seg frå stolen da ho såg Ragnhild. – Nei kjære deg, kom ikkje inn her! bad ho, – kom ikkje her da!

– Berre kom som lystar, sa Didrik. Han gjorde seg rolig no, men lest ikkje som han såg Ragnhild. – Eg seier berre det som må seiast eg, at enten skal du ut av huse eller så eg. Eg vil ha skilsmål, skjønner du det? Ja! no må du gjera deg bleik no. Han snudde seg til Ragnhild: – Jaha, du kan stå der og glåme på meg, ver så god! Eg ser dykk alle sammen no. De er fiendar. Og her har eg gått og trudd de vilde meg vel – ha ha ha!

Tale seig ned på stolen da ho hørte korles han lo, og frå stolen bar det i golve med henne. Der låg ho. Ho hadde svimra utor. Det hadde hendt før, men Ragnhild hadde ikkje set det. Ho sprang bort og reiv opp halslinninga på trøya hennes og [81] letta opp hovude, men ho let det sige ned att, for ho trudde mest dette var døden. Ho vart ståande på kne attmed henne. Ho hørte som gjennom sømnen at Didrik sa:

– Ja da, du må gjera deg stiv no, din hyklar der du ligg. Eg skal spenne deg i hel visst du ikkje pellar deg opp!

Ragnhild såg på han utan ein tanke i hovude; så var der ei stund ho visste at rettno slo ho eller hivde han på dør – tullute folk var ikkje folk, same kva som vart sagt! Ho reiste seg, tok etter all si makt og fekk Tale opp, bar henne ut i kammerse og la henne på senga. I same sjauen kom Arn inn, og han sprang etter vatn og vaska mora på tynningane, han hadde set dei gjorde slik ein gong før. Tale slo opp auga og anka seg.

Ragnhild hørte Håkon var uti gangen. Ho venta han inn, men han kom ikkje. Det var det vondaste, tykte ho. Han stod der så åleine som menneske kunde bli, og skjemdest over foreldra sine, skjemdest for henne. – – Enno stod han der! No endelig gjekk han. Kva gjorde han ein annan gong?

– Hjelp meg her ifrå! bad Tale. Bed 'n Håkon komma inn.

Da ringte det ovanfrå lofte. Gammalfaster vilde ha hjelp att. Det gav Ragnhild ein tanke. – Kom, sa ho, og så tok ho Tale med seg opp. Over golve måtte ho stø henne, framom Didrik, som stod midt i stua og stirde i veggen, ein vond [82] og ulykkelig skapning som ein burde ha gjort einkvart ved. Opp troppa gjekk ho vonoms bedre. – Enno har eg da føtene, skjemta ho. Er det på take du vil sette meg no da?

Gamla vilde vita kva som stod på nede, ho hadde hørt noko. Ho var tunghørd av seg, men ho hørte like godt for det; dei lurte ikkje henne, fortalde ho. – Å! han likte ikkje at førkja reiste? lo ho, men så teptes ho til i halsen og vart liggande og surkle og låte, så dei vart redd; dei trudde ho *fór*. Ho vann seg til att, og spurte: – He?

– Han rauk opp som all snarast, sa Ragnhild. Berre ein eling. Og no vil ho værmor få ligge her oppe hos Dykk.

Gamla tok handa til Ragnhild.

– Ho vil helst ha deg her, ser eg, sa Tale.
– De er da ikkje så klein? spurte Ragnhild.
– Nei, klein? Og gamla gav seg til freds. Henne fekk dei i guds namn handsama som dei vilde.

Ragnhild hadde eitt og anna å sjå etter i huse enno, ho sa godnatt og fór ned.

Det let i Gammalfaster att, og Tale luta seg nedåt henne. Ho låg og lo:

– Han får ikkje blank skilling etter meg. Fortel han det. Så gir han meg ikkje revgift. Eg vil spara han for den synda.

Tale vart ikkje gladare da ho hørte dette.

Håkon kom inn utor stallen da Ragnhild såg etter han i kjøkene. Ho visste ikkje kva ho skulde gjera med han. Tok berre omkring han og heldt han.

[83] – Det er overstått no, våga ho seg til å seie.

– Ikkje fullt det, smålo han. Litt etter sa han: – Om einkvan uvettingen gjorde som han vart huga til, og slo han flat, så var ikkje det noko manndrap; for han er ikkje menneske no. Men at eg narra deg hit, det – –.

– det er det likaste eg har gjort, skal du seie. Men du får ikkje lov til å vera så sint på han; du får ikkje snakke så stygt oftare; du skræmer meg meir enn du trur.

– Kan hende eg skræmer meg sjøl òg. Eg skal ikkje seie eit ord meir, det er inga moro i det. Men Gud hjelpe tullingane sine for kva dei tenker somtid.

– Det er visst Vårherre si meining at eg skal føre saka mi sjøl her etter, sa Didrik om kvelden da han hadde lagt seg, og det same sa han om morgonen da han steig opp. Han tykte han hadde ei djup meining med det, han fekk lodde botnen i det han som lysta, visst han kunde det.

Det hadde aldri falle han inn at ikkje han og Vårhere vilde det same. Han hadde enda bedt han at han måtte få råderom til å gi fan i folk. Men hitintil hadde det set ut som han og den andre støtt vart to-eina i mot dem.

Og no syntes han sjå han hadde vorte åleine i mot dem. Når ikkje ein gong eins eigne folk trudde på ein, ikkje vilde ein anna enn vondt! Indiana var einaste sjæla som heldt av han, på det vise [84] det var. Derfor hadde dei skyssa etter henne, og dei var som vanlig i sin gode rett. Som vanlig ja.

Like vel kjente han seg ikkje svimeslegen. Han hadde aldri gått ut med lettare hjarte. Det som hendte i går-eftas la han att etter seg til så lenge. Orda var sagt, og resten kjente han seg mann for visst det bar til. Visst det så var laga. Og i grunnen var det småting. Der var noko anna han *ikkje* kunde gi seg på. – Eg er dømt til vona eg, tenkte han; enno skal eg bli dem ein god mann.

Først var han ned og snakka med Karl Albert om garhandelen, for det hadde han rette mote til no. Han kunde fortele at Kvitugla låg for døden og at testamente var i stand. Alt var i stand.

Karl Albert var uvanlig open av seg i dag. Han nemnte han hadde hørt at der vart ingen auksjon i Fagernes, kunde ingen byttehandel bli der, nei vel, men han for sin part vilde selge dess før dess heller; så slapp han òg tvangsauksjonen. Så han stod ved handelen, visst berre Didrik gjorde det.

– Der kom eg no så langt, sa Didrik da han Shaj gjekk der ifrå.

Næste dag tok Didrik vegen vestetter att, der han fór dagen før. Han åtte husa på ein liten garpart som låg øde. Der hadde det leigd seg inn ein mann med huslyden sin, ein skulde aldri ha set slik ei umengd med stygge ungar. No var det eitt av to: enten kjøpte han stua, eller så laut han ut. Her den førre dagen fekk han ikkje mote til å snakke med han. Kroppen var nøydd til å kjøpe, eller [85] rettare sagt, bygda laut kjøpe, for kor skulde dei elles gjera av han? Ein måtte som sagt til å føre saka si sjøl. Han var innom fattig-ordføraren og kunngjorde korles det stod til med han som aldri betalte. Han fekk berre ein vantruen smil til svar. Han venta seg ikkje meir heller.

– Som Tale lo da ho fortalde at Nybomma mi hadde reist, sa han da han var i heimvegen. Kven har makt nok til å stå i mot slik ein vondskap. No var han da bra åleine, han kjente seg isande einslig under himmelen, han der oppe fekk sjøl svara for kva han meinte med å gjera det slik. Ein burde kan hende takke han for at han gav ein så frie hender.

Da han kom heim var Lea der. Ho sat på kjøkenbenken og dingla med føtene som ein gjentunge.

– Nei da, sa ho, eg kjem ikkje og krev deg denne gongen, vi let heller loven verke på deg. Nei eg fer med godt budskap i dag. Og så fortalde ho det ho hadde fortalt dei andre: No når det synte seg at dei virkelig berga garen, no var ho så glad at ho hadde sett kallen sin til å bryte opp eit nylandstykke, der og der, så dei

kunde fø fjerde kua litt likare enn dei gjorde no. Men sjå han, sjøpølsa, han kunde det ikkje, betterde om han det kunde nei! Så hadde dei komme på å gjera dugna, i morgo den dag, for rettno var det vinteren. Karl Albert talde dem til det, han baud dem enda varer på borg og koppar og stell til låns frå bua, storveges, han måtte [86] vera feig no. Han sytte enda for det dei skulde drepa tørsten med – det kom til å bli ein våtvoren kveld i Fagernes, det kunde ho helse dem med, og dans og full glede. No peisa ho rundt frå gar til plass og bad inn folk, eller ungdom, rettare sagt, likt og ulikt, – dei svara både ja og halelu-ja! Så nær som Håkon her, men skit, ein halvbror meir eller mindre tok ikkje ho seg nær av. – Du er enda velkommen du òg, far, slik du er, sa ho og hoppa ned frå benken. Om det så er berre til etinga og drykkja; kom og sjå på styggheita! – Og du, Ragnhild, du står der og skin. Ja ja, han saknar ikkje sola som har deg i huse; eg likar meg best når eg er langt unda deg, eg, du veit kråka er ikkje den styggaste ho heller når ho flyg åleine. Gud signe dykk alle sytten!

Ho sa farvel og fór.

Det vart ein våtvoren kveld i Fagernes, som Lea hadde spådd. Karane hadde arbeid og ete så dei var ikkje *til* noko meir. Dei kvilte eit tak, og så kom pongsryta inn; og så kom gjentene. Så kom spelmannen òg. Da var dei like kåte som om morgonen, og etter kvart vart dei vel så det. Karl Albert hadde komme over sunde og stod for ponsen og dei ting, det skulde ein til det òg san.

Karl Albert og Morten hadde talast ved ofte i det siste. Det var om Didrik. Dei kunde ikkje komma etter kva spekulasjonar han gjekk med, han lest som han var dem for klok. I kveld kom [87] han hit, tålig visst, og var lykka god så var vona god, Indiana hadde lova å få han full. Ein eller annan hadde fått Paul, spelmannen, til å be henne om det. Så eit ord eller to måtte der bli å få høre.

Dei venta lenge på han. No visste han vel han hadde ikkje berre venner her, Paul var ikkje eit vettugt menneske når han kom i hug Didrik, andre fiendar hadde han frå før, og dei siste dagane hadde han fare fram som ein tyrk: han hadde hivd ut ein huslyd som hadde budd fritt hoss han i fleirfaldige år; det tykte mange han var *verd* lite grand for, attåt alt anna. Men slikt pla ikkje Didrik anse på. Juling hadde aldri bite på han.

Og kom gjorde han. Han helsa og smilte stua rundt, som han var vant til; det

var i kvila etter ein lang dans. Han vart sessa i kammerse, for det var hedersromme i kveld, og så kom Indiana i kvitforklæ og med brett og fullt stell. Han fekk ikkje vera her utan han drakk som eit anna kristenmenneske. Mange vakta på han med ho stod der framfor han. Det var berre ho som vart brydd, ho hadde vorte raud som nypa. Didrik han skjemta med henne og nøydde henne til å drikke av glase hans først, ropa så til dem som såg på at dette var gjente det, slike skulde gamlemor Norig ha havt mange av! Skål nokon kvar! Og dei drakk med han alle sammen, det var gjort før dei vardest. Didrik måtte vera fødd i skamma, han var både blind og dauv for den.

[88] Så reiv Paul opp ein ny slått, og så var dei i trampinga att.

I kvar kvila hadde Didrik orde. Han heldt for det meste til i politikken, og den brydde dei seg lite om, men Didrik måtte dei høre på, måtte høre seg arg på han om ikkje anna. Visst hadde han lese meir enn andre, det var enda han som hadde sett i hop den vesle stubben at «bokhylden er en stige, hvorved du bliver din overmands lige», kom ikkje der. Bibelen hadde han lese frå perm til perm, grundig, mest som han las lovar og dommar og slikt; men kva han meinte om den det heldt han for seg sjøl. – Lat oss halde oss til den verda vi er i, pla han seie, og det sa han i kveld òg. For eitt er visst, og det er at verda er *god*. Ingen ting i vegen nei, anna enn at folk er dumme. – Ein full ein bad han passe si eiga dumheit. Det hørte ikkje Didrik. – – No fortalde han om Sverdrup, han Johan Sværdrop, som han sa. Det var mannen det; berre dei hadde havt han ved styre enno! Han hadde set han og snakka med han.

– Du har fan ikkje set i busta på han! ropa ein.

Didrik han tala om sitt. Og set han måtte han vel ha gjort, det visste alle, – han gjekk enda beint på han i hovudstadsgata, kva gjorde ikkje 'n Didrik? og så sa han: – Er det her 'n Johan Sværdrop? sa han. De må betterde eta, mann, De er grådig så liten og mager! Det *var* han som sa dei orda, kom ikkje og fortel det var ein nordlending! Han var ikkje Didrik for ingen ting. Og slug som farligheita [89] det var han, og utlærd i alle slag develskonster, hald deg unda der, ban. Men i natt var dei jamngode med han, mange, han burde vera litt meir utrygg.

Da la han ut på golve og vilde danse.

Det var ikkje Paul som spela no, han var for full og måtte danse. I staden hans spela Finn-Jørgen, ein skamdrukken finn som rak i garane med ymse finn-

arbeid. Folk sa han var sviken i kjærligheita; han var gråtande ulykkelig når han vart påskjenkt. Da dikta han det han spela, tok det beint utor hjarte, vart det sagt, og ofte murra han og song attåt, når sorga vart han for nærgåande. Her i lage skulde han ikkje ha vore, tykte dei, men Lea var ikkje den som viste vekk nokon.

Didrik stemna bort til Indiana, men i det same fór ein gutfark avstad med henne, det var enda Paul, og gliste og lo gjorde han. Det gjorde mange, men Didrik lest ikkje sjå dem, han fekk seg ei anna jente og la i veg. Han dansa ikkje dårleg enno. Næste dans var han tidsnok ute, fekk Indiana med seg og dansa som ein brurgom.

– Arti å sjå at folk kjærleikar seg, sa Lea; dei visste ikkje kva ho meinte.

Finn-Jørgen la seg framover og gnudde på strengene av livs makt. – – Han arbeider på forsagd no, sa folk. Tunga kom fram i munnvika på han, auga stod stivare og stivare, og sist på let dei seg att. Da tok han til og murra og song på omkvæde sitt, langt langt nedi tonane: – *Skjæbnan, skjæbnan!*

– Finns ingen skjæbna! ropa Didrik.

[90] No først bar det til å *danse*. Dansarmote sette opp i alle, ein kunde tru det var stua som var på styr. Didrik vart skumpa og skuva så godt det let seg gjera, men det tok han med i moroa. Indiana dansa med han, så var alle sorger vest i have til så lenge. Jamenn var han glad i henne like vel! *Ho* forrådde han ikkje, ho kom ikkje til å nemne eit ord om planen hans. Henne måtte det vel forunnast han å gjera glad ein gong?

Han fekk ikkje danse med henne meir. Unggapen rådde golve og heile stua no. Karl Albert og Morten baud han skjenk alt i eitt, og han drakk trøstig, for han skjønna kva dei vilde han, krokane. Litt om senn ansa han på korles dei såg etter han, mange av skarvpakke som var her, så skygt og skumt at dei kunde ha skræmt redde folk. Ja vel, han skulde vera snild og gå no. Han gjorde seg veg fram til Indiana, og let så ho skulde følge han eit stykke på vegen. Han var meir høgsmelt og ung enn nokon av dei andre. Ho vilde ikkje. Han drog i henne, men ho gjorde seg morsk og sleit seg ifrå han.

– Eg undres ikkje på deg, sa han.

Lea sa til Morten at han burde vera med værfarkroken sin eit stykke, mørkt var det, og mangt slag folk ute, – du veit dei har vore borti skinne på han før, sa ho. Den galne mannen kan vera attkommen, det var gjerne far han leita etter.

Morten var ikkje å rikke. Han mumla enda nokre ord om at ei lappa skinntøye det missunte han ikkje somme folk.

[91] Didrik såg etter Paul og eit par andre, skulde ha sagt godnatt med dem og. Men dei var ikkje å sjå nett no. Lykke på reisa, han kunde gå forutan. Det var bra dei ikkje hadde med seg Indiana ut i mørkre. Han hadde den gleda at ho såg etter han da han var i døra, dei heldt på og skulde få dansen i gang att.

Både Håkon og Ragnhild vart ottesame da dei hørte Didrik sette av ut om kvelden. Dei visste kor han tenkte seg. Ragnhild vilde ikkje nemne det for Håkon, for ho krevde ikkje at han la i veg etter far sin og henta han heim, den skamma vart han for dryg. Håkon vilde heller ikkje nemne det. Når ein ingen ting kunde gjera ved det, da var det heller ingen mon i å snakke om det.

Ho kom i hug Paul. Det var da godt der var så pass livsvon i han at han spela. Ho kunde kjenne det på seg korles det var å vera han no: Han kan ikkje bli meir ulykkelig enn han er, *der* er botnen i han. Ja visst er det hardt, men. Samstundes er han vill og kan kjøre seg ut i både likt og ulikt, han trur enda han kan drepa seg. Og så er han stor, større enn han drømte å bli, for ulykka gjer folk større enn lykka kan gjera dem. Dei ler til han og dei har vondt av han, dei talar om han alle samem; han kan umulig kjenne att seg sjøl no. Der med strauk ho han ut utor minne. Han greidde seg alltid, på eit vis. Men korles kom det til å gå her i huse? Der hadde sitte ein [92] ir i henne alt frå den kvelden sist Didrik kom frå byen. Ho syntes ho hadde sove hittil. Stund og anna hørte ho tonen frå *dei* dagane: – Eg finn meg vel ein stad eit himmerik. Det var mest som han leita etter henne.

Men no gjekk ho og la seg; det var det einaste å gjera.

Håkon vart ståande ute da han hadde vore hoss hestane. Han kjente seg nedkuva under stilla og stjernetyngda. Men han visste det var ikkje det som gjorde han nåmen. Nei, det var det at han måtte sjå. I det siste hadde han set faren alt i eitt, som *eit menneske*. Og eit menneske det har retten sin. Og eit menneske det skal døy, det er det einaste som er visst, kva er der så å gjera? Og den som står og ser slikt, han er utanfor. Kva rett har han til å gripe inn og styre nokon ting? – Men visste Ragnhild kva for ein eg er, tenkte han – – men herre gud, det er da det ho gjer. Det er just derfor ho ikkje slepper deg.

Han gjekk og la seg han òg. Det raraste var at han merka sømnen tok han.

Han tvervakna hest det var. Så vâk kunde han ikkje minnst han hadde vore før, nattens tid. Han måtte ha hørt gjennom sømnen at enno var ikkje faren atkommen. Han sette seg opp i senga. Ragnhild ho sov; ho var langt borte frå han no. Han tok på seg klæane og stal seg ut. Han laut gå og få kallen heim.

Ute var det store lydlause natta, langt bortom [93] midnatt visst. Himmelen levde, han var berre stjerneblunk all vegen, men jorda var sløkt og død. Som snarast hørtes lyd av mannamål, men umulig å seie kor det kom ifrå. Så var det nattstilla att.

Han la i veg, vestetter og rundt vågen, han syntes han visste at den vegen hadde faren og teke. Han fór fortare etter kvart. Da han kom over haugryggen var det radt som føtene visna under han. Han torde ikkje stane og lye, for den der lyden kjente han, det var faren som jamra seg, han var skamslegen. Siste stykke småsprang han. Der, bortunder eit granbyskje, låg han. Nei, han kom kravlande fram til vegen.

Håkon vart heilt rolig. Først vilde han sjå kor mykje dei hadde gitt han. Andlete var ei blodkake, – så gale hadde han set før ein gong –, men der var djupe sår i hovude på han. Ja, dei hadde vore harde straffarar, syndharde, dei hadde gitt Didrik for alle gongene no.

– Korles er det med Dykk, far? spurte han.

Der kom berre ei jamring til svar. Håkon fresta å reise han opp, men krypen kunde ikkje sette fot under seg. Han stod litt og såg seg i kring. Det var ikkje langt til bekken, og dit bar han faren og vaska av han blode som blinda han. Det synte seg at meste blode kom frå ei stor flære over venstre øre, og frå bae øra, for dei var halvveges avrivne. Eina auge var overhovna, og det andre stirde ut i vøre som det var dødt. Bak i nakken hadde han ein diger kul. Håkon reiv fôre [94] utor trøya si og batt over verste sâra så godt han kunde.

Kaldvatne måtte ha gjort Didrik godt, for no tok han eit par djupe andedrag, og så snakka han både vake og medvitande, bad Håkon gå heim etter hest.

Håkon svara ikkje. Han kunde ikkje late faren bli liggande her, natta var ikkje slik. Ein gong sprang han etter hjelp til han, sprang til det smaka blod, – der var ein som hadde skamslege faren – det var sommars dag det, og vel gjekk det den gongen. Det gjekk som ein frost gjennom Håkon kor all ting var ansles no. – Nei, murra han, bøyde seg så og tok faren opp, la eine armen hans over aksla på seg

og gjekk med han. Det vart mest som å bera han, og smått gjekk det. Didrik anka seg. Flytt og anna tok han og bar han på ryggen. Det teikna til ein langvarig heimveg.

Da kom Ragnhild rennande.

Ho hadde vakna og hadde visst at Håkon var ute etter faren. Ho fresta å sovne att, ho trudde han vilde vera åleine. Men det var umulig å få sova, og snart etter var ho ute, kom innanfrå svarte kammerse og sømnen og rente hovude ut i stjernevêre. Slik ei eldmørje med stjerner! Der var eit heilt glo-fok av dem, – undringa fór i henne i lag med angsten for Håkon, – kva vondt var det *han* skulde ut og møte i natt?

Først sprang ho ned til sjøen, men der var ingen [95] båt ved lande, fór så stranda frammed og vågen rundt. Ho ønska utan ho visste det at Håkon var i nød og ho kunde berge han. Da ho fann han skjemdest ho for det ho kom vasande slik. Men så syntet seg ho kunde vera til nytte. Han sa enda ho kom i rette tid no.

No gjekk det ikkje så verst med å få han heim.

Da dei hadde Didrik i seng, tok Ragnhild seg for og vaska såra hans. Ho bleikna da ho såg den store flæra i hovude. Men dette måtte her gjerast noko ved, og det straks. Ho snudde seg til Håkon, som stod der og halvt såg på.

Didrik bad henne: – Saum att verste gape du!

Ho vart enda bleikare. Ho såg på Håkon at han skulde ho ikkje be. Ho fann seg det som til skulde, og gjorde arbeide. Eit par tak var ho åt og skulde uvita, men så gjorde Didrik det i staden. Ei stund gjorde ho seg til dyr, det var nær på ho murra; så innbilte ho seg det var fisk ho sauma i. Didrik kom seg så vidt han takka for arbeide.

Håkon gjekk og la seg, for der var enno att ein stubb av natta. Ragnhild såg til Didrik alt i eitt. Først sov han ein god tøy, og vakna som ein frisk ein; men da ho så kom til han att var han rød i andlete og låg urolig. I det same hørte ho vinden ute. Landvind, etter det ho kunde høre. Ho gjekk og snakka til Håkon.

Dei vart straks einige om at dokteren måtte hentast. Men dokteren budde i byen, og dit var [96] det to gamle mil. Og kor var der no eit edru menneske til å skyssse? Ho gjekk opp og vekte Tale.

Tale kom fort ned. Ho vilde kjenne på pulsen hans, men det fekk ho ikkje. Dei gjekk ut i stua alle tre, og no visste Ragnhild det:

– Det einaste blir å ro til byen med han, no før landvinden kvesser i. Så kjem han under dokterhand mange timar tidligare. Og så slepp vi å ha meir enn ein sjukling i huse.

Der var ikkje noko å seie i mot det. Dei tagde.

– Du veit eg kan ro, sa ho til Håkon.

– Ja ja, er du huga på det, meinte Håkon, så kan da eg vera det. Det er fort snakka men seint gjort.

– Vi må i veg. Ho såg mest hardt på han no.

– Det er så. Men høyr der du: Han seier nei.

Og no hørte dei austavinden, han kom så nyvaken og friskhelsug at det var ein lyst.

– Så får du aust i Støvika og gjera laus 'n Ole Peter. Han var ikkje i dugnaen.

Men da dei kom til Didrik slo han seg rang. – Langt ifrå, han skulde ikkje til byen! I morgo den dag var han god kar att, og i morgo hadde han viktige ting å gjera. Det nytta ikkje kva dei sa, han kava dem ifrå seg.

Tale lo ikkje. Ho stod med ei ny skjorte i handa og vilde bytte på han. Han låg litt og stirde på henne med det auge som såg.

[97] – Ja ja, Tale, sa han. Når du meiner det så vel med meg, da lyt eg gi meg. Men på eitt vilkår. På eitt vilkår, hører du: Du skal ha bytta om kåre mitt i pengar til eg kjem att. Pengane på borde, skjønner du.

Tale lo, men det var ikkje den vanlige kaldfliren hennar:– Ja eg kunde vel vera traven den same –

– Lovar du det så folk hører på? For elles – –

Håkon såg i take. Ragnhild kjente pina gå frå han og tvert igjenom seg. Aldri hadde ho set det klårare at ho var berre eit vanlig lite kvinnfolkkre, men det var inga årsaking for *henne*.

Ho flytta Tale til sides, tok i Didrik og smøygde skjorta fram over hovude på han, og bytta på han den nye. Han vart liggande og ynke seg etterpå og såg forfæld på Ragnhild.

Dei var ferdig i ein fart. Da dei bar han ut i vogna, stod legdekjerringa der, ho Tull-Beret, og såg på styre deira. Ho hadde omgangslegd i garane og kom hit i gårkveld, til Vonlausheimen, som ho kalla garen her. Best det var sette ho i med ein høg lått, han var tør og skjerande som eit hønemål, og reint uhuglig lystig.

– Det her er berre andre gongen det, Didrik. Tredje gongen, da går det best!

– Tredje gongen, da slær dei han kvik i hel, sa Arn.

– Ja lykke på reisa! sa Tale.

Det måtte vera *dei* ho snakka til, for dei kjørte just med det same.

[98] Det vart både motvind og motstraum. Tre mann på ein sekstring tek seg fram lenge; og dette vart lenge. Kvar gong dei kom ut for ein odd så vøre og straumen fekk fullt tak på dem, vart der ei stund at dei rodde og rodde og båten stod still, og først når dei gjorde seg sterkare enn dei var, sleit dei seg laus og vann seg inn i livda att. Gong for gong når dei streid som verst, sa Ragnhild: – Nei, gutar, no må vi til å ro lite grand!

Når dei kvilte innpå ei logn vik, såg Ragnhild etter korles Didrik hadde det. Da tok han til å snakke. Han hørtes blåvaken, og vislig og vond som han skulde vera, men det han sa var slik at dei laut tru han tala over seg i fylla eller feberen. Dei hørte det og hørte det ikkje. Han fraus i alle fall ikkje.

– Han Håkon! lo han. Garen gav eg bort til han. Ikkje for under han må hemne det. – Du? sa han til Ragnhild. Deg er eg redd. For der er noko godt i deg; du er av same slage som eg. – Jaså, Vårherre er rettferdig? Da er han min mann. – De snakkar om medmenneske. Ja da, det let ikkje stygt det. Men eg har ikkje bedt om dem – ta dem til deg att, Herre! – Ja visst har eg råkt på ærlig folk. Men eg gjekk av vegen for dem. For enten var dei for dumme eller for sluge. Men når du seier at menneske er ypperste skapningen på jorda, da snakkar du om deg sjøl; og det er ikkje fint. Og kva seier du ikkje om oss andre straks etter! Ho-ho san! He he! Det er mange [99] som påstår dei er store syndarar. Det er ikkje rådelig du sannar med dem, har eg lært. – Det er lettgjort å lyge når ein tier still.

Enno ein gong laut dei kvile på. Dei visste ikkje om dei kom lenger. Didrik snakka i sitt.

– Ja ja, Håkon. Du skal ikkje vera redd å seie meininga di. Det er ikkje så visst at det er di meining. – Du Peleoter, sa han til Ole Peter, du er lykkelig du. For du er berre ein husmann i verda. Lykkelig eg? Nei gut, eg er ein mann og ein

nordmann, eg vik ikkje frå retten min! – – Dei bed meg ta konsekvensen av det eg seier. Dei *unner* meg det. Konsekvensen ja, det er ein smal veg det. Bli han oss for smal, da opnar der seg andre vegar, utvegar; det kallar vi Forsyne. – De bortfører meg! Eg –

Dei rodde og rodde. Dei mumla om å snu, både Håkon og Ole Peter. Ragnhild hørte det ikkje. Endelig la dei åt land. Dei kom ikkje lenger, for sjøen oskerauk no. Og no nådde dei i kjørevegen til byen. Dei fekk låne hest og kjørte Didrik på sjukehuse. Ole Petter venta til dei kom att. Dei var så utslitne, det var armelig dei stod; ja dei kunde mest ikkje sitte heller. Og dyvåte var dei. Didrik visste ikkje til seg lenger.

Sjukhusdokteren saumfór Didrik. Han trudde ikkje det skulde vara så lenge før han var god kar att. Han let enda vel over sauminga hennes Ragnhild.

Didrik var berga denne gongen òg. Det gjekk [100] som ein styng mot hjarte både på Håkon og Ragnhild.

Ho vart så glad ho sa Gud skje lov; men ho tenkte kanskje mest på Håkon da ho sa det; ho hadde rodd hardt for dem baa to i dag, – ho åtte knapt skinn inni handlovane.

Han òg vart glad; men han vart redd seg sjøl, for no kjente han at heile tida med dei rodde og faren snakka så stygt, hadde han sitte og ønska det vart enden med faren, han var så ikkje eit rettelig menneske like vel. I alle fall hadde han vore like glad med kva som hendte. – Men er eg eit rettelig menneske, tenkte han, da er alle det.

– Ja Gud skje lov da! sa Ragnhild enda ein gong.

– Du kan ha rett i det, mumla han.

Vinden spakna noko utetter kvelden, så pass dei kunde føre segl, og dei kom heim att utpå føremidnatta.

Tale kom ned og spurte korles det stod til. Elles sa ho ikkje stort.

IV.

[101] Det vart fortald mangt bortgjenom garane om overfalle på Didrik, men det vart sjelden fortald høgt. Alle visste alt, berre dei vilde ut med det. Men at slikt kan gå for seg, her midt i kristne meinigheita, det var ikkje til å fatte. Enda

ingen kunde undrast på dem, om dei forgreip seg ein gong på han Didrik, for kven hadde ikkje vore huga på å klå han lite grand. Men like vel da!

Så var der ein som kom i hug han galenmannen som fór her. Han hadde set han, kvelden før overfalle, han såg ein frammandkar som fór så eldfort etter vegen. Når sant skulde seiast så hadde dei komme i hug han nokon kvar. Dei hadde hørt han var rømt utor arresten, og kven annan enn Didrik var det *han* vilde råke? Dei måtte i alle fall undrast på Håkon, at han ikkje gjorde noko med dette. Det fekk vera måte med å vera ulik far sin. Lensmannen kunde vel òg ha rørt på seg no?

Dagen etter dei hadde vore i byen kom Lea settande til Stavsund. Ho vilde vita om faren stod det over. – Eller har han fått det han skal ha no? Ho lo, men det var for det ho var redd.

[102] Det var Tale ho snakka med. – Han må visst ha ein kakk til, svara ho, ho stod og plagdes med å få loggbande på ei bøtte. – Ja, eg meiner no bande her, la ho til; han Didrik står det over, forteler dei. Ho fortalde litt om kor han hadde fått det som verst.

– Jøss, dei skulde ha havt dei som fer fram slik! sette Lea i. Ein skulde dra katten etter rompa over nakne ryggen deira, så lenge der fanns klohald.

Ho måtte snakke med Håkon, let ho, – den der sonekona di er blåe barne enno.

– Ho er barn så det er å gråte over, sa Tale. Kva trur ikkje ho på! Og enda så veit ho all ting om verda og vondskapen. Eg ønskar eg var slik eg òg.

– No spyr eg, sa Lea, ho la på dør. Ho gjekk åt låven, for ho meinte ho hørte Håkon stomla med einkvart der.

Ho fann både han og Ragnhild innpå låven. Da ho hadde hørt det dei kunde fortele henne, sa ho til Håkon:

– Du må fara lint fram med 'n Paul, kor som er. Kom i hug både eitt og anna, og meir til.

Håkon tagde litt, og så spurte han: – Veit du det er han da?

– Står du og er slug no, din tosk! Ingen veit noko grande om den ting. Men vi veit det vi veit, like vel – du er så dum! Eg vilde jamenn tykkje synd i han, skulde han bli hengt for det der. Eg [103] såg han i går, eg trur han angrar seg med all

sin kropp. He?

Håkon stod så rolig han brukte gjera når Paul var nemnt. Ragnhild såg han utan å snu seg den vegen: Munnskjegge hang litt, og eine augnebruna kom høgt opp; og auga, – dei blunka elles med eit lys av klokskap, men det var borte no. Håre frami panna såg ut som det var stryke med ei ulykkeshand.

– Og stakars far-kroken vår, heldt Lea fram. Han fer vel til han råker ut for uretten ein vakker dag. Berre han ikkje alt er smidd, den hammaren som skal ta han ned. Nå ja, verre enn gale plar det no sjelden gå. Når han kjem heim no, da vonar eg han har gått i seg sjøl, endelig ein gong.

– Da er han tynnklædd, sa Håkon.

Lea skrattlo, og la i veg heimover. Ragnhild tenkte: Slik kan eit menneske fara sin veg og late dei andre stå att i sitt. Dei får reie seg utor det så godt dei sjøl kan.

– Her står vi ein gong att, sa ho og tok handa til Håkon. Ikkje sant? Og jamenn såg han på henne, tok seg på tak og kom opp til henne att.

Dagen etter gjekk dampbåten til byen, og før dei visste ord av stod Tale byklædd og på ferdafot. – Ho skulde til byen ja, fortalde ho, hadde så lenge tenkt det. Fekk ho tid vilde ho sjå oppom sjukhuse òg, høre korles folk der hadde det.

[104] Og med seg sjøl sa ho at ho vilde sjå om der var von i kallen enno. Det var så underlig. Ho bad til Gud at det ikkje måtte feile han noko, og at han måtte ha fått så mykje at han gav opp Nybomma og alt anna gale som sat i han. For resten, bad gjorde ho ikkje, ho var ikkje så for seg, ho var utanfor både kristeligheita og Vårherre no. – Han fresta å banke meg til seg, han Didrik. Å jau san! Eg flirte første gongen, og eg flirte sia. Det blir gjerne han som ler både sist og best. Det går vel ein flir om senn.

Den kvelden vart Gammalfaster reint dårlig. Det hadde elles gått fort nedover i det siste. Ragnhild nemnte dokteren, men da kava ho og peip, ho hadde vore redd den mannen all sin dag. Da ho vart litt likare ei stund, spurte Ragnhild om ho ikkje vilde ha presten. Gamla vart så arg ho vart reint frisk. – Så gammal som eg er! klaga ho seg. Og han som prekar så seigt: sjølve kjerringdauen! Eg vil ikkje – – pinast meir enn eg er nøydd til! Ho var borte eit tak, men ho kom til seg att. – Presten! kviskra ho og 10. Han sa til meg ein gong, med eg levde: Tenk på du skal døy, sa han. Tenk sjøl, svara eg. Hi-hi-hi! da veik han frå meg. Det vart det siste

ho sa. Ho sovna, og sia var der ikkje noko samling i henne meir.

Ragnhild vaka over henne heile natta, og prøvde å gjera det så lett for henne som ho kunde. Natta etter vaka Håkon. Han klara det fint til utpå ettermidnatta. Da sovna han av gong for [105] gong, eit lite napp, var oppe og vætte leppene hennes og flytta litt på henne, stridde så det han var mann for, og dubba att. Han sakna kvennduren. Ein gong fór han opp utor sømnen så han nær hadde velta stolen, og da var det slut med henne. Munn og auga stod opne, som dei hadde gjort, men ikkje var der lyd i henne og ikkje liv. Det var ikkje ein gong uhuglig. – Berre reklingane att av meg no, kom han i hug ho sa. Han stelte litt med andlete hennes, slik han trudde dei gjorde med lik, og der etter tok han lampa og gjekk ned.

Ragnhild var snar til å komma seg opp da ho hørte korles det stod til. – Let du menneske ligge der åleine og i mørkre da? sa ho, tok lampa og gjekk på loftet. Håkon følgde med. Arn, som låg i eit lite kammers på andre sida loftsgangen, hadde vakna og kom stiltrande. Han kom liten og morgonbleik, men han var fullt vaken. Da dei hadde lagt eit laken over like, sa han til Håkon:

– Var du åleine i lag med henne da ho døde?

Han svara at det skilde ikkje han.

Så var ikkje der meir å gjera, dei fekk gå ned att. – Ingen skulde døy yngre enn henne, sa Ragnhild. – Ingen skulde leva lenger heller, meinte Håkon. Ragnhild tok lampa med seg; ein skulde vel ikkje brenne lampa for eit lik, når ein tenkte seg om.

Og no fekk dei til å tenke seg om for ålvor. Det vart så mykje å stå i at dei kom ikkje i hug Tale før ho stod i døra, dei hadde ikkje hørt [106] dampbåten heller. No først ansa dei kor to-samen og nær einannan dei hadde vore i arbeide, kor underlig det hadde vore. Dei kom til å sjå på einannan. Det var mest som den eine sa til den andre at ein slepp ikkje frå live med berre arbeid, der er mangt ein må vita og vita råd for. Ragnhild syntes sjå eitt eller anna umulig som ho måtte klare; ho vart redd, men så gjekk det over.

Tale kunde fortele at Didrik var tålig bra og vilde heim, men dokteren let så at enno på ein fjortendags tid slapp han ikkje laus. – At ho ikkje drygde litt med denne dauen sin, så han fekk vera med i gravøle hennes! sa ho. Eg undres, eg, om der blir noko på han i testamente. For det lit han på; herre gud kor han lit på det.

Han er så dum at.

– Dum? Ragnhild måtte sjå på henne.

– Han ja! Han er så dum han flyt på ferskt vatn. Det er derfor eg er så klok.

Testamente hadde ungfolke ikkje tenkt på. Orde hørtes ikkje trivelig, der fanns liksom ikkje noko godt i det. Dei svara heller ingen ting.

Dei laut ta til att der dei slepte. Dei vilde gjera eit sømmelig gravøl for Gammalfaster.

Didrik hadde ikkje ro til å vente på dampbåten da han endelig hadde sona straffa, som han sa. Han hadde hørt nysn i at gamla var død, og kom med båtskyss dagen etter gravøle. Det første han spurte etter var testamentet. Elles sa han ikkje [107] mange orda, og gav ingen nokon ans. Da han vel hadde fått seg mat la han i veg til lensmannen.

På sjukhuse hadde han sitte still i senga dei siste dagane og tenkt. Hovude hadde aldri vore bedre å tenke med. Det hadde ordna seg klårare og vissare for han det han no hadde å leva for. Det var ingen draum lenger, det var eit reknestykke, og no var det *rett*. Han hadde all tida rekna like godt i hovude som andre på papire, han var slik fødd. Der til var han så heldig han fekk ein mann breiddmed seg som visste mange gode ting; han visste prisar, like til prisen på turbin-røyr. Og no hadde Didrik det fastslege, at vart der eit par tusen etter Kvitugla, da kom han pinefritt i gang, ja han kunde klare seg med det halve og, utan å knegå Håkon.

Det raraste var at han møtte lensmannen i vegen, han kom just og skulde til Stavsund. – Det var dette testamentet, sa han og tok seg utanpå brystlomma. Han gav det ikkje til Didrik. Didrik måtte gå i breidd med lensmannen heimover. Det var ei tukt å trø så smått; og lensmannsknarken han snakka om alt anna enn sjølve tingen. No ansa Didrik kor kaldt det var. Det hadde sett til med berrfrost, det var så stikka spratt på marka, som folk sa.

Lensmannen vart med Didrik inn i kårstua, men han skikka bud etter ungfolke. Det gav eit lite nogg i dem; og lensmannen sat der så rar, tykte dei. Så opna han papire.

[108] Det synte seg at Håkon skulde ha pengane etter Gammalfaster, men så skulde han koste gravøle, etter som han sjøl syntes det høvde, – det hadde han alt

gjort; der var enda skrive nokre ord om at han var den som mest trong dem. Lea skulde ha sølve og Tale klæane etter henne. Didrik fekk sølvknopp-staven etter mannen hennes, og bibelen og langpipa. Arn fekk storkista hennes og den store rare tollekniven, Johannes hadde ho komme i hug med sølvklokka etter mannen. Det vesle som var att av husbuna fall på Ragnhild. – Indiana Nybom var heller ikkje glømt: ho fekk bønneboka og brurahuva hennes; lønna si hadde ho fått før, for åre til endes.

Slik var det.

– Ja ja, sa lensmannen da dei hadde tagd lenge nok, og gav papire til Didrik, – slik står her, som du ser.

Didrik tok papire og såg i det. Han trudde visst ikkje øyra sine, og ikkje auga heller. Retta det så til lensmannen att. – Du får ha takk da, sa han.

Da kom plaga over Tale ein gong att, ho måtte flire. Kunde umulig anna. – Dei har no i alle fall alderen sin dei tingane du har fått, sa ho til Didrik.

Han hørte knapt kva ho sa. Det vona dei alle. Men best det er ser han slik på henne, og sia på dei andre, at dei ønskar dei var ikkje der. Dei kjenner det, at når ein mann blir så vonsviken [109] da veit dei ikkje kva han finn på, og ikkje veit han det sjøl.

– Ja, De får ha takk frå meg òg, sa Håkon, han vilde til å gå.

– Bi urlite! bad lensmannen. Han famla fram bankboka, som han hadde havt i forvaring. – Atten hundre og fem og femti kroner og sju og tjuge øre, las han. Men renta for iår er ikkje innskrive, sjølsagt. Gav så boka til Håkon: – Der. Slit med helsa!

Håkon takka og tok i mot, og han og Ragnhild gjekk ut or stua.

– Slik gjekk no det, sa han da dei var for seg sjøl. Kva gjer vi så?

Ragnhild både såg og skjønna at her hadde hendt noko som dei måtte ønske uhendt. Ho hadde aldri opplevd det før kor nådelaust det er at gjort ikkje kan bli ugjort. At det er det som er å leva. Alle andre hadde vel set det. Men *ho* hadde ikkje rett til å stå slik og sjå. Og ikkje måtte Håkon få gjera det heller, det var derfor ho var her. Ho syntes einkvan sa det høgt til henne i same stunda, at slik var det ja; lykka gjekk i eit djupt og rolig drag gjennom henne. Ho la handa på aksla til Håkon. Og da merka ho ein gong igjen kor varmen og mote hennes steig opp i han.

Da måtte ho spørre seg om nokon hadde fått større gave enn ho fekk no.

– Meininga må vel vera, sa ho, at du skal hjelpe far din. At de skal gå samen de to. Eg, [110] veit du, eg meinte som du, før her, at det nye kvennbruke og alt det der, det skulde vera ditt verk. Og di lykke, hadde eg nær sagt. Eg gledde meg ikkje lite! Vårherre må ha meint det ansles. Hm?

– Vårherre ja. Håkon gjeispa. Lat oss halde han utanfor. Eg er ikkje så stø på om den mannen trivs her i garen.

– Du veit da vel han styrer med all ting, *det* veit du da?

– Jau jau. Når du seier det så. Han vil for det vissaste det vi vil. Når vi rettelig vil einkvart. Og når det ikkje er vøre det gjeld.

– Å, du er ein tullvalle er du! ho slo han på munnen. Ho lo, men det var gjort i hjartans ålvor.

Han måtte sjå på henne enda han ikkje vilde det. Det skjein så useielig stilt av andlete hennes. Så skifta det og synte seg med eit nytt liv, med ei ny djupn i auga. Kvar gong han fresta å sjå henne i auga måtte han elles minnst sjøen inne ved stranda ein solskinnsdag, sjøbotnen med stein og skjel som giglar og voggar under småbåra; der er all verda å sjå, men du ser det ikkje lel, du lyt heller sjå ein annan veg. Du blir forvildra av lyse, og finn deg att der du står og smiler og ingen ting veit.

– Hadde han far vore som eit anna menneske, så kunde mangt ha hendt, sa han. Men sjå, da er det uvisst korles eg hadde vore. Men: Eg kan gi [111] meg. Eg trur i alle fall eg kan det. Ja du veit vel det er kvennbruke mitt han vil bygge der nede? Alt er mitt. *Det* får skure.

– Ja, det får det. Ragnhild såg ut fortenkt no.

– Jaså ja, Vårherre held fast ved at eg skal sørge for meg sjøl, sa Didrik da han endelig tok seg for å seie noko. Ja visst, han er Herren han san. Da det var sagt, vart der så kaldt i stua, det måtte vera styggmannen sjøl som smilte nedunder dem. Det var elles ikkje dei ved kveldsborde han sa det til, han tala ikkje med nokon ringare enn seg sjøl, hørte dei. Og meir hørte dei ikkje av han den dagen, og ikkje stort meir dagen etter. Han hadde gått og tagd før, kom dei i hug, og jamvel Arn den vargtemmingen kom seg utor vegen for han på slike

dagar, han visste der var ikkje langt etter juling. Var ein da så skamlaus at ein skreik for det ein fekk, da gjorde 'n far sin *farsplikt*; og var ein so syndhard ein tagde til det, da gjorde han slikt slag. Nei men dette var noko langt anna og meir. Om det så var huse så måtte det høre at den som tagde slik, han snakka med ein vond ein, han forsvor seg.

Enda måtte dei ha vondt av han. Slik var Didrik.

Arn var slug nok og reddhuga nok, rettelig ein gutunge mot Ragnhild sitt hjarte; men enda råka han til å komma i vegen for far sin. Sjøl veit kva han hadde sagt eller gjort, men Didrik tok han [112] og tverrista han. Da guten slapp laus var han kvit rasande.

– *Blir* det ikkje folk tå deg! skreik han mot faren.

Didrik sprang på han og hivde han flat i golve så naseblode rann, og murra og svor over han: – Eg skal trø deg i hel! og det vanta lite på at han gjekk i gang med det straks.

Ragnhild hadde hørt ståke og kom inn i kårstua. Ho fór bort og tok tak i Didrik. Han snudde seg mot henne, og gutungen reiv seg laus og smatt inn under borde. Ho stilte seg i millom dem. Tale sat der overgitt, ho bad så tynnt ho kunde:

– Kjære deg! lat han fara åt som han lystar! Ellers blir det – –

Men Ragnhild hørte ikkje på henne. Både Didrik og guten måtte bergast. Ho hadde slept take i armen hans, men der stod ein hard strid millom dem, utan eit ord, utan at den eine tok borti den andre. Det var nivst. Da ser han hånlig på henne, smiler og går sin veg.

– No har du kanskje set han? meinte Tale, da ho hadde komme seg litt.

Ragnhild såg på henne liksom ho heldt på og vakna.

– Å ja, arme Didrik, sa Tale, *han* får det da heitt nok dit han kjem. Når eg tenker på det, da må eg vera god med han, – lat meg smikke på dingsen og lunke ein kaffedrope åt han! Ho reiste seg og sette kjelen på omnen. – Ikkje for [113] det, småsnakka ho, eg trur nok han kjem til å trivast *der nede*; han finn mange å bitast med der.

Fullt så stygt hadde ikkje Tale snakka før, ho vart redd sjøl òg. Tull-Beret såg det vel ho, stakar, at her heldt det vonde til. Ho let stygt somtid. Tale var ofte redd i det siste.

Didrik kunde ikkje få Ragnhild ifrå seg. Slik og slik såg ho på ein – kven var det som skapte slik helg over andlete hennes? Enten var ho hjelpa som var etla ein arming, eller òg var ho skyld i ufreden her på garen. Den som ikkje hadde havt større ting å tenke på! Da skulde dei ha fått sjå spel, meir vilde han ikkje seie.

Da kom ho i møte med han midt utpå tune. Han var ikkje mann for anna, han måtte stige i vegen og stane henne. Der stod dei midt i isvinden, under nakne ville himmelen, det var ein hardhjarta dag. Ragnhild såg i rolig undring på Didrik; så vart eine auge mindre, for no smilte ho. Da sa han:

– Du er fan buste meg noko godt du! Blir eg ikkje glad i deg, da er eg mørk. Da blir det synd i deg. Du er *jomfrua*, er du. Ingen annan enn eg veit kva det vil seie – største syndaren er himmerike nærmast, veit du. Ja da. Tenk på det: Om der ingen syndarar var? Himmerike måtte stenge. Men det var det eg skulde seie deg, at eg gir dykk fan med feitt på, alle i hop. Eg står ikkje her og tigg deg om noko; så mykje du veit det.

– Kan De ikkje vera snild, værfar? Vi vilde så gjerne – –

[114] – hjelpe og trøste meg ja. Ja da: Tupp! tupp! tupp! Han gjorde med fingrane liksom han strødde korn for høna; Ragnhild fekk eit blikk ho mintes, og der med gjekk han.

Litt kaffe tok han da han var åleine; så rusla han opp troppa og inn på lofte der Indiana hadde budd. Der sat han på sengkanten og stirde i golve.

Han var pinarg på seg sjøl for han hadde snakka med Ragnhild ein gong att. Han som ikkje kunde anna enn snakke folk ifrå seg. Der gjekk han om dagane, og her sat han no: ein syndar for Gud og eit menneske som dei andre, han *var* det, om det var aldri så rart å sjå. Litt for ærlig hadde han vore, og sagt sannheita litt for ofte, hadde nekta å ta folk for anna enn det dei var. Der med så måtte han forsvara seg mot dem; og da? Da synte det seg at han måtte forsvara seg mot Vårherre òg. Slik var no det.

Han sat til han stølna reint bort. Da gjekk han til det vesle vindauge og såg ut. Ruta var av gammalt glas, som var både grønt og ruklut. Verda vart konstig når ein såg henne gjennom eit slikt auge. Han undrast om ikkje folk flest såg henne gjennom slikt glas.

Tale kom frå fjøse med han stod der. Han stod hard og stirde på henne. Slik han no såg henne gjennom glase, slik var det vel ho såg han. Ho såg opp og vart vår han, og der stod ho steinstiv, heldt visst på å gå over ende. Ja ha, ho tykte han likna 'n Erik sjøl no. Utan å ville det gjorde han seg stygg [115] i andlete, rulla med auga og flekte tenner. Innvendig lo han som den mannen han tenkte på. Veik så att å bak inn i skymminga. Da først manna Tale seg opp og kom seg inn med bøttene sine.

Han lo gjennom all sin kropp: Så vond er ho! At ho ser den mannen midt på blanke dagen. Rømte ho, da vart her eit anna liv. Ho er eit oppkomme med berre vondt; ho lyt her ifrå.

Tale kom fåbleik inn i kjøkene, gjekk både gjennom kårstua og dei andre romma. Spurte så Ragnhild, halvt likeglad, om ho hadde set Didrik. – Nei, han var visst ute. Tale stod litt, så lo ho med seg sjøl:

– Eg trudde jamenn eg såg noko eg. I loftsvindaug. Uff, eg er så skvetten at! Synes her er noko stygt i nærheita rett som det er. Ho lo igjen: – Det er merkelig gut at 'n Svarterik skal vera kvit, ikkje sant? Men kvit er han, det såg eg.

– Da må han vera bra redd, trudde Ragnhild. Redd at vi ikkje er redd han lenger.

– Nei det måtte vera 'n Didrik eg såg. Det blir mest det same for resten. Men da undres eg om han ikkje er feig. Eg er så redd, Ragnhild, eg er ofte på *kristendommens rand!*

– Nei-nei-nei! bad Ragnhild og tok i kring henne. Ser De da ikkje at eg er her.

– Jau, kjære. Det er berre tull av meg.

Tale var snart rolig att. Ho brydde seg ikkje ein gong om å sjå på lofte, ho visste at der var [116] ingen, ho hadde narra seg sjøl. Ho bad Arn vera med seg i fjøse til kvelds, og det lova han, men da tida kom var han ikkje heimkommen frå isen enda. Didrik hadde dei ikkje set noko til, så han hadde vel sett av bort i garane nokon stads. Ho gjekk åt fjøse åleine, ho heldt seg jamgod med Ragnhild som aldri var redd. Fjøse var elles likaste romme på heile garen, og mang ei stund hadde ho sitte her og havt det rettelig tålig; og stundomtil hadde ho tenkt på å flytte hit. Krøtera kunde ein lite på, både i lyse og i mørkre. Ho og dei – det kom ikkje i hop før det var likt.

Best ho står og mokar blir ho isande kall. Der er nokon utom gluggen. Ho minns andlete i loftsvindaug, og da ho ser ut i gluggen att, så er det der: Stort og kvitt og styggare enn da, forferdelig å sjå. Slike auga har ikkje set på henne før. Ho stør seg på rokoa så ho ikkje skal gå i golve.

Men så kunde ho ikkje bli meir redd enn ho var. Henne fekk det gå som det vilde.

– Kven er du? ropa ho, enda ho visste det var Styggen sjøl. *He?*

Der med kjører ho rokoa utgjenom gluggen og midt i tryne på styggmakta, og kaldskrattar: – Er du noko til devel i mot meg da!

Han kom bort. Ho klemte på med mokinga, men da den var undagjort seig ho ned på fjøskrakken. Enno eit tak lo ho, det var halvt i redsla: – Som eg råkte! Jamenn vart det fult å vera fan, det lit eg på. Like vel måtte ho ut og sjå [117] etter på dynga. Fanns ikkje far etter ufreskje der nei. Enda ei trøst at ikkje 'n Didrik låg der. Ho gjekk inn i fjøse att og gjorde ifrå seg der i ro og mak.

Redd var ho ikkje lenger. Ho var fortapt. Men den dag og den sorg. Ho kom inn i kjøkene mest som ikkje noko hadde hendt.

Didrik kom ikkje heim før etter kveldverds-tid, og da kom han med nasen i ein klut. – Nei da! varskudde han, det var ikkje overfall no, eg fall sjøl. Støvel-tåa mot eit steintryne, og eg framover, – nasen mot eit tryne av same slag. Ja, der låg eg. Kunde ikkje gapa og langt mindre gjøy. Men opp kom eg da, og fann vegen til folk. Enda *den* var vrien nok; som sjølve rettferdigheita.

Han hørtes reint oppkvikka. Tale såg det var ikkje hans lommetørklæ han hadde over nasen. Ikkje var det Nybomma sitt heller. Han snudde seg til henne og lo:

– Til natta får du snorke solo du. No når instrumente mitt er i vanlag.

Ho måtte fortele Ragnhild om develen utom gluggen og kva ho gjorde med han; – ho lo, men ho såg forvilla på værdotra: – Han kan da ikkje vera så svart at han fer slik? Ikkje for det, han er da devel nok. Det ser du òg no?

Ragnhild kunne ikkje anna enn le, men ho rista på hovude.

– At eg ikkje gav han det han fortente! sukka Tale.

[118] – Hysjt da, værmor! De må ikkje gå med slike tankar, da kan einkvart gale skje før vi får blunk for oss.

– Tra-la-la-*lalala!* song Tale, ho sika kjelen for siste kaffedropen,

Tonen gjorde Ragnhild vondt, han tok vona frå henne. Tale gjekk åt kårstua, det var tid å gjera kveld. Ho låg oppå loftet i lag med Arn no etter gamla døde. Utor kammerse var ho banna, men no laut ho dit eit erend like vel, etter eit klæplag. Enno hadde ikkje Didrik nemnt noko om kåre etter han kom heim; dokteren måtte ha lurt det utor hovude på han. Berre han ikkje mintes på det no når han såg henne.

Han gjorde ikkje det, og glad var ho. Men ho kunde ikkje anna, ho småflirte da ho gjekk ut att:

– Er det vondt å vera devel, he? God natt da, gullbosten min.

Kva ho meinte med det vart ikkje Didrik klok på, for einkvart slikt sa ho om ho så verkeleg tykte vondt om han. Men dess lenger han låg dess tydeligare hørte han fanskapen i både orda hennes og tonen. Han sukka. Kvardagslykka hadde han aldri trådd etter, for den lukta det enten seng eller fjøs av. – Hoss smått folk ja, syntes han ein sa. – Andre har ikkje noko kvardagslykke, din småmann! Men dette her: Sei meg om eg finn meg i det stort lenger. Eg tvilar på det, eg for min part. Han kom i hug Ragnhild, det var den såraste tanken han hyste. [119] – Her etter får eg henne òg til å gå og sjå ned på meg. Visst eg da ikkje sigrar, forstår seg.

Kvelden etter gjekk Håkon ned til Karl Albert.

Han hadde tenkt og tenkt på det Ragnhild vilde, at han skulde gå saman med far sin i dette han emna på. Nokon hug på det hadde han ikkje no meir. Han ønska trua på det skulde òg ha fare sin veg. Men Ranghild hadde tru for dem baa to, ho hadde tru for ei heil meinigheit. Det jaga han i vêre, kvar gong han kom i hug korles ho var; den eine stunda var der berre eitt å gjera, og det var å trasse henne, den næste drog det han andre vegen så han mest laut i kne. I kveld hadde det jaga han heimafrå. Ho måtte vera eit sjeni dei kalla. Eit sjeni både til å tru og til å leva. Alt det som andre såg og skjønna, det levde ho. Verda budde i hjarte på henne, ansles visste han ikkje å seie det; – det var godt om rom der. Ho visste ikkje eingong kva andsvar var, for det var sjølv live hennes. – Du trur du gjer all ting rett, du? sa han til henne i dag her. – Ja, kva anna skulde eg tru? svara ho.

– Eg kan føye meg, sa han best han gjekk. Både føye meg og tøyse meg, veit

du. Men da var han straks innpå sjølve såre: – Kva gjer eg med 'n far, tru? Det var seg sjøl han måtte spørre om det. I gårkveld var han hoss Nybomma si; i kveld gjer han kanskje einkvart verre. *Kva kjem eg til å gjera?* Han hadde stana, men no gjekk han att, [120] stø og still som 'n Håkon Dale sjøl, han kom i hug dei heldt han for ein svært rolig kar. Og Ragnhild ho vona, om ikkje anna, at han var det.

Først vilde han høre kva Karl Albert og faren hadde snakka om og gjort av.

Det var etter kveldtid, men Karl Albert sat på *kontore*. Der stod skrivarpult og to stolar, og på veggen hang dampskips-ruta og enda eit papir.

Det fall ikkje særlig tungt for Håkon å komma i snakk med folk når det skulde til. Han kunde gå meir beint på saka enn dei venta, og med ein liten kåt sleng som narra dem med. Karl Albert var ein fuling, han let seg aldri narra med, men i kveld kom han sjøl å kalle, og fortalde beint utor posen kva Didrik og han hadde havt for seg. Og best det var kom han fram med flaska og skjenkte. Han skjenkte dugelig, mest som han skulde ha ein grunn til det.

– Ja ja, sa Håkon og smilte mot han: – Når godt folk skjenker, kan godt folk drikke; det er gammalt og røynt det.

Så drakk dei litt, og så prata dei litt. – Sitt no i fred og vera menneske du og ein gong, formana Karl Albert da Håkon såg på klokka. Vi let månen henge uti kulden der og gulne, og let folk sova i fred. Natta eig vi sjøl, om vi er aldri så gifte.

Der var ikkje gardin for vindauge. Håkon såg ut og lo, men det var ikkje i gleda: – Det der er den halvaste månen eg har set. Men det var det eg skulde seie, – han sette auga i Karl Albert –: [121] Du kan få kjøpe garen av meg. Eg vei du har ikkje i mot det.

Dette hadde Karl Albert ikkje venta. Slik ser reven ut når ein kjem for brått på han.

– Ja for eg vilde heller bu her nede, sa Håkon. Det fór gjenom han i det same at dette var der noko i, han kunde slå seg ned her og sette att far sin oppi garen, Ragnhild kom kanskje ikkje til å bli spurt ein gong, – gud signe henne, for resten! Og Karl Albert hadde sikta etter garen heilt sia far hans måtte gi han frå seg, hadde gått her og avundt Håkon og vona på ei ulykke. – Det er uhuglig kva ein veit om folk når ein først gir seg i kast med dem, tenkte han. Dei skal få merke eg er av same slage som dei.

Karl Albert hadde manna seg opp og smilte like sæl. Men no reiste Håkon seg

og vilde gå. Tanken på Ragnhild var ikkje lik ein annan tanke.

Karl Albert var med han ut. – Ja vel, sa han, låner du meg pengane å kjøpe for, så kan den handelen fort vera gjort.

– Skylda og garen er like stor, let Håkon. Eit tusen til kan du alltid skaffe fram.

– Tusen kroner kan eg skaffe fram. Utvegar er verda full av. Jaså, eg skal bli Stavsundbonde!

Didrik hadde komme om nova og var tett attmed dem. Siste orda hadde han hørt, om ikkje meir. Han stana som snarast, spurte om dei stod og diskuterte månen; – det spåkar for snø, sa han, og så la han hendene på ryggen og gjekk.

[122] Det såg verkelig ut for snø. Månen seig smått om senn inn i skya. Heile nordhimmelen var ein djup gråna som åt seg sørover og vestover. – Ikkje som eg har noko i mot eit ombytte, sa Karl Albert.

Da såg dei ein manns-skapna kom nedetter frå garen og møtte Didrik, vilde til å stane der, men let det vera. Månen lyste ikkje så likt at dei kunde sjå kven det var. – Han Paul, ventelig, sa Karl Albert. Værbror min, forteler dei. Er han no ute og sørger igjen.

Han sa det så skyldlaust, han måtte meine einkvart med det. Alle samen meinte einkvart når dei nemnte Paul. Dei var uransakelig dumme. Naturlig og vanlig dumme, rettare sagt, – helsugt folk; dei hata alt som låg ovanfor deira vett og vilje. Dei hadde det vel i seg at dei kunde tyne den som minst trudde dem.

Paul luska ned til brygga.

Håkon var så rolig, han kunde sjå ned til nakne menneske i både dem og seg sjøl og smile til det. Enda merka han kor all ting hang i ein tråd for han.

Ragnhild var oppe enno da han kom heim. Ho møtte han med *si* ro. Som snarast tykte han det var eit blick ut frå ei anna verd enn hans.

– No har eg seld garen, sa han. Eg let 'n Karl Albert få han. Eg kjem til å gå i gang åleine med nybruke mitt. Han far legg eg til sides; eg legg han att her. Eller kva eg no lyt finne på. [123] For ellers måtte eg gi opp *alt i hop!* – han halvt ropa det til henne.

Han stod still og logn, og heilt edru, og såg det gjorde henne vondt. Ho stirde på han liksom der ikkje var nokon ting å seie. Det synt seg i andlete hennes, drag

for drag, at det var mangt som hadde gjort henne vondt, heilt frå ho var lita. Han heldt seg hard i mot det og venta.

– Ja kunde vi tenke slik, sa ho. Vi får visst tenke litt på den tanken, Håkon.

No kom ho seg vonoms fortare, smilen var der alt, ein stad kring munnen eller auga. Så viss var ho på at han gjorde ikkje anna enn det rettaste. Kven var det som gav henne den vissa? Kven kunde ikkje – og kven vilde – gjera henne vondt?

– Lat meg i gudsnamn sjå på han med dine auga enno ei tid, sa han.

– Nei takk, dem låner eg ikkje bort; du snakkar i sømnen no.

Didrik hadde fått ilt i seg da han såg Håkon gjekk ned til Karl Albert. Om det var live hans dei svor seg samene i mot kunde det ikkje ha gått hardare inn på han. Her gjaldt det meir enn det. Det beiskaste var at hadde han mykt seg og bedt sonen sin om hjelp, så var handelen i stand no, og meir til. Snu inn att var han ikkje god til, han laut gå etter, tenkte å gå inn med og gi dem ei hands hjelp, skarvungane. Han Karl Albert ja. Kva gjer ikkje kræmmaren for pengar.

[124] Men da han var der nede hørte han det plaska og rodde i sunde, der kom nokon over frå Fagernese. Det måtte han sjå litt på. Det var Paul som kom. Men kom han den vegen? Enno budde Indiana der. Var han så vond at han slett ikkje kunde late henne i fred? Paul hadde han elles ikkje noko i mot, enda han var med og skamslo han. Han var ikkje den at han måtte ha straff over folk. Tvert om, han gjømte på folk, dei kunde bli arti å hå, særlig no her etter.

Paul tok vegen oppover til gars. Millom husa der heime kom han bort for han. Gud styrke kroken, kan hende var det berre ungvona i garen han hang her etter. Didrik gjekk nedover att. Han vilde just til å gå inn, da han merka han hørte alt det karane sa der innanfor, der var ikkje *vegger* i det stakars kræmmarhuse. Dei hadde einkvart drikkande for seg og snakka berre ingenting. Så var der noko han ikkje fekk tak i; det hørtes viktigare.

Da han hørte det dei sa utom døra, vart han mjo i både lår og legg. Han måtte ta seg på tak og gå sin veg, han dugde ikkje til anna. Reint i øraska helsa han på Paul og spurte om han var ute og fór så seint. Først etterpå hørte han kva gutladden hadde svara, han murra det litt for høgt: – Han Karl Albert skal akte seg han òg! Didrik gjømte dei orda i hjarte. Dei kunde bli arti å ha.

[125] Oppved husa bia han til Håkon kom etter. Her fanns ikkje anna råd å trive til enn å snakke med han. Men da Håkon nærma seg, steig Didrik til sides: han var ikkje frækare i kveld. I morgo vart det ei bedre tid.

Inn kunde han ikkje tenke på å gå enno. Da fekk han heller sjå kor denne gutgapan utor plassane gjorde av seg – kan hende *ho* var på denne sida sunde i kveld? Han fann båten til Morten ved brygga. – Ventar du så ventar eg, sa han; *du* får henne ikkje, nei får du ikkje vått tå deg før, da blir det vondt for deg! Eg er for fattig til åla det skje. Han såg Paul gjekk i båten og rodde over sunde. I morgo den dag vilde han spørre ut kva den karen var ute og fór etter.

Da Didrik hadde sove eit tak, vakna han og trudde det hadde ropa på han. Ja ha, han hadde ikkje anna venta heller. Han sat i senga og stirde mot vindauge, det var så uventande lyst. Steig så fram på golve og såg ut.

– Kva fanken er det der! sette han i. Huse hans Karl Albert stod i loge. – Nei nei *nei!* murra han, det må ikkje skje, da brenner dei opp alt for meg! Han for i klæane det fortaste han kunde. Ein såg hustake over haugenden, og der stod både røyk og logar til vêrs frå det. – Har han det så godt assurert, den develen, klagar han seg, han spring og vekker heile huse, spring og bannar og [126] bed, for dette må hindrast, tek så vassbøttene og fer i veg. Kva var det Håkon og Karl Albert vart forlikte om i gårkveld? Og Paul – –

Tale hadde vakna litt før Didrik og såg eldskine i glase. Da ho stod ved vindauge og såg kva det var, bad ho høgt og i tynnaste jamringa: – Kjære Gud, dette må ikkje vera sant! Så tagde ho og berre stirde.

Der, bakom haugen, står huse og brenn opp, mo åleine midt i natta. Og natta så svart, der er kvelvd ei gryte over verda, styggsvarte skyhave tett over hovude på ein armod's skapning. Og så elden. Han gliser til henne, og dei er åleine i mot einannan; dette er Herren som openberr seg for menneske. Tale vik unda. Ho tek til og puskar på seg klæane. Men ho må sjå dit att. Fysj og fysj kor det flarar til vêrs!

Ho vekte Arn og gjekk ned. – Liksom eg skulde vera redd ulykka og dei ting, undrast ho, og kaldflirte utan ho visste om det. Og der fór 'n Didrik, – eg skal seie deg han fór! Er det retten hans som brenn opp for han? Berre no ikkje traven snåvar ein gong att. Det er inga sak for dei andre, dei som berre skal lide for

fedrenes missgjerningar. Ho hadde mange slike tankar sia ho var fram med rokoa den kvelden.

Ho gjekk inn til Håkon og Ragnhild. Dei var alt påklædde. Håkon sa ikkje orde, han gjorde seg ferdig, fann eit par bøtter og la i veg. Ragnhild bad Tale sjå etter barne, for gjenta hadde gått [127] heim til foreldra sine i gåreftas. Tale fann seg i det. Ragnhild såg for seg andlete til Håkon, slik det var da han gjekk. Det var både stengt og strengt. Slik – skulde ein mann sjå ut. Breiddmed det kom ho i hug Even, kor stølføtt og sein han var, dei hadde no vel det vette at dei hjelpte ut han først?

Utom døra stana ho som snarast, med bøtte og spann. Haug-enden tok bort sjølve huse, men enda såg ein nok. Ho hadde ikkje set ein lauseld før, nattens tid. Var han virkelig så stygg? Enn visst han fekk tak på folk? Ho la på sprang.

– Nei men slikt eit *u-syn!* sa ho da ho kom over den vesle haugen. For der hadde ho det bert i mot seg: Det brann, det brann, over all von og alt vett, ho hadde aldri set varmen før no. Og som det frasa og spraka og regjorde! Ho kom med ein gong i hug orda: «Sinai røg og skalv som en ovn.» Einkvart vilde ha henne til å gjera noko ålvorlig, ho skulde kaste seg ned og få elden til å slokne, men ho torde ikkje høre på det, ho anka seg berre og sprang. Inni seg bad ho, det vesle ho kunde, men ho visste det var der inga hjelp i. Ho fylte bøttene i bekken og sprang att.

Ho vart roligere da ho nådde fram. Da heten beit henne i andlete, stod ho ei blink og såg etter korles her såg ut. Nordre enden av huse stod i lys loge, glasrutene sprakk sund så det sangla, og romme innanfor, krambua, var berre elden all igjenom, og no fór han søretter utanpå veggen og [128] åt han opp; røyken våla til vêrs gjennom take og gløste gulraudt oppi mørkre; takstein small sund fort vekk. Folk hadde alt komme over frå andre sida sunde, og fleire kom der både austant og vestant, med bøtta i hand. Andleta såg rare ut. Elden synte dem fram så reint utan miskunn: dei var overmanna, dei var ingen ting. Nokre karar hadde alt fått stegan opp til loftsvindaug, andre fór inn vindauga til stua og sengkammerse. Didrik sette på dem gong for gong: – Stell dykk opp i rad, karar, og lang opp sjø i bøttene! Vil de ikkje lystre! Nei, ikkje det spytt lystra dei han, ikkje i natt. Logesprake tok både meining og makt frå orda hans. Og her

stod ho med bøttene fulle.

Og han Even såg ho ikkje! Ho spring bort til nokre som hiver ut sengklæa, ho vil spørre kor Even er, men ho får ikkje fram meir enn namne, der er ikkje luft til meir, der er heitt som i gloande omnen. I same stunda kjem Håkon fram i loftsvindaug og løftar einkvart ut i stegan, *det* er Even, men røyken velt ut gjennom vindaugs-opningen og gjømmar dem mest; varmen sleiker veggen under stegan. – Ta i mot! ropar Håkon, og ho har skjønna han og svarar med all si makt: – La gå! Even er så vidt ved samling at han held seg fast i stega-leinene og let seg gli ned. Ho fangar i han før han når nedpå, og så kjem Håkon etter.

Da Ragnhild kom rundt huse med Even, vart ho vår at folk stod og vilde inn gangdøra men kunde ikkje komma, og innanfor ropa Karl Albert at dei [129] skulde hjelpe han. Ho gjekk bortåt, for heten var ikkje så streng her enno. Ho trudde ikkje auga sine: Der stod mannen med eit langbord tvert over døropningen og braut på og vilde ha det ut, han regjorde som han var fullstendig frå vette. Ho kunde ha ledd, for ho mintes gapstreka hans Karl Albert, men var han så utidig han dreiv ap no i staden for å berge ut unda varmen? Ho såg på dei andre. Dei tenkte både eitt og anna. Det går som kniven gjennom henne, – herre gud, seier ho, det må ikkje vera slik! No hadde han velta borde og ståka på nytt, like fåfengt, for borde var like langt om det var velta. Da rista han på hovude og gav seg, kraup så over borde og ut, i siste lita, da varmen kom kvæsande til døra og loftte logebrann over han. Ingen kunde komma inn etter noko meir. Han spurte etter faren.

Ragnhild gjekk beint bort til Karl Albert og stirde på han.

– Det er ikkje *sant!* sa ho, det var så vidt ho ikkje gret. Du har ikkje sett på sjøl?

Og da var han menneske att. Auga hans tala sant. Meir truverdig hadde knapt nokon set på henne. Men så lo han og vilde vera Karl Albert som han hadde vore:

– Nei, den stygge husbunaen min vilde eg ikkje syne folk; fanns ikkje trivsel i huse etter eg fekk den, skire uvenskapen og uverdigeita. Ein lyt da gjera det gale som trengs, du har da vel lært det, Ragnhild.

[130] Det var noko i dei orda som gjorde henne fortentkt. Karl Albert lo:

– Nei elden han kom sjøl. Som eg skulde ha gjort han sjøl. Verst han kom så i rette tid.

Even ser og ser på det som går for seg. Gong og annan lear han på hovude; det er så for gale det han ser. Her går eigedom til spille, ein heil heim går opp i røyk. Rom for rom i huse har synt seg med alt sitt og gått til grunne. Slik må det gå med alt menneskeverk; det opplever dommedagen sin. Even hører ikkje Ragnhild snakkar til han, ho må ta han og flytte han unda, for rettno dett take – tak og vegger rausar i det same ho tenker det, ho tek kallen og spring med han. Ho sett han ned att som eit litebarn. Brandar og glo har hagla i kring dem.

Tale kjem, med vesleguten på armen i ein diger klæ-tull. Ho forteler ho torde ikkje vera åleine heime i lag med Tull-Beret. Ho klagar seg til Ragnhild, kviskrar og halvt gret og halvt flirer: Ho Tull-Beret står i loftsvindaug og rålar og syng at ho ser ein som dansar over varmen, og meir til – ein kan visst høre henne alt hit!

Karane hadde drive på og berga sjøbua. I heitaste ria koktes målinga på veggen og smått brann. Dei stod i mann-rad og langa vatn og slo på, men det rauk vekk som ingenting. Da tok Håkon stegan på inner-sida og kleiv opp, og så langa dei vatn til han, og han slo det på der. No monna det, og da stuelona fall ned, hadde dei [131] tynt varmen så dei kunde slutte. Karl Albert stod nærmast Håkon i stegan. Dei såg på einannan med dei tørka sveitten; det var ikkje for ofte dei stod slik. I det same hørte dei Didrik seie, han lest som han ikkje visste av dem:

- Det var eit under og ei lykke at 'n Karl Albert kom seg så fort i klæane.
- Eg var ikkje utor klæane i natt, sa Karl Albert ned til han.
- Ikkje det no?

– Nei. Det høvde seg slik, lo han. Og opp til Håkon sa han:– Eg ligg rund som ein hund når eg ventar dampen om morgonen. Det er sant det; same kor mykje eg tener på den her brandsjauen.

Didrik vart vår Paul i utkanten av folkehopen. Han måtte bort til han. Han helsa kjent og venlig:

– Jaså, du er ute og ser på. Du hjelper ikkje 'n Karl Albert med å berge da? Men det var det: Såg ikkje du noko misstenkelig i natt da du fór her? Du rodde seint heim, hørte eg. Ja ja, Paul, spytt og bannast! Vi to, vi skal snakkast ved om dette, sia ein gong.

Didrik smilte som den vonde. Paul såg mållaus etter han.

Det tok til å regne, og ingen hadde meir der å gjera no. Ein flokk om senn gav

seg på heimveg. Dei som hadde vorte husville fekk bli med Skreddar – Petra aust i stua hennar, der var det rom nok sia bror hennar fór til Amerika med huslyden sin. [132] Tausa hoss Karl Albert hadde vorte sjuk og måtte berast bort, slik var det med henne.

Da kom Lea farande, – ho fer i eit utrulig stort par støvlar –, ho ropa at sjøbua brann. Og brann gjorde der, kunde dei sjå, digre eldormar stakk ut oppe i røyste og snøste og frasa i vinden.

– Ja så, sa Didrik, dei slutta med sløkkinga i rett tid der. Hm-hm!

Dei stima dit og tok til att med full makt, men varmen og vinden hadde slege seg i hop mot dem og hadde overtake. Sjøbua brann opp, og mest alle varene, for karane dreiv på og skulde sløkke og kom ikkje i hug å berge ut før det var for seint. – Ein fekk vone at all ting var bra trygda, vart det sagt. Dei visste at det vanta ikkje.

– Ferdig med det, lo Didrik og gjekk heim.

Det hørtes som han slett ikkje var ferdig med det. Men no kunde dei òg ta sitt og gå.

V.

[133] Karl Albert klara seg på brandforhøre. Han fortalde det som var å fortele: Han hadde sitte oppe i lag med Håkon Dale til klokka var nærmare 11, hadde sløkt og stengt og hadde lagt seg med klæane på, for dampbåten skulde vera der i femtida om morgonen og kunde vera der før. Han hadde sovna med ein gong å kalle, og vakna ved at kona ruska i han og sa der lukta røyk. Da var stua full av røyk, og frå kjøkene hørte han sprakinga av elden; sia, da han hadde vekt alle og kom ut, såg han det logebrann på bua òg. Om elden hadde teke til der eller i kjøkene kunde han ikkje seie, dei to romma låg vegg i vegg. Det dei andre i huse sa stemte med dette, Håkon kunde vitne at lampa vart sløkt på kontore og bua stengt, og at ingen av dem hadde havt pipa fram. Ingen hadde noko meining om korles varmen hadde teke til, og lensmannen fann ikkje noko å laste Karl Albert for.

Det gjorde ikkje dei andre heller. Ein fuling var han, og trygdesummen hadde han auka dugelig her i fjor, så det var ein lønsam loge for han; men ingen hadde

lov å tru at han hadde sett på sjøl, dei kunde ikkje få seg til å tru det om dei vilde. Lea sa det, ho sa det for dem alle: – Du er ein brandmeister [134] du Karl Albert. Du må flytte over til oss og få det i gang der òg, vi treng det storlig.

Det var meint berre som gap og moro, og slik vart det motteke.

Da var der nokon som hadde set ein villframmand mann ein gong att. Det måtte vera han galningen som rømte – kunde ikkje ein slik ein ha sett elden på? Folk trudde det og trudde det ikkje. Redde vart dei i alle fall; ein kan ikkje vita det ein ikkje veit. Og som dei hadde sagt: Han Karl Albert hadde ikkje dei misstenkt.

Ragnhild kjente på seg at verre var dei ikkje. Der måtte ein gneiste til, skulde det vonde i dem fenge, og den var der ikkje enda. Ikkje ein gong Didrik, så mørk han gjekk der, var mann for å tru så svart, for ålvor. Men andlete til Even vart ho ikkje kvitt, slik han stod der om natta og såg på henne og liksom spurte:

Munnvikene var så side, som på barne når det vil til å gråte, og auga så forkomne av angst. Han kunde no vel ikkje tru så gale om sin eigen son? Nei for da kunde han ikkje leva? Ikkje han nei. Var ho barne no, da kunde ho snakke med han og seie han korles det var. Ho fekk nøye seg med å sjå dit. Dagen etter tok ho på seg og gjekk austover.

Da ho kom att hadde ho Even med seg. Han sat der så frammand og glømt millom dei andre, ho fekk ikkje snakke med han og kunde ikkje la han bli sittande att der når ho gjekk. Ho skyldte på at loftsromme hans var for kaldt til vinteren, det [135] bles inn gjennom vegg og dør, og sjøl veit om han ikkje kom til å snø ned, – og på Stavsund var der nøgda med rom no etter Gammalfaster flytta der ifrå. Ingen sa i mot henne, og Even gjekk med. Han snudde seg da han kom opp til husa, og såg utover.

– Ja, sa han. Det er vakkert å vera på Stavsund og sjå ned til sunde.

Han såg på Ragnhild, om ikkje ho meinte det same. Ho meinte det same.

Heime kunde ho fortele at Beate hoss Karl Albert låg ålvorlig sjuk, ho hadde fare av vegen, månadsvis for tidlig. Jordmora drog dem ei von om at kroken stod det over, men barne hadde der ikkje vore likt til liv i. – Så no treng dei ikkje bitast om det, sa ho.

Ho såg på Håkon da ho sa det. Ho var hjartans glad for at Paul slapp utor klemstre, ho vilde ha lov til det. Håkon tagde. Ho såg at jamvel desse små skyldlause orda gjorde han vondt. Han var *eit lidande menneske*, der måtte vera

noko som heitte slik?

– Dei slepp så reint for lett ifrå det, karane, sa Tale.

Didrik sa ikkje noko for det første. Han sat og stirde på Ragnhild og vart mørkare og mørkare. – Ja, mumla han, det brann ikkje kleint den natta. Litt etter la han til, og gjekk ut: – Her går visst mangt for seg no, både i himmelen og på jorda. Men: det kunde hende, san, at vi kom til å sjå litt nærmare på eitt og anna.

[136] Der vart uhuglig kaldt etter han. Håkon sat still ved borde lenge etter han var ferdig med maten. Auga hans heldt seg langt unda ein. – Du sitt og stirrer i femte veggen du, sa Ragnhild.

Da rykte han til og reiste seg. – Femte veggen ja, sa han og kremta seg opp. *Den* lyt ein sjå. Så har ein da set seg sjøl. Han såg på henne og fresta å le: – Nei det var den sjette eg såg no, det er den dei målar fan på. Eg strauk han for resten ut med ein gong da han synte seg.

Han såg skamfull ut da han tok hatten og gjekk. Han visste det, og det var han skamfull over.

Han hadde venta at faren skulde komma og snakke til han. Han venta det enda.

Heile dagen gjekk han og vona på det. For rettno burde alt vore avgjort og greit. Kvifor kunde ikkje menneske snakke? No måtte han snart sjå at åleine kom han ingen veg. Karl Albert var ikkje nøydd til å sele billig no etter husa brann.

Når han kjente på kor ferdig til å hjelpe far sin han gjekk her, til å ta i med han og føye seg etter han, da beit det han som ei tong at han ikkje kom.

Ragnhild spurte, utpå kvelden, om han hadde snakka til far sin no.

– Er det eg som skal snakke til *han*? Nei, meinte han, er han så vond at han ventar det, da nyttar det ikkje lei. Kva vondskap er det han går og tier over no, sei meg det?

[137] Ragnhild fekk meir og meir ilt i seg. Ho såg ikkje anna råd enn ho måtte snakke til Didrik. For dette her gjekk aldri vel, i lengda, den ting var nekta; *ho* fekk vera lagnaen, ho laut snakke til 'n værfar i denne kveld.

Men det let seg ikkje gjera. Didrik sat inne i kårstua med einkvart viktig skrivearbeid og vilde ikkje ha nokon inn, og da ho braut seg inn i helligdommen

like vel, hadde han just gått sin veg. Ho spurte Tale kor han no hadde gjort av seg. Tale rista på hovude:

– Lat han vera kor han vil, ban. I dag er han ikkje å snakke med. Huff, han slit meg ut! Når han snakkar, da synes eg han tier, og når han tier, da snakkar han greinlig til meg. Slik er han støtt når han er galen. Men den her gongen har han *mykje* stygt for seg; eg likar meg kleint. Du ser det på 'n Håkon, la ho til.

Ragnhild tagde. Ho hadde set det. Det skar gjennom henne at ho hadde set det lenge: Håkon var ferdig til både det og det, for vondskap stod han ikkje ut. Enten vart han som far sin, eller som mor si. Som snarast, men sviande klårt, såg ho at han ønska seg utor live. Så verjelaus var han mot far sin, at han kunde forsynde seg mot han, – at einkvart *gale* kunde hende seg. Ho bad Gud komma til hjelp; ho kunde ha gråte!

Tale sa best ho stod: – Det er avgrunns svart at ein ikkje kan be for den som treng det! Det hadde ikkje hjelpt det grand, for resten! Det ser du [138] òg. Eg skulde ikkje nemne slikt eg; så reint utanfor som eg er.

Ragnhild stod i ein underlig båregang. Vann ikkje gråten på henne no, da gjorde han det aldri. Ho la handa på aksla til Tale. For henne kunde ho trøste, enno.

Med det same kom der ein mann inn i kjøkene og spurte etter Håkon, eller om dei hadde set ein frammandkar her. Det var knapt dei kjente han som kom, enda det var sonen på grannegaren, på Myra, så fort hadde han fare. Han pla ikkje komma stupande inn til folk, men no hadde dei set denne frammande mannen, vettlausingen, han tok vegen hit og vart borte her, og to karar stod bortved uthusa og vakta.

Håkon fann dei på låven, og Didrik fanns han òg. Arn stod der og var bleik men modig. Dei skulde gjera jag på galningen, for ålvor, og få han sett ut av kraft, som dei sa; dei rusta seg med handfeng og kringgjekk husa.

Månen heldt til bakom skya nokon stads, jorda låg svart under halvmørkre, så der var reint tussemørkt.

Da såg dei han, han smatt kring søndre nova av vognskjule. – Der! ropa dei, og dei etter han, han tok kute over vollen no og til smia. Han var rart klædd, så mykje såg dei, og fort fór han så det berre skynt etter. No var han redd!

Ragnhild lo da ho såg dei la i veg så mektig, [139] det der var ikkje ulikt til krig det. – Men herre gud, sette ho i, skal de tyne han da? De fer med både staur og stong.

– Dei tek liv i kveld, let Arn, han heldt seg i nærheita med henne.

Karane sprang. – I breidd og langt frå kvarandre! ropa Didrik, men det hørte dei ikkje, dei rente som eit reip bortetter vollane. Didrik såg etter dem til dei vart borte i mot skogen. Snudde seg så ein annan veg. Var denne lauparhunden utsendt for å gjera skade, kva nytta det da å springe med stauren etter han. Han for sin part hadde andre ting i tankane. Kvinnfolka måtte inn att, men var ute og lya alt i eitt. Didrik såg dei ikkje meir til, det var mest som mørkre hadde teke han.

Dei som jaga nådde fram til sommarfjose, og der hørte dei han kor han fór gjennom småskogen. Nokon la etter, dei andre kuta frammed skogkanten og skigaren. Gong for gong var dei innpå han, men han vart borte for dem straks att, tateren, han var både slug og sleip. Og så var han som søkt ned. Dei rente i kross og krok gjennom skogen; stod så dørg still og lya. Dei gav seg i leitinga att, lyska og leita, men nei, han var bortkommen. – Han må ha trolla seg ned i svarte jorda, meinte ein. – Han *må* finnast, let dei andre. Dei var einige om det, dei torde ikkje skiljast åt i kveld utan dei hadde han, for kva kan ikkje ein slik ein finne på når det blir natta, og særleg no når dei hadde synt han fiendskap. Ein kunde få spørre stygge ting i morgo.

[140] Det kom over Ragnhild best ho sat, at ho tykte vondt om han dei jaga. Ikkje det at ho var redd dei skamfor han, men som han måtte springe, armingen! – fire fem mann i hælane på han med uverja. Ho ønska dei fekk ein lang nase. Minst likte ho å minnast kor vilt Håkon la i veg. Det var ikkje faren han vilde verje, der hadde fare ein devel i han – slik kunde han flyge på far sin ein vakker dag. Ho måtte ut og lye om ho hørte likt til dem. Eit tak stod ho utom kjøkendøra, gjekk så sørom uthusa og stod. Da hørte ho det plystra sør i skogen ein staden, og svara frå ein annan stad. Det var no gale dei ikkje fann han, like vel.

I det same ser ho mannen, han har komme fram om øvre låvenova, står og ser på henne og kjem nærmare. Litt redd vart ho, men ikkje så mykje at ho vilde rope eller springe. Ho venta og vilde sjå. Ho burde ha snakka med han. Enno ein gong stanar han, og så kjem han fort. Ho gir frå seg eit lite rop, for dette er Paul.

– Men i all verda? sa ho. Der murra einkvart både vilt og vondt inni henne, ho vilde ikkje ha set Paul i kveld, han kom for henne som ulykka hennes, eit vardøger for ulykka.

– Ja, det er berre eg ja, – han var så andslope han fekk det knapt fram.

Ho måtte mest le óg. Han kunde skræme folk, slik såg han ut. Til trøye hadde han ein sekk på seg med hol for halsen og armane, og eit svart tørklæ [141] over hatten. Han tørka sveitten og saup etter luft; han kasta seg beint ned.

– Korles er det du fer, gut?

– Dei jagar live av meg. Men, eg narra dem lel.

– Ja men *kvifor* da, Paul? At du fer som bygdeskræmsel?

– Eg måtte snakke med deg. Har fresta å finne deg to gonger før. Så ingen skulde vita om det.

– Men kva er det du vil da? Sei det fort, eg må inn att, og rettno kjem dei.

– Det var eg som skamslo 'n Didrik.

– Ja. Det var stygt gjort det. Og dumt, Paul.

– Jaså, du skjønna det var eg. Ja, eg gir fanken i skamma – det er ikkje verdt å snakke om meg. Men no skal du seie meg, om du tykkjer eg bør tilstå det. Det var det eg vilde deg.

Han var så utjaga at han la seg attover på råde vollen. Ragnhild kunde ikkje anna, ho bøy de seg ned og strauk sveitten av panna hans, han var våt som han skulde komme utor bekken. Han let att auga og låg daustill.

– Du må gjera som du sjøl synes, sa ho.

– Nei! Han reiste seg brått. – Nei, for eg synes ingen ting. Men no er eg fri frå den der førkja, og da ventar du kanskje at eg skulde bli folk att?

– Det ventar eg. Det skal du lova meg å bli. Ho tok handa hans, og strauk han enno ein gong over panna, ho ansa det ikkje før det var gjort. – [142] Men om du gir deg opp som gjerningsmannen eller ikkje, det – ja det har ikkje eg noko med.

– Å nei. Eg kan tru det. Ikkje kunde det vel hjelpe noko heller; for meg.

– Asj! kva er det der for slag snakk på ein vaksen kar!

Han stotta litt: – Vart du *lite grand* glad om eg – ja, om eg retta meg opp att?

– Eg vart mykje glad.

– Da skal du –

Han slo armene kring henne og tok henne innåt seg.

– Du skal gi meg ein kyss på det!

Ho reiv seg laus og skuva han hardt ifrå seg; han fekk merke ho var både hastig og sterk, og det hadde han godt av. Ho såg kor pinsamt han skjemdest, og da gjekk ho bort og gav han ein kyss på kinne, – slik gjer ein med ungar, tenkte ho. Men ho kvakk så ho vart stiv, for der var einkvan i nærheita, var det Vårherre sjøl som såg ein? *Han* måtte da vel sjå bedre enn som så?

– Jaså no, sa det i mørkre tett ved dem; det kom frå låvedøra, og måle var Didrik sitt. – Jaså, det er her gælnmannen driv seg. Brukar han kniv på deg? Didrik kom fram og bort til dem.

– Å, er det De, sa Ragnhild.

– Som fer her og lurar på folk ja, smålo han. Ja da. Eg hadde som ei von om at karen kom att. Ja, og når eg tenker meg om så er det just deg Paul [143] eg vilde snakke eit ord med. Har de to snakka ifrå dykk, eller –?

– Jaha, vi er einige no vi, svara Ragnhild. Og no skal eg gå, sa ho.

– Eg vil ikkje snakke med han, sa Paul. Eg har ikkje noko med han å gjera.

– Nei jaså! Didrik måtte mest le. Det var synd om deg det. For det er berre ditt eige beste eg vil. Det de to har dykk imillom det skil ikkje meg.

Ragnhild stana da ho hørte dei orda. Her måtte ho kanskje forsvara seg.

– Du var ute og fór den natta det brann, heldt Didrik fram. Der var fleir enn eg som såg deg. Sei meg berre den litle tingen, så skal alt anna vera glømt: Såg ikkje du noko til kva Karl Albert hadde for seg, før du fór heim?

Ragnhild måtte inn. Paul skulde klare seg sjøl.

– Eg vil berre fortelle deg eitt, sa Didrik til Paul og såg seg i kring; han kom tett borttil han og vart låg i måle: – Har ikkje Karl Albert sett varmen på, så har du gjort det. Og da er du mordbrennar. For *du* vekte ikkje. Eg vil deg ikkje vondt, eg varsku deg berre. Tenk no over. Kjem den saka opp, da kjem der opp meir om deg, og det eine stadfester det andre. Eg veit slikt eg, ser du. Du og eg, vi trur det er 'n Karl Albert som har sett på; vi kan i alle fall skræme han med det. Vi må halde i hop, skjønner du det?

– Eg gir fan i deg! ropa Paul, og det så høgt at Ragnhild hørte det bortved

kjøkendøra. Ho [144] stana, og straks etter såg ho han gjekk. Han murra einkvart med seg sjøl, eller gud veit om han ikkje gret, han måtte vera vondt trua no.

Ho gjekk bort om låven att og såg etter Didrik. Ho var harm så ho dirra, ho måtte ha tak i han og seie han det ho meinte. Men han var ikkje å sjå meir. Da sa det inni henne: Frå mørkre kom han og til mørkre gjekk han. Ho vart redd. For første gongen i live, kom det for henne. For no var ho ikkje lenger viss på om ho styrde med det som skulde skje her i garen. Ho såg Håkon for seg att. Auga hans sa at all ting hang i ein tråd for han, men dei vona hjelp av henne. Eller kanskje han hadde sagt det til henne ein gong. Nå ja, han vart det alltid ei råd med. Det måtte det bli med Didrik òg, – ho trudde ho kom til å riste han og det tålig hardhendt; til han var *folk*.

Men no nytta det ikkje å leite etter han, for no kom varg-jagarane som ho kalla dem. Ho lo åt dem og tykte dei var kleinslige til å leite; berre dei ikkje hadde vorte narra av eit bygdemenneske som hadde klædd seg ut? Det bles dei til, her var for mange som såg han.

Sia fortalde ho Håkon at det var Paul som fór her, og kva erend han hadde, – og ikkje visste ho noko råd å gi han, ho visste ikkje ein gong om der vart folk av han meir. – Han far din har han visst i klørne på meir enn eitt vis, sa ho.

– Vondt folk lyt han tåle han som andre, mumla Håkon. Han gjekk åt stua, men døra glømte han [145] å ta med seg. Da hørte ho han sa, så underlig høgmælt og ulik seg i måle: – Eg undres ikkje på han! Eg undres ikkje på nokon ting.

Didrik sat inne på låven att, på bolkkanten til kornståle. Han venta så halvveges at Håkon kom dit, for der hadde han einkvart lappverk for seg. No hadde han makta til å ta han for seg og snakke med han. Og det var han piska nøydd til no.– Han har meg i hendene! klaga han seg. *Han* kan kjøpe Stranda om det blir aldri så dyrt. Og sette i gang heile verke mitt. Dei orda hadde han sagt seg mange gonger, og kvar gongen var det som han skar i seg sjøl; men enda styrkte det han og gav han vona att.

For det gjorde han til fri mann. No endelig fekk han hate fram i seg. Han hata Håkon, – han merka han gjorde det til gagns. Det var det han skulde ha gjort frå første stunda, den kvelden i kvennhuse. I staden hadde han elska han, heilt til no, – Herre Jesus kor eg har halde av den gutungen! jamrast han. Og der gjekk han

og denne Ragnhildengelen hans og ødela alt for han, midt framfor auga på han, gjekk der og gjorde seg så skyldlause så ein måtte smyge seg frammed veggen som ein svart skugge, jøss ja da! Først tok dei garen frå han; så kåre, kunde ein seie; så tok dei arven som Gammalfaster hadde lova han, tok heile framtida og gleda hans, – i morgo tok dei siste vona. Så var han da *kvista*.

[146] – Og Vårherre han held med dem. Som ventande kan vera: han, formyndaren for alle dårane han har skapt! Her tek han til seg Kvitugla just når Håkon treng pengane hennes. Der let han det brenne før eg fekk kjøpt, og gjer Karl Albert så mektig at han treng ikkje sele til andre enn den som har pengar nok. Så tek han vekk dette barne, sjå berre på det vesle peke! Der med glatt Paul utor hendene på meg i det same eg skulde få bruk for han – her sitt eg så utkasta og tomhendt som aldri eit menneske har vore før.

Han reiste seg, og lo litt, det var slett ikkje hardt: – Og enda, born, skal min vilje skje! Vanlykka heng etter meg, men enno har eg unda-mon. Ja. Slik er det. Først får eg gjera meg til hund, og be. Hjelper ikkje det, så er *eg* like glad; da gjer eg meg til herre. Da svingar eg svepa over dykk, folk! Eg er nøydd, ser de! Og da er spele vunne.

I døra mumlar han, det er som han seier det til mørkre bakom seg:

– Langt ifrå, eg henger meg ikkje, no går eg.

Han tok vegen ned til Karl Albert.

Kona til Karl Albert skjønna karane hadde noko usnakka, og let dei ha stua åleine.

Didrik var både lys og trygg der han kom. – Det var denne garhandelen deira no da, sa han. I kveld kunde det kanskje høve at dei skreiv kontrakten? Så var da det undagjort. Han såg Karl Albert likte seg ikkje, og gjekk beint på det vonde: – Han Håkon har vel vore her og snakka om det same?

[147] – Han vilde i alle fall kjøpe romme her. Karl Albert såg truskyldig på motmannen. – Og det blir kan hende det same ja? la han til.

Didrik nikka, halvt i tankar, at det var så det ja. Ja visst, tenkte han, her har du vore, du gudsendelen min, og kjøpt stasen framfor nasen på meg. Hm-hm, san. Eg har set deg no. Og følgene av fanskapen din har eg ferdig for deg. Han plystrar ein stubb og seier med ein liten gjeisp: – Ja ha, han Håkon og eg er einige om den ting. Men no er eg, gudskjelov, på føtene att, så eg er mann for å

kjøpe åleine. Eg vil helst det. Sia går vi samen om det, han og eg; eg vil sleppe han til, for han *er* ein kvennkall han; når eg har fått det på gli, så å seie. Det er eg som har Stranda på handa, om vi skal snakke på rim.

– På handa? Karl Albert smilte og såg fult bort i veggen.

– Det heiter slik ja. Det er eit ord som seier mykje det, for resten.

– Hm. Eg trudde du kjøpte eg. På det vilkåre at eg fekk Fagernese.

– Fagernese ja. Det får du. Det vil seie, eg får kjøpe. For pengar får ein alt, san, – Didrik spela litt med fingrane på borde, han var trygg og glad: Eg vann ei sak her om dagen. Ei som gjorde pengar. Så det er i orden.

Karl Albert var narra, Didrik såg det. For folk visste at Didrik Dale laug ikkje, kva anna gale han gjorde. Så nær som *den gongen* ja, tenkte han, den [148] elendige kvelden da han først snakka om å kjøpe her. Men det kunde ha vorte reinhekla sanninga det, hadde ikkje hans eigen son gjort det til løgn. Vart dette løgn som han no hadde sagt, da var det òg hans skyld; og det skulde bli dyrt for han.

– Så no kan vi skrive kjøpekontrakten ja, sa han.

– Det er tidsnok når du kjem med pengane.

– Tøv. Dem legg eg ikkje på borde før kontrakten skal tinglesast, – ja det skjønner du like godt som eg.

– Ja ja, for meg, sa Karl Albert, for meg kan vi gjerne skrive. Men da skal vi betterde drikke kjøpskål i kveld. Han gjekk åt skape, og kom fram med flaske og glas

– Ser du der du, lo Didrik. *Den* berga du utor varmen.

– Hadde henne i trøyelomma, sa Karl Albert og skjenkte i.

Dei drakk på god handel. Didrik hadde ingen ting mot å drikke i kveld, for no hadde han vind i segla og kjente det bar rette vegen. Og eitt eller anna hadde Karl Albert *under* når han var så stri med flaska, lat oss drikke det fram, tenkte han. – Og i morgo den dag, nei i denne kveld, skal eg tigge eller true 'n Håkon til vett og god vilje; han må ut med pengehjelp, no som det går.

Dei fekk inn varmvatn og gjorde seg pons. Etter kvart som dei drakk, såg han Karl Albert klårare; han såg han innvertes som han skulde [149] vera av glas, – der budde ikkje så få ting i farken. – Jaså? Jaså no! sat han og sa med seg sjøl,

etter kvart som han opendaga noko nytt i han. Og best det var sa han og lo:

– Han Håkon baud deg garen sin han. Ja ja; gjerne for meg. Men du får han aldri, veit du. I alle fall ikkje utan mi hjelp.

Karl Albert drakk og lest som han ikkje hørte det. Han leita fram skrivestelle, og så skreiv Didrik kontrakten. Det var ferdiggjort vonoms fortare. Jamvel prisen vart dei forlikt om: så og så mykje for Fagernesese, så og så mykje for Stranda utan hus men med trygdesummen til, dei kunde vera velnøgde baa to. Like vel måtte Didrik sjå bedre på den andre da han skreiv under. Jaså, strandsittaren trudde ikkje der vart noko av denne handelen? Sat her og heldt ein for nakne narre, hm-hm! Sat og såg seg som odelsbonden på Stavsund og Håkon som kvennkall her nede. Didrik smilte og drakk. No såg han noko rart for seg: han såg einkvan sitte her i hans eigen stad, eit menneske av dei andre – herre gud som stakaren vart stygg i sjæla etter kvart som dei håna han og mykte han! No bannar han, berre hør på han: Han svor grase av vollen, han svor fisken frå land, og månen kraup ned og kom aldri opp meir. Og no reiste mannen seg og gjorde det som til skulde, dei fekk snart ta seg i vare for han. Og her sat 'n Didrik og var sau. Men så: så var han denne mannen! Han var virkelig ein av dei andre, han fann seg ikkje [150] i å vera sau visst han skulde slaktast for det; her sat han alt og svor.

– Sei meg, Karl Albert, sa han, du trur no vel ikkje du får denne trygdesummen utan eg vil?

Karl Albert strauk seg over skjegge og såg på han med små auga; iddest ikkje svara.

Didrik reiste seg. Han vilde heim no. Han takka mangdubbelt for både handelen og skjenken. Da går han tett borttil den andre og seier, så lågt og lykkelig han kan:

– Du sette varme på skiten, minns du vel? Ja. Om deg seier alle det; til deg er det einast eg som seier det. Du veit: «Gode grannar – ein lyg og ein sannar.» Ja! Og så var det eg og ikkje du som var oppe den natta og såg. Ja! Men som sagt, eg er ikkje den som melder deg, no når du syner velvilje mot meg.

Først vart Karl Albert litt tankefattig. Sia fekk han att den rette blunken i auga. Så, no flirte han òg.

– Du er full no, Didrik, let han. Enten er du for full eller for gammal. Ta og gå heim no; og legg deg. I morgo er du kanskje god mann att.

Didrik måtte gjera seg sterkare enn han var. Han lo godslig til gapkjeften. Så sa han i tørraste ålvore: – Eg ser det du ikkje ser. Du kjem til å sitte som garmann på Stavsund; han far din kjem verkelig til å oppleva det. Med mi hjelp. For eg held med deg, sonen min er ein halvdauing, han har ikkje noko der å gjera, og lengtar vekk. Kjenn [151] berre etter om du ikkje veit det. Men, men, Karl Albert: Plag meg ikkje til å *snakke*. For da er du ferdig. Kom i hug det. God natt!

Etter kveldstid gjekk Ragnhild opp på loftet og reidde opp senga til Even. Da ho var ferdig sette ho seg og snakka litt med han. I kveld var han den einaste ho kunde seie noko til, tykte ho. Stund for stund hadde felle over henne med ei kjensle av einsemd eller kva det var; det var slett ikkje nokon god kveld.

Det var ikkje mange orda i Even. Når ho spurte fortalde han eitt og anna frå den tida han levde her på Stavsund, litt om da han måtte flytte her ifrå og kva han sia bala med: slik hadde det vore ja, og på det vise hadde det gått. – Og slik er det, la han til. Den eine han skal hit og den andre dit. Vi veit lite førut, Ragnhild. Farlig lite ja.

Men auga hans dei gjekk frå det han fortalde og til henne. Dei kom henne nærare enn dei gjorde nokon gong før. Ho fekk det ikkje ansles til enn at dei bad henne gjera einkvart, ho måtte vita ei råd mot det som hang over huse her. Og det svara i mot dem frå heile henne sjøl: – Ja, ja! De kan lite på meg.

Ja, men kor vart det av Didrik? No var klokka straks 10. Ho måtte finne han, og ho måtte finne Håkon, ho vilde ta ein i kvar hand og halde dem til alt var som det skulde millom dem. Ho kjente ho fann makta til det når det først bar til. – [152] Eg finn meg vel ein stad eit himmerike, song det for henne.

Straks etter fór det gjennom henne: Berre han gjekk, denne kvelden!

Da hørte ho fela hans Håkon. Jamenn spela han! No først merka ho kor hardt ho hadde lya etter om han var heime, ho hadde ikkje set noko til han før ho gjekk opp. Jamenn spela han! Han som knapt hadde rørt fela etter han vart gift, enda ho hadde bedt han om det. – Nei, sa han gjernast, spelmann er eg ikkje.

Javisst var det uvant, spele hans, det var kanskje derfor ho var så glad i det. Men når ho hørte på det no, da seig gleda bort. Så vonlaust kan ikkje ein frisk og ferdig ein få strengen til å låte. Dette er å pine seg sjøl. – Håkon, du får ikkje lov

til dette! klaga ho seg. Ho hadde reist seg, og stod så bein at Even såg på henne og undra seg.

Igjen isa det gjennom henne, at Håkon var tyngre å berge enn ho hadde trudd, og at han var meir verd enn nokon kunde ane. Han er ikkje berre eit lidande menneske, som ho hadde halde han for, ein som ser verda frå to kantar og kjenner det som sverd gjennom seg for kvar gong. Nei, inst inne er han, ho vilde kalle det eit *rasande menneske*. Han elsker så høgt at han er farlig, han elsker far sin så han trur han kjem til å tyne han; og han hatar han for det same, for han veit at just derfor må han gi seg – *kven annan skulde gi seg?* det var hans eigne ord.

[153] Ho måtte ned til han. – Men kan ikkje folk kjenne at dei er eitt? undres ho. Ho tykkjer ho veit det så sterkt og varmt at det må slå inn i alle ho ser på.

Håkon hadde hengt bort fela da Ragnhild kom ned i stua.

– Sluttar du no? sa ho.

Dei såg einannan i auga. Ho vart iskald i kinna, for ho såg kva han vilde seie.

– Spelmann har eg aldri vore, sa han.

Ho tviheldt auga hans, noko anna visste ho ikkje å trive til. Ho såg kor han blygdest for det han ikkje kunde løyne denne arme tanken; dette såre vilde han minst av alt ha synt henne no att.

– At du *kan*, Håkon.

Først da det var sagt merka ho kor krenkt ho var. Han plaga henne til å minnast Paul både i tid og utid. Ho vilde fram til han og ta i han, ho måtte da vel kunne skaka han eller klemme han til han var god att.

– Ja ja, ti no still, seier han og dreg på smilen. Eg trur deg da vel, kva anna skal eg ta meg til?

Der skulde ikkje finnast ålvor eller meining i dei orda, men henne sa dei alt. Her hadde skjedd eit under att. Slik slokna varmen uti marka ein gong, slik kjem dagen over fjelle for den som ansar han.

– Veit du, du, kor han far er? spurte ho.

Han rista på hovude. – Ikkje skil det meg heller, la han til.

[154] Da gjekk ho bort og ruska i han: – Skal eg bli nøydd til å bruke makta på deg da? Skal eg bli nøydd til å ta inn rise, he?

– Da rømmer eg. Heilt til Amerika.

Han sa det som gapsnakk, slik ho hadde nemnt rise, men ho hørte det var ålvore hans. Eit blodig ålvor, hadde ho hørt seie nokon gong.

– Jaså, du er mann for å rømme du? Storveges til kar, må eg seie. Amerika? Kjem du i hug kva dokteren sa om lungene dine? Nei, ban, den rømminga ho er jamgod med å henge seg; – ein kunde komma til å angre det, sa kjerringa, og dermed tok no ho til vettes og let det vera.

– Vart du med visst eg fór? Han spurte like sæl.

– Og så ho mor di? Eller skulde ho sitte att her? Ser du korles ho går her? I kveld går ho i villska reint.

Håkon stirde i golve og smått rista på hovude. – Du får halde meg for kva du vil, men eg er ikkje – eg har aldri vore glad i henne, eg kan det ikkje, hører du! Slik er eg. Han såg både harm og ulykkelig på henne.

– Eg trur ikkje, Håkon, at du veit stort om det.

– Og kva vil du eg skal seie om 'n far? Eg kunde gjera mangt for han. Eg kunde ha gjort det, men no tåler eg han ikkje lenger. Syner han meg vondskapen sin ein gong til, da veit eg ikkje kva som hender. Da var det bedre om eg hadde rømt. – – Kor han er i kveld, seier du? Han kan [155] ha hengt seg, for det vi veit. Denne gongen skal ikkje eg ut å leite etter han, så mykje veit eg i alle fall.

– I kveld skal du finne opp han og snakke med han. Vi skal ta oss til å snakke i kveld, det er ikkje for seint enno. Vi skal rydde huse for ufreskje i kveld. Du veit at eg gir meg ikkje. Eg trur for oss alle i hop.

Ho ønska ho kunde ta andlete hans millom hendene og klemme det, som ein gjer med småborna, ho ønska fleire slike umulige ting. Ho sukka, for ho visste der fanns dei som slikt ikkje var umulig for.

– Ja, sa Håkon, meg kan du narre til å tru det du vil, veit du. Og kan du få folk av 'n far, men det klarar du aldri! – kan du få han til å snakke som eit menneske med oss og legge korta sine på borde –, kan du trolle det til slik, da kunde det bli som ei framtid her i garen òg. Da skulde eg –

Han retta handa i vøre liksom han vilde sverje eller slå. Ragnhild hadde meir enn ein gong sagt seg at no først var ho så glad i han som ho kunde bli. Det hadde vore småting alt sammen, kjente ho. Inntil no.

Ho gjekk ut. Ho kunde ikkje legge seg før ho hadde lya etter Didrik. For rettno måtte han da vera her. I kjøkene gjekk ho seg på Tale.

– Har De ikkje lagt Dykker enno? sa ho.

Tale såg opp, men ho hadde knapt hørt det som vart sagt.

[156] Ragnhild tenkte: Visste eg kor 'n Didrik held til, da la eg avstad og drog han heim. Å gut, eg skulde blåraste han, du skulde bli *rimelig*, Didrik! Med det same fór der ei vegvill undring gjennom henne: Eg kan da ikkje vera hivd hit utan noko slag meining eller styring? Det vart til ein skjelv i henne: Kan eit menneske ingen ting da? Blir det ein Didrik av meg òg, med råder og uråder? Nei da, nei da, svara ho.

Ute var det svarte marka enno. Himmelen vilde ikkje ned med snø, kva han no venta på, berre nokre redde flak kom vinglande, og dei kom bort straks dei nådde nedpå. Litt hadde vore, kom månen. Han steig fram hitgjennom skya og lyste. Det kom for Ragnhild det var ein lagna eller eit liv han syntte henne. Så gråna han over og seig bort att. Didrik han kom ikkje.

Ragnhild måtte inn att, for no fekk ho denne lengten etter gutungen sin, han Hallvard, ho hadde ikkje ansa han i heile kveld. Han sov. Så vakker ein menneskeunge. Ei lita rørsle oppi brunene på han eller kring munnen, og ein tykkjer det kan ikkje vera andre englar til enn han. Ein minns der er folk som har mista ein slik ein. At dei kan leva? undrast ho. Lever gjer dei vel ikkje, men –

Da Didrik kom ut frå Karl Albert merka han at han var søkk full. Ja da, dit ned hadde dei fått han no, ut i sjølve svartnatta og pina. I dette her tilstande var det folk fann seg att som gladast, [157] da lo dei og da song dei – dei var ikkje folk! Han for sin part vilde slenge seg ned som hunden nokonstads og sova ifrå det. Alt han hadde sagt eller gjort i kveld kom han i hug, og alt det som morgondagen venta på, men det var vanskapt for han, smått og likesælt så han ikkje vilde sjå det. Ein annan ein hadde sett i med ein song.

Vegen heim såg han ikkje, men den fann føtene av seg sjøl. Resten var han glad han ikkje såg. – Her er for *landskapstrist* for eit einslig menneske, sukka han. Nokre snøfjun kom ned, merka han. Og utant have hørte han snøbrake. Vêrskifte i vente ja, om Gud vilde og vêre føyde seg slik. Men kva skilde det han? Han som gjekk her?

Oppe ved garen kom han i hug noko han sa til Tale i går: Han vilde flytte i lag med Indiana. Ja kvifor ikkje? Han trong eit ungt og godt menneske, han trong henne. Visst var han hardt skjenkt no, men likevel, det var inga løgn at ho kunde mane han fram på den rette vegen. No mintes han noko anna han sa, om at han vilde av stad og henge seg. Tale baud han hosebanda sine å henge i, dei heldt, let ho, for ho hadde vove dem sjøl. Ja ha, lo han, og svinga så opp vegen til kvennhuse.

Der kunde han ligge i natt, når han var hund, i kammerse der. Så trudde dei det som best høvde dem. Kom dei og leita etter han, nokon, så skulde ikkje det vera glømt. Å nei gu gjorde dei ei, san. Og det skulde heller ikkje bli glømt. God natt!

[158] Så, no låg han på mølnarbenken i kvennhuskammerse; no låg han på ryggen og hadde det tålig. Men ein ting var viss: han slo ikkje av, der rekna Vårherre gale. Han hadde lese hoss ein stormann at menneske har krav på evigheita. Det var ikkje for mykje, just. – Kom i hug, sa han, at at evigheita sjøldøydde når ikkje slike som eg kom der og heldt liv i henne.

Litt etter mintes han Indiana. Da var det nær på han gret, så rart var det: – Ho går der og ventar og trur på meg, og her ligg eg. Enno er eg ikkje lenger kommen nei. No såg han Ragnhild, ho tok i og rista han; så smilte ho og såg på han med desse rare auga sine og trudde ho hadde vunne over han. – Ja da, ja da, sa han. Eg veit da at når himmelen er så blå, og jorda så grøn, da er det meininga vi skal vera søsken all verda over. Men kom i hug, du, at det er det eg vil. Ja. Kom så i hug at eg veit alt om deg, og meir til om det trengs. Du, Ragnhild, du må ikkje plage meg nei, akt deg for det. For du veit eg vil deg berre vel. – – Kjerringa mi får greie snorkinga åleine her etter. Det var slik laga, det måtte slik bli. Nei, gud skje pris, velnøgd har eg aldri vore. Da kunde eg ikkje ha vore missnøgd, og kor vart det så av vona? Og kor vart det så av meg? – – Nei, Johannes, du var for mykje lik meg. Det kunde aldri gå. Men når vi no råkes, da er det ansles med oss baa to. Da skjønner du meg, om ikkje anna.

Enno ein gong sa han god natt til alle sammen, [159] og så slapp han ut or mørkre han låg og halvpintes i. Det bar så lognt i veg. Det fekk bera dit det vilde.

Ragnhild vakna reint for tidlig, morgonen etter. Ho lyste på klokka og la seg

til att, for enno skulde ho ha havt ein times sømn, – morgonsømn er så styrkande for meg, hermt e ho etter ein lat mann. Men sømn er det uråd å finne att, det var ikkje ein gong råd til å ligge still. Oppe måtte der vera ti gonger bedre. Så stod ho opp.

Marka var kvit. Det tok henne med så glad ei undring, ei lykke, ho kunde ha helsa god morgon til alle haugane og fjella, til stranda og kva som for auga kom. Men ho hadde anna å tenke på, ho visste ikkje for vel kva det var. Ho kjente seg sterkare enn alt ho kunde møte, og det gjorde henne urolig den eine stunda og glad den neste.

Håkon han sov. Ja-a gu, som ho Gammalfaster sa. Kven var han der han låg? Ho visste det og visste det ikkje, – kvifor skulde der gå slike bevingar gjennom eit menneske? Jamvel no når han sov trudde han at han var vigd til ein tung lagna. Ho kyste han på panna. Det hadde ho gjort ein morgon før da ho stod opp og han sov, det var *den* morgonen, og no var det over to år sia den tid. – Men gå heller og gjera opp varme, sa ho til seg sjøl.

Der var ikkje ved i kjøkene. – Vi har gått i giftartankar i gåreftas, sa ho, og så gjekk ho åt vedskjule. [160] Der var heller ingen ved, nokre digre lompar berre, og slett ikkje fanns der øks, kven hadde for resten venta det? Ein skulde denge alle dei karmenner ein såg og hive dem i kvennhussfossen, ja og så ta dem opp att, forstår seg, og banke dem tørre. No hadde dei drege vedøksa bort på saga, så no måtte ho dit.

Ho gjekk over haugen, for saga låg breiddmed kvennhuse. Enno var det natta, men der var underlig så lyst og kvitt. Det snøa, men det snøa berre kvit fjør; ein sette ikkje ein gong far etter seg i snøen, det som var så trøysamt. Snøfjørene skingla og vingla gjennom lufta, til dei nådde jorda og slo seg for, – ei skulde hit og ei dit, det var med dem som han Even sa det var med folke. Og så høgtidsstilt der var! Ho syntes det var stilla som lyste kring henne. Slik er det vel støtt for ein eller annan når dagen kjem. Som snarast kom det for henne det var ikkje ho sjøl som var ute og gjekk her i dag.

Endelig fann ho øksa og var på veg heim. Utom kvennhussveggen stana ho, ho hørte det gjekk inni kvennhuse. Javisst gjekk det, der var folk!

– Er det du Paul? seier ho, for det likna han å fara slik og tulle, og no skulde han jamenn –

Didrik kjem fram i døra. Han hadde ho ikkje komme i hug. Og enda hadde han vore som ei mare over henne heilt frå i gårkveld, han hadde vore i stilla kringom henne da ho gjekk hit, ho hadde slite og bore på han utan ho visste det; ho måtte møte [161] han før Håkon gjorde det, for elles –? Der står han og småler til henne:

– Nei, gulle mitt, det er no berre eg den her gongen.

Didrik hadde vakna med eit brak, kom det for han: Fylla brast inni hovude på han, og hovude med, og enda låg han der og visste til seg. Der såg han vindauge, og utanfor det stod gamlemor Verda livs levande og gjorde seg kvit og blid. Eit brak ja, herre gud, når ein kjem seglande utor svarte ingenting og inn i folkevette med slik fart! Han drog seg bort til glase og såg ut. – Ja da, sa han til verda, eg ser deg mest, din hyklar der du er. No må du smile no. Du skal snart få anna å vita. Da var det Ragnhild kom med øksa, det måtte vera ho som hadde bråvekt han slik. Vårherre sjøl måtte ha sendt henne i denne stunda, gud signe han så sant.

Han skyndte seg ut. Og ho stod der og bia. – Det er berre eg ja, tok han oppatt og gjekk fram til henne. – Jaså, det var ikkje meg du såg etter no heller? Hm. Hm. Men da eg såg deg her, da takka eg Vakkermannen for det du kom. Kor trudde du eg heldt til i natt da?

– I natt? Eg trudde vel De var heime og sov som eit anna menneske. Nei for resten, det kom for meg at De hadde hengt opp Dykk borti uthusa nokonstads.

Ho vart vår han gjekk ikkje med på gapsnakk i dag. Auga hans stakk henne djupt.

[162] – I dag må vi to freste å skjønna einannan, sa han. Han kom borttil henne og la handa på aksla hennes: – Du skal høre på meg no, Ragnhild. Endelig ein gong ja.

Ho veik eit steg att-å-bak og vart eldande heit i andlete, ho likte aldri dei kom henne så nær. Ho smilte, men auga stod strie i mot han. Han blunka ikkje, og ho blunka ikkje; slik stod dei eit tak. Da måtte ho gi seg, for han gjorde det aldri.

– Kva er det De vil meg no da? spurte ho.

– Ja no skal du høre på meg. Hit til har du aldri gjort det. For det første så skal du snakke til 'n Paul og be han tenke seg om. Han, ser du, han eller 'n Karl Albert har sett på elden nedpå Stranda. Eg kan føre vitne på det. No har eg kjøpt

Stranda, men eg er redd 'n Håkon og den andre har noko under. Vårsku dem, at dei tenker seg om. Eg er ikkje å spela med lenger.

– Men herre gud, er De vond da?

– Eg kan bli det, ban. Det står i di hand. Du skal få 'n Håkon til å halde seg utanfor det eg har for meg; han må ikkje komma i *vegen for meg!*

Ho lo, ho var både harm og hånlig: – De veit godt at det er 'n Håkon som har tenkt ut all ting der nede, både kvennbruke og resten. Det er hans. Gjorde eg min rett, så bad eg han vera kar denne gongen – kvifor skal *han* gå unda støtt? Han kjem reint bort han.

Didrik lo han òg: – Der sa du eit ord, Ragnhild. [163] Det er bort han skal, du lyt ta han med deg til Amerika; så har han da fare frivillig.

Ho kvitna da ho hørte det. Hadde ho virkelig vore så redd at Håkon skulde rømme lande! Didrik kom eit steg nærmare, og ho veik unda.

– Du trur da ikkje han held ut å leva her? Etter det de to har gjort, – du veit: Kvitugla og arven etter henne. He?

– Skjemmes De ikkje, stotta ho. Men ho såg i det same at hoss dette menneske fanns der ikkje skam. Ho hadde ikkje drømt at menneske kunde bli så skamlaust.

– Ja ha, Ragnhild, berre sjå på meg du. Slik er eg ja. Bøyer du ikkje stivnakken din no, da er du ferdig her, og 'n Håkon med. Da skal Gammalfaster gravast opp og *obduserast*, om du veit kva det er. Ja! Kva konster de brukte for å få testamente til, det er no den ting. At ho brådøydde da de hadde hivd meg på sjukehuse, det er *ein annan ting*. Kom i hug det, Ragnhild.

Ho fekk ikkje ord fram. – Håkon, Håkon! tenkte ho; resten vart borte for henne. Didrik kom innpå henne, vilde ta i henne og halde henne. Ho veik oppetter bakken.

– Du ser eg har deg no, Ragnhild. Du skal gi deg no. Eg elsker deg, eg har ikkje ord for det, herre gud, Ragnhild! Men enda meir hatar eg deg, hører du det? Dei som sett seg i mot meg her etter, dei lyser eg til helvetes: til helvetes på hálkeføre og nedover bratte bakken! eg tyner den og eg tyner [164] den, eg legg det svart i kring deg visst du ikkje lystrar meg. Ja for eg slæst for ei *sak!*

Og så kaldflirer han til henne, det er drepande lågt og nær henne:– Om så

enden blir at 'n Håkon tek live av meg. Han har fortent eit fadermord.

Ho såg han sa sant. Dette var hans sanning. Der fanns ikkje botn i auga på han, og kva var der ikkje i dem!

– Du kjem ikkje her ifrå før du velsignar meg! – han tok etter henne på nytt.

Ho visste mange ting i same blinken, det var så klårt at det skar, men straks var det borte, og da visste ho berre at ho steig unda og at øksa fór i vêre. Han stod litt nedanfor henne, kven som no hadde sett han der, og øksa snudde seg i handa, og så gav ho han dasken, den han måtte ha. Ho la all si tyngd og makt i det. – Der!

Han tok i mot dasken med ein døyvd liten sukk, mest som han sanna med henne, og seig i hop. Der låg han. Ho såg opp og rundt i kring seg. Der var ingen til stades, der var ingen som gav det nokon ans. Ho ser på han att. Han er ferdig. Han har fått økshammaren midt oppi skinnhuva, denne rare skinnhuva han gjekk med støtt; der hadde vorte eit søkk i henne. – Men er der ikkje ein gong blod i han? undres ho. Var det likt! Nei da måtte han ha vore eit menneske da.

Det var det. Men der såg ho ei steinsnyte som stakk opp utor jorda, ho var merkelig så lik ein økshammar. – Dit skal du, mumla ho, og tok kallen [165] og lingsa han nedetter til han låg med nakken mot steinen. Der låg han liksom han skulde ha komme stupande ned fra vassrenna, frå rennborden dei kalla. – Så.

Ho syntes det ropa til henne: – Kva er det du har gjort no, meiner du? Men så kom ho etter at det var ho sjøl som hadde sagt det.

Det var uhuglig så lett dette, sa ho seg da ho tok øksa og gjekk. Korles det no går eller ikkje, han Håkon er uskyldig i det; det vart ikkje *han*, san. Ligg i fred! No har verda vorte fri deg. Det kom sju år for seint.

Og no snødde det. Snøen kom veltande ned, han vilde gjømme all jorda. Ho var ikkje usams med han i det.

VI.

[166] Håkon kom da Ragnhild hadde hogd ved og fått kjelen i kok. – Det var da fælt, let han, kor tidlig ho fór oppe og vasa. – Ho svara at det tok aldri slik sveis å hogge ved som på morgonkvisten. – Jaså, han hadde glømt å hogge ved i gårkveld. Da var ho vel passlig blid, kunde han tru. – Han gjorde rettast han

heldt seg utor vegen ja – her går kaffe, gut!

Det skar henne når ho såg kor like vis han stod der. Enno hadde ikkje ein tanke om faren gått gjennom han, han gjekk som eit barn til døra og ut, det var hestane han kom i hug. – Ja ja, Håkon, sa ho da han var ute.

Ho gjekk ut og pumpa vatn til fjøse. Det drygde før Tale kom i dag.

Henne var det ikkje det grand rart å sjå att. Dei gjekk omeinannan og hjelptest åt med fjøsstelle, det var for tidlig enno å gå inn. Rett som ho stod attmed henne vilde ho fortele at no var det slut med Didrik. Men i det same spurte Tale om ho hadde set noko til kallen.

– Nei, er han ikkje heimkommen? Det var sagt så naturleg, ho måtte undre seg sjøl.

[167] Tale mumla noko om at *han* heldt vel til der han lika seg, lykke på reisa. Så skrattlo ho: – Vil dei virkelig ha denne Didrikken min da!

Ragnhild gjekk inn. Der heldt barnegjenta på og bala med 'n Hallvard. Han var rangstelt i dag, vilde ikkje ha klæa på seg og ikkje ha mat. Da han såg mora sette han på og vilde til henne; og hoss henne slo han seg til ro. Ho òg slo seg til ro.

Ho glømte han skulde ha mat. Ho sat berre og såg på han. Ho vart vår korles han smilte: liksom han hadde si eiga moro med mange ting; og oppi høgare augnebruna hadde han eit lite drag, ei lita rukke som synt seg av og til, mest som eit ålvor i låtten. Og så sterkt som han kunde sjå på ein, så reint utan tvil. I dag syntes ho sjå auga hans måtte bli blå på let.

Heile tida kom ho i hug det ho hadde gjort. – Det var det einaste å gjera, svara ho seg, og meir vilde ho ikkje seie om det, for det første. Men kvifor hadde ho nekta da Tale snakka til henne? – Vent òr lite, sa ho, eg skal da tilstå. Håkon kom inn og drakk kaffen. Da sa ho det enda ein gong, det var eit under ho ikkje sa det høgt. – Han vil skjønna det når eg syner han det, han skal sjå det slik eg såg det. For eg såg alt som elles hadde komme, eg såg det i klare dagen framfor meg. Eg kunde ha stana øksa, men eg gjorde det ikkje, for ho skulde ikkje stanast. – Eg? Det var ikkje eg berre. Eg var ikkje åleine.

[168] Lange stunder var ho utanfor det heile. Glømsla la seg over henne som ein sømn. Så kom medvete og live til henne att.

Straks føre middagen kom Håkon inn og spurte etter mora. Ragnhild såg

straks kva han hadde å fortele, og ho vart både redd og rar, men ho manna seg opp og sa han fekk sjå åt kårstua. Tale hadde hørt han spurte og kom ut i det same.

– Du må bli med meg ut, sa han.

Tale sa ikkje noko, ho kom berre.

– Eg har funne 'n far, sa han utom døra.

Tale tagde og følgde med.

Ragnhild la frå seg det ho hadde i hendene og gjekk etter. All tanke på at ho skulde tilstå var borte no, det var noko som hang i blånaen langt langt fram i tida; no låg Didrik død der oppved. Med ho gjekk oppetter til kvennhuse skjein sola fram sør i skare, ho lyste gjennom snøfalle det ho var godtil. Eller det var snøfalle som skjein med eit nytt lys over ein og i kring ein, på vona om ein skulde ha auga å sjå det med.

Håkon stod og såg på like. Tale bøyde seg og kjente på det. – Iskald, mumla ho.

Korles kunde eg vera så viss på han var død? tenkte Ragnhild. Dei snudde seg til henne. Tale sa: – Ja slik ser det ut her.

Ragnhild såg ein gong på Håkon og ein gong på like. – Skulde ikkje eg vita det her? spurte ho.

– Å, sa han, ein får tidsnok vita slikt.

[169] Tale såg på steinen, attmed like, og så til vêrs, til rennborden. Håkon gjorde det same. – Men han kan da ikkje ha fare der oppe og tulla? sa han. Ingen sa noko til det. Så tok dei like og bar det inn. Det kjentes som Didrik gjorde seg tung for dem; Ragnhild var nær på å seie det.

– Så, no er han da heimkommen, sa Tale da dei hadde lagt like frå seg i kårkammerse. – Slik gjekk no det.

– Ja, den som visste korles det gjekk, kom det frå Håkon. – Ikkje som eg veit det.

Det er berre eg som veit det, tenkte Ragnhild. Eg slapp ikkje frå det. Eg slepp aldri frå det. La det vera slik. Lat det vera som det vart.

Det vart skikka bud både på lensmann og dokter. Lensmannen kom først.

Han gjekk der og spurte og såg og undra seg, og vart ikkje klokare. Så spurte han Karl Albert om kor mykje dei drakk kvelden før. Da han hørte kor lite det var, rista han på hovude, men så sa han at Didrik var uvant med det sterke, og kva kunde ikkje hende når ulykka var ute. Dei drog seg til minnes at Didrik hadde snåva før. – Ja oppi rennborden kan han da ikkje ha fare og klive, nattens tid, sa Karl Albert.

Ragnhild la merke til at Håkon såg på han frå sida. Ho kvakk ved det augekaste. Var der ein misstanke i det, eller noko anna stygt?

Vesle Arn stod der, men han tagde i dag.

[170] Så var dokteren der. Han hadde det ant om, for der låg sjukfolk og venta på han andre stader. Han skreiv at døden hadde komme av brott på heilen. Eit fall mot ein stein kunde godt ha gjort det, sa han.

Even stod og såg på like. Det var vaska og stelt no og skulde berast på låven. Han lea på hovude; han vart meir og meir sid i munnvikene; hadde ikkje auga i han vore så gamle så hadde han fått tårar i dem. Så sa han: – Alt du bala og streid, Didrik! Så langt kom du. Etterpå mumla han med seg sjøl: – Vi kjem like langt alle samen.

Ragnhild tok seg for og bar inn vatn. Det snødde ikkje meir no. Det var vidunders lyst og stilt all veg utover. Ho sa med seg sjøl: – I går gjekk du her og bar vatn som no, gjekk og vada som ei anna gås. Visste ingen ting. No går du her, og det er *no* det! No veit du korles det kjennes.

Ho såg andlete til Håkon for seg. Der var mange små drag i det ho ikkje hadde ansa før, det var dei som gjorde han til den han var. Munnskjegge kunde sige litt ned på eine sida. Han hadde ikkje vore Håkon minders. Med kvart flytta han eine augebruna høgt opp, og da såg han fortenkt og tvilande ut, slik ingen annan gjorde. Så løfta han den andre òg, – straks vart andlete fullt av liv og varme, liksom no først vardest han den han tala med. Han var tynn i kjakane, men raudleten steig fram somtid, så vårt. Ein såg ikkje mann med så [171] fint hår som han. Det fortalde kven han var, syntes ho.

No hadde ho frelst han frå far hans. Og frå seg sjøl. Enno var det lenge til den dagen han takka henne for det.

Lea kom dit. Ho strigret da ho stod og såg på faren. Didrik låg som han sov. Utrulig ung å sjå til, men så reint utsliten like vel.

– Ja ja, no har da han fått retten sin, sa Tale.

Før Lea gjekk var ho den ho pla vera. – Jaså, sa ho til Tale med Ragnhild stod og hørte på, – du vart lei han til slut. Ingen kan undrast på deg. Du gjorde utveg til eit gravøl, sa vi; og det held eg med deg i.

Ragnhild tok i armen hennes og vilde ha henne ut.

– Ja nei kjære, hør ikkje på meg! bad ho. Eg *har* denne kjeften eg, og først eg får ein halv tanke så fer han utor meg.

– Å ja, sukka Tale. Her står vel ho du har lært det av. Men mordar vil eg ikkje du skal halde meg for, det blir meg for stritt.

Og det forsikra Lea ho ikkje gjorde. – Syndarar er vi alle sytten, og eg er svartast, sa ho. Men ikkje eg heller kunde ha gjort den gjerningen.

Håkon hadde komme inn og hørt siste orda. Lea snudde seg til han: – Eg trur ikkje ein gong det er du som har forbarma deg over han. Gælensinna er du, og ein arti tosk, men like vel! Nei. Nei det er Gud Fader sjøl som har vore ute og gått.

[172] Visst det da ikkje er denne gælenmannen da. *Han* kunde sakt ha noko å hemne.

– Ja ti no still ein gong med det der, sa Ragnhild.

Lea lovte ho skulde tie som ho låg i kista. Men Håkon såg på mor si slik at det kraup i Ragnhild. Så gjennom-pint av angst var han; så forjaga av vonde tankar. Og når einkvan såg slik på Tale, da vart ho misstenkelig, korles såg ho ikkje ut for Håkon no? No visste Ragnhild kva misstanke var. Rettno vilde ho snakke reint ut åt dem, det vart plikt. At ho var mordar for Vårherre, det visste ho no snart, og det tok ho på seg. Men at ho skulde bli det for dei andre, det var hardt; det var berre enda hardare å stå her og tie med det og sjå andre misstenkt.

Tale sa, ho stod og retta på ein knapp i likskjorta: – Eg las ein gong ei bok som heitte *Tristan*. Ho var ikkje halvveges så trist som mi bok. Nå ja ja san. Det går vel ein daue om senn. Ho var mest på låtten, ho såg på både Håkon og Lea: – Folk kan da ikkje tru eg har slege i hel kallen min? Eit skræmsel i bygda det er eg, men lite grand nåde har dei vel for meg òg?

Håkon glømte det han hadde komme inn etter. Der stod han og hørte på mora, fresta å smile til henne og fekk det tålig bra til; så gjekk han ut att. Kven kunde ikkje ha gjort einkvart for *han!* tenkte Ragnhild.

Så var det natta.

[173] Håkon låg vaken ei tid utetter. Ragnhild dorma tak for tak, men ho torde ikkje sleppe seg inn i sømnen så Håkon vart liggande att åleine. Dei hadde rullgardin for vindauge, men dei drog det sjelden ned, dei var ikkje så glad i mørkre nokon av dem. Best det var hørte ho Håkon sov, og så var det ho som låg att. Djupt og trygt sov han, ho mintest ikkje han sov slik med faren levde.

Ho låg lenge. Så hadde ho vore inn i sømnen, langt langt til vegs, men ho vart dregi att-ende av einkvan. Det var ikkje anna enn månen som stod over fjelle og lyste på henne. Og han vilde henne ingen ting, han stod der kvit og still som det var ei anna natt. Nei, det var ikkje noko han vilde henne, og himmelen og alt ho såg der ute, det vilde henne heller ingen ting.

Men da ho hadde ligge der lenge, einast ho og Vårherre visste kor lenge det var, da *gav* ho seg. For all ting vilde henne noko, dei sa henne orde, det ho skalv for; ho laut tie og tåle det. Nei, ho tålte det ikkje, ho klaga seg i villa eit par gonger: – Kven er du som sette månen på himmelen? Du som jagar skya over han, du som gjer natt over verda? Du er skræmelig i allmakta di. Kan du aldri *hjelpe*? Du får sjå på meg som du vil; du får dømme meg som du lystar. Kan du aldri hjelpe.

Så var det morgonen. Og han var ei hjelp for henne.

[174] Det vart gravøls-sjau i garen ein gong att. For Ragnhild var det rart å vera med. Tid for tid stal det seg inn på henne at det var ein draum ho gjekk i, men det reiv ho seg laus ifrå så fort ho kunde, ho vilde ikkje rømme frå nokon ting, tvert i mot. For ho kjente ho var herre over det som møtte henne. Det som hadde hendt, var forferdelig, ho undrast om der fanns menneske på jorda som kunde ha fortalt det; men ho åtte makta til å sjå det i auga, der kom ein varme innanfrå som heldt henne oppe, og sjøl veit kven som gav henne den. – Var det så sant meg dei misstenkte, sukka ho. Da kunde eg nekte.

Ute vart ho ståande ein blink, slik ho gjorde før òg, men det var på ein heilt annan måte verda synte seg for henne no. Naturen vakna når ho såg på han; eller var det ho sjøl som vakna framfor han? Ting for ting synte andlete sitt: ho måtte ha gått i sømnen hittil, i halvmørkre. No først vardest ho kva ho hadde levd imillom. Så rik er verda. Så dyrt er live. Vismannen må vita mykje og sjå mangt! Ja, men kva *gjer* han? kva tek han seg til? Og kan han hjelpe nokon?

Sterkast såg ho det ein dagen ho gjekk vest i grannegaren, til Myra; ho skulde tinge mannen der til å slakte, for det var Håkon ikkje mann til, han tålte ikkje sjå dei tok liv. Himmelen vestover var kvit av lyse tynne skyer, ho såg aldri så fin ein veft. Så stort og lyst hadde ikkje vêr-andlete smilt i mot henne. Ho syntes det var himmerike [175] ho gjekk i møte med. Og ho gjekk bein og såg det i auga. Langt, endelaust langt bakom seg hørte ho barndommen som song: – Eg finn meg vel ein stad eit himmerik.

Kristian Myra, Myrmannen som Didrik kalla han, var ein god mann. Han hadde ein gong gjort henne så glad at ho var glad enno. Han hadde arbeidd hoss Even ein dag med ho var lita, og ho hadde koka graut til kvelds. Da sa han:– Er det du Ragnhild som har koka den her grauten, da er du mykje til menneske, og meir blir du. Eg har tre sønner, og vil du ha dem skal du få dem alle tre. Elles var det sjelden Kristian sa noko. Men slik såg han på henne i dag òg, så ope og så kjent, han kunde gladelig ha teke henne i handa. Dei stod utom døra da ho skulde gå. Han tok oppatt det han sa da ho kom:

– Javisst vart det ein omsnuna hoss dykk ja. Det gjekk *fort*. Så la han til, mest som han snakka med seg sjøl:– Å ja ja san! Rettferda er stygg når ho er ute i det erende. Jamenn er ho så ja. Synd i den som må vera tenaren hennes da.

Ragnhild vart stiv. Ho syntes sjå billete av Tale i auga hans; han måtte ha tenkt på henne da han sa siste orda.

Da ho snudde og skulde gå var Paul der, han var i Myra og hjelpte til med treskinga. Dei stod bert andsynes einannan. Auga hans veik ikkje. Og i dem var inga minning om Tale. Ho las i dem og fraus, for dei måtte ha set tvert igjennom [176] henne og inn til det ho hadde gjort. Andlete hans var ufagert: der var jamvel medynk i det. Litt redsl var der òg, blykt og annan. Og så undring, flate undrande dumheita. Så medynk att. Ho ønska ho kunde ha synt seg for han som dauen utor bibelen, gule glinsande mannen med ljåen, så ho fraus han ifrå seg og sytten i vald!

Ho gjekk frå han utan eit ord.

Om kvelden var ho med Tale i fjøse no da der stod lik på låven. Tale tilstod ho var glad for det. – Redd han var eg, sa ho, og meir redd han er eg. Eg ventar ikkje å bli kvitt *han*, san.

Da sa Ragnhild: – Ser De at han plagar 'n Håkon enno?

- Åja, stakars gut, sukka Tale. Men han må vel komma seg ein gong han òg.
- Ja. Utan den trua kunde ikkje eg vera her.
- Var ikkje du her no, da låg all ting i raus.
- Han går og *misstenker!*
- Eg ser det der. Eg er enda glad han ikkje misstenker deg.
- Det kunde *eg* bera. Men ikkje at det går ut over andre. Tenker aldri De på kven som er gjerningsmannen?

Dei var just ferdig med kvar si ku, og reiste seg samstundes og tømte mjølka i storspanne. Dei vart ståande midt i mot einannan, tett under fjøsløkta.

– Gjerningsmannen, sa Tale. Er der ein slik ein da, trur du? Huff nei, ikkje seie det! Ikkje [177] nemn nokon, eg vil ikkje vita det! Ho stirde tankelaus på Ragnhild.

– Veit De det ikkje *enno?*

Tale berre stirde på henne.

– Ja ha, det er eg. Det vart eg som kom i skade for han ja. Med økshammaren.

– Arme menneske! sa Tale da ho fekk att måle sitt. Herre vår Gud, var det deg han velta ulykka utover. Kan eg så ha venta noko verre? Ho såg ein gong til døra og ein gong til gluggen, ja til vindauge med; så kviskra ho: – Du må fortele meg alt i hop, Ragnhild! Vi blir ikkje meir enn ein som veit det for det.

Ragnhild fortalde det. Det var ikkje lang saga. Ho gav seg i arbeide att. Tale vart ståande stukk still eit tak. Kom så bort til Ragnhild, stod med hendene i sida og såg ned; ho lea på hovude.

– Ja ja, sa ho. No er det inga sak å vera meg. Men korles er det å vera deg?

– Å. Eg lever på den trua at no er 'n Håkon berga. Han kjem til å sjå med andre auga når eg syner han – – ja, når eg har fortalt han sanninga.

– Er du gal Ragnhild, du tenker da ikkje å fortele han det?

– Det tenker eg. Når han først har komme seg lite grand.

– Nei nei, Ragnhild! Lova meg at du ikkje gjer det. Ingen må vita det. Ingen!

Dei arbeidde kvar med sitt. Mjølkestrengene song mot botnen i bøtta. Kyrne togg og pusta, [178] pusta og togg. Heile fjøse vart levande kring dem, varmt og mørkt og levande, *ei* stund; i neste stunda var det berre dei to kvinnfolka som sat

der og bala med det som var hendt og som skulde vera hendt.

– Ein av dem måtte bergast, sa Ragnhild. Eg tykte det måtte bli 'n Håkon eg.
– Snakk ikkje meir om det, bad Tale. For eg har aldri skjønna nokon ting kor som er.

Så var dei ferdige og skulde gå inn. Da brast det ut av Ragnhild:

– Men *kven* var det som gjorde meg til mordar? For eg vilde det ikkje, eg åtte ikkje hat. Eg stod der berre og hadde gjort det. Sei meg kven sitt verkty eg var!

– Nei nei nei! Tale klaga seg no. – Lat oss ikkje blande styggmakta og ovtrua borti det.

– Kven var det som snudde øksa i handa på meg?

Da gret Tale. – Ja, du får årsake meg, Ragnhild, eg er ikkje frækare. Når det gjeld deg. Det var eg som skulde havt børa på meg lagt. Herre vår Gud kor ulykkelig du må vera no! Du må – – du må halde deg bein. Og be til Vårherre, du som er kjent med den mannen – takk gu' at han finns; om han no ikkje har all makta. Vi skal da bera det, Ragnhild. Kom i hug at no vart det ikkje 'n Håkon som – –

Ragnhild stod rolig og såg på hjelpeløysa. – Kom no, så går vi inn, sa ho.

[179] Og så gjekk dei inn. Det susa ein kald tanke gjennom Ragnhild, liksom ei dør hadde opna seg ut mot ville vêrnatta: Korles er det for den som er *reint åleine!*

Håkon sat i kjøkene da dei kom inn, det såg ut som han venta på kveldsmaten. Det var ikkje vise hans, og han gjorde det heller ikkje. Det hadde komme over han at han visste seg ikkje annan stad å vera i kveld, og der til måtte han sjå dei to som kom inn. Han måtte det, der var ikkje anna råd i kveld.

Han hadde havt ein hard dag.

Han stod ute om føremiddagen og stelte med einkvart; så kom der ein mann og helsa. Det var Morten, værbror hans. Han skulde gjera kista, han hadde bydd seg til det, og Morten han kunde mangt når han berre vilde. No vanta det han ein bordstubb, så og så brei og tjukk, for han hadde opendaga ei sprunge i det eine borde. Håkon likte ikkje Morten, ikkje stort meir enn faren hadde gjort, han visste ikkje kvifor; men i dag kom han som han skulde vera budsendt. Straks

Håkon såg han, skjønnna han kvifor han hadde i mot han: Denne mannen visste det om far hans som dei andre berre mumla om. Der vart stilt i kring han eit tak; der vart stilt all verda utover, syntes han. Han vart vår at dette med Morten og faren hadde pint han all hans dag.

Da hørte han kva han sjøl hadde sagt den [180] morgonen han fann faren død, han sa det på vegen til kvennhuse: – Han far – – Vårherre må ta han til seg snart. Da først kan eg få leva. Orda hørtes store og tunge i dag, det var så lydt i lufta for slikt. Dei kunde aldri bli usagt, og aldri glømt. Han kunde *høre* at Vårherre hadde hørt dem, og den mannen hørte sjølv meininga i dem. Håkon visste han var ikkje god for å tru dette, og slett ikkje det at Vårherre hadde teke han på orde, menneske er meir åleine i verda enn som så. Men der var orda. Jamvel fjelle hørte dem i dag.

Og Morten hørte dem. Han torde ikkje sjå opp på Håkon.

Da rente styngen gjennom Håkon for ålvor, før hadde han berre kjent kjølen av undringa i seg, og så sa han det beint i andlete til Morten:

– Kven er det som har teke live av 'n far? Du veit visst det òg, du.

Morten såg opp som elles, litt seigt og forsove. Han rista på hovude.

Håkon tenkte: – Eg veit dei finns som *kunde* ha gjort det. Og den eine er eg. Og så var styngen der att, sjølv svartmakta: Ragnhild har ikkje teke borti meg med ein finger ein gong sia den dagen! Han snudde seg i fullt sinne mot Morten:

– Du veit meir om 'n far enn du vil ut med!

Morten fresta å gjera store auga.

– Du kjenner han her vettlausingen òg du, han som fer og syner seg og lovar ilt. He?

[181] – Høvde det meg så skulde eg svara deg, mumla Morten.

Ragnhild var urimelig tidlig oppe den dagen dei fann han, Håkon såg det så han vart ståande stiv. Ja men ho har ikkje gjort det! Om all bygda kjem og vitnar mot henne, *eg* tek henne fri. Eg ser det i auga på han der sjøsnilen at det er hemnaren som har vore fram. Han veit det visst han vil vita det.

Morten fekk med seg den bordstubhen han for etter og slarka av heimover. Håkon hadde, dei siste dagane, stunda etter eit menneske å snakke med, same kven det var. Ein kunde visst spara seg slike ønske, ein vart berre ståande og

spytte etter han som gjekk.

Straks etter helsa det att; det var eit kvinnfolkmål. Det var Indiana som stod der. Ho måtte ha vore med Morten hitover sunde. Der stod ho og kom seg ikkje til å seie noko, og vart meir og meir heit.

– Kva for noko? Håkon såg opp frå breisleden han stelte med.

Ho var lik til ho måtte både le og gråte. Endelig fekk ho opp måle.

– Eg får vel ikkje sjå like eg, Håkon? Eg er vanhellig eg, ventelig. Og så skyndte ho seg og la til: – Men det svær eg for deg, at eg var berre som dotra hans. Eller som mor hans, rettare sagt. Eg vilde han vel. For han var noko meir enn anna folk. Den einaste som skjønna seg på det, det var [182] eg. Ja og så ho Ragnhild, det nemner vi ikkje. Ho er ovanfor min munn, eller korles eg skal seie det. Men henne var han redd, han var så *dum* somtid. – Ho er ulykka mi, sa han; ho er samvete mitt, sa han.

Håkon fekk frost i seg da ho sa det. Kvifor bad han ikkje førkja ha seg der ifrå ?

Indiana smilte og vart eldande raud: – Eg har ein liten blomster her; det er enda ei rose. Den syntes eg 'n Didrik skulde ha. Men du seier vel nei til det.

Han stod litt og åtte ikkje ein tanke; så sa han: – Kom da! og gjekk til låven.

Indiana kom etter. Da han løfta lakene av andlete til like, treiv ho armen hans og heldt så det sveid. Men så manna ho seg opp og la rosa på bringa til like; snudde seg så og gjekk ut. Ho stod og såg i jorda da han kom etter.

– Du skal ha takk, Håkon, sa ho. Og så la ho til: – No må her da vel bli fred og all ting på Stavsund.

– Ja, tenkte han, det kan da komma til å bli fred nok her etter.

Først gjekk han på låven att og tok rosa og hivde vekk, ho hadde gjort si nytte. Der etter gjekk han inn. Ragnhild såg opp da han kom, og ho var skyldlaus som barne ho sat med. Og sjøl var han svart, det var ikkje til å tåle.

Skyldlaus ja, det var det han såg no òg, da ho kom utor fjøse i lag med Tale. Korles kunde han [183] ha trudd ho var oppe i lag med Paul den morgonen og gjorde uverk? Han *hadde* ikkje trudd det! Men han hadde vore ut i ytste nøda, og no var han kommen levande i land; på ein måte.

Natta vart lang for han. Det var ikkje ei natt, det var netter. Ei drømte han seg

igjenom; der var avgrunnar med draum og pine. Ei måtte han vaka seg igjenom, og der var same avgrunnen og same pina. Så kom draumen att, og så kom vakinga.

Morgondagen som kom likna ingen annan dag han hadde møtt. Kvifor, det visste han ikkje, for han torde ikkje vita det. Han visste berre at der fanns menneske som var dømt til slike dagar, og eitt av dem var han. Han tok handa utor håre, ho hadde visst vore der lenge nok, og brunene flytta han ned igjen. Rart å sjå, tykte han: For eit slikt menneske finns der ikkje von om at dagane kan få att den gamle leten sin.

Ragnhild kom knapt til å røre borti han med hendene sine meir.

Den dagen var Ragnhild viss på ho skulde fortele Håkon det ho hadde gjort. Ho kunde bera det åleine. For hans skyld kunde ho ha bore det til sin døyande dag. Men for hans skyld måtte ho fortele det. Han skulde ikkje gå der lenger og lide vondt under misstankane sine. Han såg meir og meir tyngd ut. På denne måten vart der ingen oppgang for han, ingen ting av det ho hadde vona for han.

[184] Ho hadde meint på å sette det ut til over gravøle. Men da ho gjekk heim frå Karl Albert om kvelden, ho hadde vore der aust eit svint-erend, da kjente ho så levande at i denne kveld skulde han vita det. *Ho* hadde set folk i auga; med heile bora på seg stod ho bein framfor dem og blunka ikkje før dei blunka. Ho gjekk just og snakka med han i tankane, ho fann ord for ord som ho ikkje hadde venta å finne. – Eg gjorde det og eg gjorde det ikkje, sa ho. Men eg såg det i same blinken det skjedde, at her kunde ikkje meir enn ein ting skje. Det såg eg, Håkon, Gud sjøl må vita kven som syntte meg det. Eg ser det enno.

I det same kom ein manns-skapna fram millom nausta nedpå Stranda og beint bort til henne. Ja visst var det Paul. Først vart ho redd, for han var ei ulykke som følgde henne og vilde stenge vegen for henne. Men der med skaut vreiden opp i henne, ho syntes alt ho slo, og kven kunde ha stått for den dasken? – ho kjente redsla fór gjennom høgre handa hennes, der ho bar eitt eller anna handfenge; eit strykjarn sansa ho det var. Heile armen hang som han var død. Samstundes plaga det henne at Paul hadde nyst vore som bror hennes, ho hadde vore skyld med alle ho kjente, den tida.

– Ha deg vekk! sette ho i.

– Ja no skal eg ha meg vekk, Ragnhild. Eg vilde berre fortele deg at det var eg

som drap 'n Didrik. For det var eg det.

– Er du – – er du fortulla du? fekk ho sagt.

[185] – Det *var* eg som gjorde det. Og no rømmer eg.

– Ti still, hører du, og ha deg vekk.

– Eg vilde berre helse deg at det var eg. Eit par menneske til skal vita det. Så ingen blir misstenkt. Finn dei meg så, så er no det den ting.

– Idiot! ropa ho. *Du* veit da vel –

Ho skyndte seg heim. Gong for gong mumla ho: – Enn auga i han tagg som to svoltne hundar! Ho hadde drømt i gamle dagar at denne gut-traven skulde ho vera som ei mor for. – Idiot, klaga ho seg.

Ho hadde vorte fattig før ho nådde heim. No hadde ho mest ingen ting å fortele Håkon. Men gjerast måtte det. Det var meir nausynt enn før.

Håkon hadde òg vore borte, til handlaren i sørgrenda, og kom kjørande inn på tune i det same Ragnhild nådde heim. Det bars for henne det var eit leit râm. Ho såg på han. Han var så tung over auga, ein kunde ikkje tru han hadde smakt sømn dei siste døgn. Ho såg straks at no vann han ikkje meir, han måtte snakke til henne. Men da han såg på henne vart ho redd, for kva var det han visste?

– No kan eg fortele deg nytt, tok han til ords. Han sa det same ein gong til og stirde på henne, med han spretta hesten frå sleden, tok så hesten i beisle og skulde leie han til stalls, men vart ståande. – Ja ha, sa han, no veit eg kven som gjorde ende på 'n far. Kan du gisse på?

[186] Ho såg han rolig i auga.

– Det er 'n Paul.

Han sa det lognt, men han sa det ikkje med sitt eige mål. Ho såg på han som før.

– Kor har du det ifrå? spurte ho.

– Har det ifrå ja. Eg har det ifrå han sjøl. Eg møtte han sør i skogen. Han kom sjøl og tilstod det. Og så vilde han ha sagt meg at han var *åleine om det*. Ja. Slik var no det. *Åleine om det*, sa han.

Ho vann seg til tålig fort att. Men ho visste at meir kunde ikkje Paul ha ødelagt for henne om om han meinte det aldri så vel.

– Eg trur eg har sannare nytt å fortele deg, sa ho. Men ikkje her.

Ho gjekk inn. – Eg glømmar reint 'n Hallvard, mumla ho og skyndte seg.

Korles timane gjekk til dei vart på tomannshand igjen visste dei knapt sjøl. Det var ei endelaus tid, og enda kom stunda med sjumilssteg i mot dem. Dei gjekk åt sengkammerse samstundes. Ho snudde seg og stod midt framfor han. Det var henne lampeskine fall i andlete på. Auga hennes lyste i mot han, men munnen bevra ørande lite grand.

– Nei, Håkon, sa ho, *du* trur ikkje det er 'n Paul. Eg treng ikkje fortele deg det. Du har set at det er eg som er gjerningsmannen. Eg ser du har set det.

[187] Andlete hans folna med ho såg på. Auga vilde vekk frå henne, men kom ikkje laus

Ho tok seg på tak att: – Eg tenkte å fortele deg det når eg kom heim, her i kveld, – du trur det da vel når eg seier det? Eg vilde fortele deg det, for du skulde sjå det som det er. At der fanns ikkje anna å gjera enn det eg gjorde. Han hadde teke både ditt liv og andre sitt, smått om senn. Eg skal fortele deg kva han sa – – det var stygt! Han var ikkje menneske lenger. Det veit du for resten.

Håkon hadde flytta auga frå henne. No sette han seg, med auga mot veggen. Ho tagde da ho vart vår korles han såg ut.

– Vi tåler det da når vi er to om det, sa ho om ei stund. Vi tåler det da, Håkon.

Noko anna kom ho ikkje på å seie. Ho tagde og venta. Hendene hennes skalv ikkje så lite no. Da han vårdest henne att, fór blinde redsla over auga på han.

– Det er da ikkje vår skyld, fresta ho å seie.

Da spurte han: – Var det med øksa du –?

Ragnhild vart først raud og sia bleik. Ho raudna og bleikna ein gong til, og stirde med vidopne auga på han. Men ho laut svara og tilstå det.

– Ja ha, sa ho, og no var ho hard både i andlete og i måle. Med øksa stod eg, og øksa –

Ho klara ikkje meir Ho stirde forfæld på han.

– Eg trudde ikkje eg skulde bli ståande slik eg no står, fekk ho endelig fram.

[188] – Ti still! sette han i, så kvast at vesleguten vakna.

Ragnhild ansa ikkje barne, eller ho torde ikkje røre det når han såg på. Han reiste seg og gjekk bort til senga. Hallvard kvinka litt, men han sov godt som med

det same. Det vart lenge før Håkon snudde seg til henne att. Han kom ikkje nærmare. Så vanhellig var ho for han.

– Ja men du ser det var for di skyld? bad ho. Du kjem til å sjå det sia, Håkon?

Han hørte ikkje det ho sa. Vakna så til og vart forskræmt att.

– Du var åleine da? spurte han om sider.

– Du veit eg var det! Det *må* du vita!

– Eg veit ingen ting lenger. Han rista på hovude. Så mumla han for seg sjøl: – Kven kan vita nokon ting, når slikt skjer.

Ragnhild bad til Gud. Ho trudde dei gjorde det baa to. Men *han* var langt unda i kveld, han var mest ikkje til. Men han er da allvitande? jamra det seg i henne – du er da allvitande, du ser meg her eg står. Nei, han såg henne ikkje.

– Eg leit på at Gud styrde all ting, eg, sa ho. Ho visste ikkje ho sa det høgt. – Men da øksa fór i vøre, kva leit eg på da? Eg veit det ikkje. Det er det som er pina. Rett? spør de. Ja! svarar eg. Ho snudde seg til Håkon. Ho stod åleine mot all verda og var den sterkaste. – Du tåler meir enn du trur, Håkon. Du skal lite på meg. For eg ser det du ikkje ser. Du får i gudsnamn stirre på [189] meg så stygt du vil, eg kan ikkje rømme. Eg rømmer ikkje!

Ho fresta å smile til han. Ho stod med handa på stolryggen, og no sette ho seg.

– Har du ikkje vore hoss lensmannen enno? spurte han. – Eg spør om du ikkje har gitt deg deg opp for øvrigheita. He?

Enda fresta ho å smile. – Nei. For når det er gjort, da er det gjort med deg òg.

Han vart mørk i auga, og sia vart han mørk heile andlete over. Det var ein strid før ho fekk han til å sjå på seg att.

– Du ser meg berre som ein mordar da?

– Eg undres at du er i stand til å snakke, sa han lågt.

– For di skyld er eg det.

– Nei ti still med det. For mi skyld – bør du ta følgene av det du har gjort.

Dei stirde på einannan. Ragnhild vart kvit etter kvart. Ho reiste seg, stod enda eit tak og såg på han: ho såg andlete hans langt unda; ho *visste* at dette var han. Så gjekk ho ut av kammerse. Ho sa farvel med det. Ho tendte lampen i stua og sette seg der. Ho glømte å høre etter kva han tok seg til, ho berre sat der. Langt

om lenge reiste ho seg, stiltra seg opp på loftsgangen, fann i ein fell som hang der, og gjekk ned att like stilt; var så ute i kjøkene og leita seg nokre klæplag til åha under hovude. Ho la seg på langbenken, han var meir enn lang nok for henne. [190] Kom så i hug lampa og var oppe og sløkte den, ho var da ikkje kleinare.

Ho var utstøytt frå menneska og verda, men lel hadde ho ikkje gitt seg. – Vårherre, som har gitt meg denne vissa, får gi meg meir, sa ho; eg bed ikkje. Seinare ein gong sa ho, for nøda vilde tyne henne: – Der må da finnast ein annan Gud enn deg! Ein for smått folk. For usæle skapningar.

Ho trudde ho låg vaken enda da ho såg develen kom i mot henne. Noko så nake og ufyselig hadde ho ikkje ein gong set når ho drømte. Han var gul på kroppen, han måtte vera støypt av vond talg, og så utgammal var han at hår og skjegg røytte av han i store flak, ja han åtte ikkje ein hornstubb lenger; men auga dei var fortærande levande, og dei lo til henne og tala. Steg for steg veik ho unda han, og han kom krekande etter.

Bakom han, i ein halvkrins, stod prestane; dei var sidskjegga og hadde svart huve på hovude, og dei var i kapp og kragen alle samene. Alle var dei like å sjå til, den eine var same mannen som den andre. I midten stod presten her frå bygda, men han var berre ein tust millom dei andre, med gullbriller og kjakeskjegg og med rukker i andlete, berre eit menneske å kalle.

Den vonde han kom, og ho stod med øksa. Og no kunde ho ikkje vike lenger, for att-om seg hadde ho einkvart som måtte verjast, det var live og noko som var dyrare enn det. Ho såg på prestane og [191] spurte. Men dei stod daudstille og stirde på henne, som kvar si steinstøtte på kvar si grav. Ho var åleine menneske i verda.

Da slo ho like vel. Gamlingen gjekk i kne, men kom gjorde han, kom og kom. Ho gav han ein kakk til, og da låg han der. Men enda kom han – ho sette i eit skrik og vilde vakne, for dette måtte vera ein draum! Men nei, det var ingen draum. Devel-auga lyste på henne meir levande enn før; dei lo og sa at det [192] vonde drep du ikkje med øks. Og prestane løfta boka si med krossen og fordømte henne. I kaldaste vonløysa sette ho på dem, men dei stod som muren mot henne, i hellig halvkrins. Da ansa ho på bygdepresten sin og fór mot han.

Han mista brillene, og så slapp ho igjennom og ut.

Men der sprang ho seg mot ein skog av prestar, – nei det var ikkje prestar, det var menneske, alle menneska i verda stod der og stengte, ein mur av folk med steinandlet, ho rente i mot dem og slo seg forderva. Ho kunde ikkje røre seg. I det same kom ho i hug Håkon og vesleguten, dei hadde ho sprunge ifrå! Dei låg att der inne, og ho fekk aldri sjå dem meir, – det var dem ho skulde verje.

Ho vakna med ein rykk. Ho låg i benken i stua. Ja, dette var sengromme hennes for det første. – Det var sant som eg drømte, tenkte ho da ho hadde ligge litt og komme seg. Eg har gjort rett, og enda var det synd. Men eg kan da ikkje ha tynt både meg sjøl og dem? Det kan ikkje vera til! Eg gir meg ikkje på det, eg har ikkje lov til det. – Det vonde drep du ikkje med øks, sa det. – Eg gir ein god dag i det vonde, eg vil berge det som må bergast.

Ho stod opp. Morgonen heldt på og kom. Ute var der eit slag måneskin, sjøl måtte det vita kor det kom ifrå. Ho mintes ei natt ho hadde set ut, eller morgonen var det visst da òg, – Håkon låg i senga og sov, og ute var det som no. Da var det lykka som låg og synte seg for henne, eventyre om lykka og det som er bortanfor der, ho stod mo åleine og åtte det. Ho visste at i slik ei nattstund går guten heim frå gjenta si, han går på ulovlig veg og er meir enn lykkelig; det same er gjenta, ho ligg ved glase og har aldri set verda slik før, – her står eg og veit det, tenkte Ragnhild, herre gud kor eg veit det! Og no ser det slik ut for meg. Alt har flytta seg unda meg. Det flyttar seg enno.

Ho lyste på klokka. Klokka gjekk til seks. Da var det dagen i huse. – Draumar har eg aldri akta på, sa ho seg. Som ein reier senga si så drømmer ein, heiter det visst. Nei, men utan draumar er vi ingen ting; av voner og draum er live vevd. Bakom vona er andre voner, elles kunde ho ikkje vera til.

Det var godt å seie seg einkvart slikt. Det gjorde gammalt og vist folk. Men *dei*, kom ho i hug da ho stod attmed gruva og skulde tende opp, dei gjømte elden i oska til neste dag, det gjer ikkje vi, her har vi til med komfyr; dei akta på fugleskrik og styrde *sin* kos. Folk frå den tida vilde eg ikkje ha stort med å gjera. Dei var fort skræmt; dei var farlige.

[193] Ho stal seg ut i kammerse. Der hørte ho Håkon sov. Han måtte ha vaka lenge i natt når han sov slik. Der hørte ho Hallvard, slik sov han. – Enno seier eg ikkje farvel her, tenkte ho.

Da Håkon kom til kjøkene lest ho som ho ikkje kom i hug nokon ting særskilt. Ho fortalde ho hadde vore hoss hestane, og fresta å få tak i auga hans. Dei var ikkje å finne i dag, dei heldt seg langt unda henne.

– Ja, sa ho med ein liten lått, enno har eg ikkje rømt huse, som du ser.

Han sat og såg fram i tomromme, med brunene høgt oppe, og gjorde som han blistra.

– Og ikkje rømmer eg heller, la ho til. For så smått trur eg ikkje om deg, Håkon, at det skulde vera nausynt.

Da endelig fanga ho auga hans. Og da først såg ho kva det vilde seie at ho hadde *teke liv*. Visst hadde det vore djupt å sjå ned i før òg. Det hadde røynt på. Men ho stod da på faste lande med ho såg ned i botnløysa, det var berre å tåle det. For Håkon var det avgrunnen og helvete som hadde opna seg under han, det var live som hadde rømt ifrå han. Der fór noko som likna ein hånsmil over andlete hans, men auga ropa på henne ut frå yttaste mørkre og klaga seg.

Måle hans var tørt og trøytt: – Du ser visst kva du skal gjera.

– Ja ja, sa ho. Dømmer du meg til det, så skal eg gå. Men ikkje før over gravøle. Han skal ha likferd [194] og gravøl som eit anna menneske. Du lyt tåle meg her så lenge.

Han mumla noko ho ikkje hørte, reiste seg så og gjekk åt døra. Der snudde han seg, han kunde ikkje tie lenger.

– Korles i himmelens namn kunde du gjera noko slikt!

Det var eit rop. Og han visste der var ikkje noko svar på det. Men for henne var der som ei von i det. Enno stridde han. Enno kunde einkvart skje.

Dei gjekk inn i ståke til kvar sin kant.

Først kvelden føre gravøle snakka ho til han att. Ho hørte han stod i kammerse steins still. Så gjekk han bortåt senga til vesleguten. Der anka han seg høgt eit par gonger. Da opna ho døra og såg inn til han. Og da ho såg han kunde ho ikkje anna enn seie:

– Eg vil be deg at du tenker deg om. Kvar time og stund du har skal du tenke deg om. Kom i hug: i overmorgo er siste dagen.

Han berre stirde på henne. Ho undrast korles ho såg ut for han no;– ho måtte halde seg både i døra og karmen så ho ikkje seig i hop. Fekk ikkje hjelpe, ho

måtte snakke til han.

– Du skal tenke deg om, seier eg. Du skal kjenne etter. Du kan bera det, i lag med meg. Men eitt ber du ikkje, Håkon, og det er at eg ser ned på deg. Eg kan ikkje tru du vil gjera 'n Hallvard morlaus.

Ho let stilt att døra og kom seg åt benken sin.

[195] Gravferda var ein søndag, og gravøle stod av seg same dagen. Det var ikkje tanken det skulde vera noko stort gravøl, for Didrik hadde ikkje stor slekta der i bygda; men korles dei snudde og vendte det så vart dei ein 50–60 menneske til bords, der var så mange grannar og kjenningar. Kvinnfolka gret da han vart utboren, – Tale mest, og kven skulde ha trudd det om henne? Ungfolke i garen var svært bleike.

Presten tala vakkert ved grava. Han nemnte at Didrik hadde vore det dei kallar ein rettlina mann, ein karakter, ein som fresta å finne sin eigen veg i live og gå den. Ein mann på leiting; ein mann som leita etter *det rettaste*, både for seg og andre. *No* hadde han i alle fall berre venner, for no såg dei bedre kven han hadde vore. Og no endelig hadde han funne fred. «Kvila i Herren er søt.» Presten tala lenge over dei orda, og trøsta enka og dei andre som stod han nær.

Tale og Ragnhild steig fram på gravkanten arm i arm og sa farvel til kista.

Ragnhild såg forviten på folk da dei sat til bords. For dem måtte det vera ei velgjerd at einkvan fór åt grava, slik som dei likte seg og forsynte seg. Etter middagsborde vart folkfjòlden som ei skodd for henne lange stunder. I millom såg ho og hørte dem så tydelig at det var ikkje til å halde ut.

Midt i tobakksrøyken og hugnaen, dei hadde så vidt fått kaffen i seg, vart der ein stogg i praten, og så tok han seg opp att med ein ny tone. Ein av [196] gjestene var innkommen og fortalde han hadde råkt ein mann austant fjorden, han gjekk just framom her og skulde lenger, og den karen kunde fortele at no hadde dei knipe den der galenmannen ein gong att. Ja da, dei hadde funne han på låven ein staden, og der stal dei seg inn på han og fekk bunde han før han kom seg i gang med kniven. Og no har det tukthusvegen med han for ålvor ja.

Ja. Ingen kunde seie for visst om han var farlig eller ikkje, kva han hadde gjort eller kva han hadde tenkt å gjera. Men no kunde da folk sova litt tryggare; dei snakka hit og dit om det, og ingen vilde seie noko større, i alle fall ikkje så lenge dei var her i huse, men Ragnhild hørte kva dei tenkte der dei sat.

Endelig ein gong utpå natta for siste gjestene.

– Ser eg dem meir? sa Ragnhild, ho stod utpå stubrua og hørte dombjøll-låta singla bort nedi svingen. Ho visste ikkje kven som stod bakom henne.

Det var Tale. – Du seier da vel ikkje noko stygt? kviskra ho. Du har vore så rar i all dag – he?

– Er det ikkje noko til fint vår? sa Ragnhild. Har De set finare natt?

Det var ei fin natt. Kvite skyer og kvit jord, og kor kom dette lyse ifrå?

– Du har snakka med 'n Håkon ser eg, heldt Tale ved. Og det får ein høgare mann tilgi deg. Men finn du på verre ting, da – da! Men kan du ikkje svara meg da!

[197] – Han har dømt meg til å vera mordar. Dømt meg til tukthuse.

– Armods krokar baa to! Nei nei nei. Ho tok i Ragnhild, ho visste ikkje anna å gjera. Best det var gret ho. Men så manna ho seg opp og sa: – Eg bed deg om at du tier still. Han skal eg snakke med! Kom inn no. Du skal ligge hoss meg i natt; gjer det!

Og Ragnhild måtte bli med henne inn i kårkammerse og ligge der, i denne breie kassen som Tale kalla ekteskape sitt. Da dei låg der baa to, las Tale kveldbønna si, det var eit lite vers ho kunde; – eg vågar meg på det lei eg, sa ho, det får låte så rart det vil. Da gret Ragnhild.

– Ja, det er så det, sa Tale. Litt etter sa ho for seg sjøl:– Eg las i gudsorde her i dag, og der stod det så mykje som så: Sjå folk når dei døyr, sjå på vismannen og sjå på ho Tale – der er ingen skilna på dem da, dei døyr som krøtere alle i hop. Ja, så stod der. Eg er ikkje høgare: for meg er der ei trøst i det.

Straks etter sov ho.

Dagen etter var der fullt styr med å rydde opp og vaske og med å bera heim lån, der skulde koppar hit og kar dit, og så var der ein sjau med golvskuring. Kvinnfolka som hjelpete til i gjestebode var der enda, og om der fleir hadde vore så hadde dei ikkje vorte meir enn ferdig til kvelds. Ragnhild sa til Håkon i farten:

– Det er umulig før i morgo. Eg spring ikkje frå det slik.

[198] – Nei nei, sa han.

Der var så langt til han som til stjerna på himmelen.

Noko liknande tykte Tale kvar gong ho tenkte å snakke til han.

VII.

[199] Det hadde vorte vêrbytte utan dei ansa det i ståke sitt. Snøen var kram og heldt på og fór sin veg, der fanns snart ikkje føre på vegen. I kveldinga kom der ein hagl-eling, og somme meinte dei hadde set blinke av eit lyn. Sia såg alle det, og no hørte dei tora slo. Haglvêre kom tak for tak, og striare for kvar gongen, og tora braka over huse så hjarte sokk i dem. Slikt var ikkje noko nytt på førejulsvinteren; det kunde vera over like brått som det kom. Dei vona alt det *var* over.

Da kom vestavinden settande inn. Han auka til storm, og sia vart han enda sterkare. Vestavinden var ikkje halden for skadevêr på Stavsund, han pla vera tålig jamn. Ingen mintes han reiv tak der, enda uthusa var spontekte.

I kveld var han alt anna enn jamn. Han gjekk i elingar. Lange stunder hørte dei berre han mól oppi fjelle og utpå fjorden. Så hørte dei han kom. Og så kom han. Husa stod. Enno stod dei, og vart han ikkje verre neste gong så kanskje dei stod da òg. Han vart verre neste gong; han vart stadig verre. Ein kunde høre kor stua knaka og seig i hop att for kvar løya. – Ho er audmjuk no, som ein syndar i klemma, sa Tale.

[200] Så vart han ikkje verre eit tak, og folk tok seg mot for og gjekk og la seg. – Lat oss legge oss og sova, let Tale; han vekker oss vel er det noko han vil oss. Slik snakka ho den tida ho var forfæld, kom dei i hug, den tida ho ottast for kva Didrik fann på. Ragnhild vart ikkje med henne til sengs i kveld. Tale mistydde henne og let henne ha fred.

Håkon var rundt uthusa ein gong til og såg etter at alt var stengt og i stand. Stod så eit tak og såg vestover, i åsyna på uvêrshimmelen, han tykte han las dommen sin der. Gjekk så inn og vilde legge seg. For han kunde ikkje stormen vera anna enn eit varsku: Du har ein mordar i huse ditt, kva gjer du ved *det*? Han vart harm, for han vilde ikkje bli tukta til nokon ting, og der til visste han, om han så var åleine om å vita det, at slike varsku får ein ikkje, dei kjem ikkje utanfrå, det er umannslingen i ein som hører slikt og har bruk for det.

Ragnhild sat i benken da han kom inn. Han stana framfor auga hennes, han måtte det.

- Enno har du ikkje tenkt deg om, sa ho.
- Har eg ikkje tenkt, murra han.
- Du har ikkje tenkt deg om nei; eg ser det. Ikkje kan du det heller, er eg redd.

Og da –

- Ja kva da?
- Da blir det eg som må tenke meg om.
- Gud gi du gjorde det, sukka han.
- Men ikkje slik du trur. Inga makt i verda, utan du, kunde få meg *den vegen*.

Men: eg skal gå han. Visst du vil det, seier eg. Kva?

[201] Han sette seg, ho syntes han seig i hop. Han stirde overgitt på henne.

Stormen hadde komme att. Han *rasa*.

- Du hører stormen du, sa ho. Han har ikkje eg noko med. Kva seier han deg?

Heile tida sat ho og bad at einkvart måtte skje; ho visste det kunde gå for seg: ein liten ting greip inn og der med var live omskapt for dem. Ho vart opp i under sjøl over at ho sat slik.

Og stormen han gav på. Rettno hivde han hus. Kunde ikkje han hjelpe?

Da hører dei ein smell ute, og enda ein, og så eit vålig brak. Dei ser på einannan, og så ber det i veg ut. Ragnhild snur på kjøkengolve og finn fram løkta, som ho tender og tek med seg. – Kva er det som har hendt? frestar ho å tenke, men tenke kunde ho ikkje, for her hadde det virkelig hendt noko, dei hadde hørt bønna hennes og hadde svara. – Hm! seier ho, – dei trong vel ikkje rive hus for mi skyld.

Det var ikkje så mørkt ute som dei hadde venta, der var store rift i skya, og frå dem lyste det ned, eit slag uvêrslis eller kva det var.

Dei ser det er eit flak av låvetake som har fare, taksponen flyg som fugl oppi vêre, og bord og lektar ligg langt bortpå vollen. Eit nytt stormkast tek nokre til og hiver etter. I neste augeblinken fer heile take, dei står og bit i hop tennene og ventar det. Nei, det fór ikkje, stormen har løya litt no og biar på neste elingen; [202] men dei ser han løftar nedrekanten av take breiddmed hole.

Håkon har set det einaste som er å gjera: der må spikrast eit bord på take langsmed raftstokken. Ragnhild skjønner han må ha stegan, og spring, ho får han ned av nabbane og kjem med han. Håkon har vore etter øksa og spikarkassa.

I ein to tre var stegan oppe, og Håkon rente opp med ein bordstubb og slo fast. Ragnhild heldt stegan, for bles gjorde det så det var livs vågna det dei heldt på med. Dei flytta stegan og fekk festa ein bordstubb att, det var som eit loddkast om dei skulde få fast siste borde til elingen var over dem. Dei rakk det, så vidt. Da han kom var dei innpå låven. Ragnhild lyste, og Håkon kleiv opp og slo inn alle 4 tømmerhakane sine oppi take der dei mest monna.

Ragnhild såg på andlete hans. Så hardt og kvast kunde det bli når det røynte på, han vægde ikkje for vondt, han var mann for å bli mykje til mann. Det var det ho måtte få syne han, korles det så gjekk eller ikkje.

Lyse frå løkta fall på ein utrivelig skapning. Det var likborde, det stod der enno, midt på golve i treskeromme. Det var som ein såg like, visst det ikkje var verre. Ragnhild retta seg opp. Det fór som storm-elingen gjennom henne det ho hadde kjent for nokre dagar sia, den gongen det rettelig gjekk opp for henne kva ho hadde gjort: Ho hadde gjort det som einast ugjerningsmannen kunde gjera, [203] og enda var ho glad for det og meir enn glad, for så mykje var Håkon verd. *Enno* ønska ho det ikkje ugjort!

Da vart ho vår at Håkon stod og såg same vegen. Og øksa den stod han med i handa; – no kom han i hug den òg! Han var ikkje ein gong i stand til å kaste henne frå seg. Alt slokna for Ragnhild da ho møtte auga hans. Dei kom seg ikkje laus frå henne, så redd henne var dei, ho var verre enn dauen for dem. Det var dem ho hadde teke live av. Ho snudde seg frå dem, så dei slapp fri.

– Vi kan ikkje gjera meir, sa Håkon.

– Du har rett i det, svara ho. Ho gjekk føre han ut av låven.

Det hadde brygga lenge på den nye elingen, men no kom han, og han kom svartare enn nokon av dem som føre fór. Fjorden synte seg, nordpå, han gjekk og lyste med kvite brott; så tok mørkre han att.

Dei sprang inn. Dei stod ved kjøkenvindauge og såg ut med dei venta på støyten. Det var nivst at han aldri nådde fram, kva vondskap var det han emna på ?

Midt i det merka Ragnhild at enno venta ho her skulde einkvart skje, at her kom einkvart som der var berging i.

Elingen nådde fram. Han var ikkje så trollsterk som dei hadde venta.

– Det er meir væte enn vondt i han, mumla Håkon. – Han har sprengt seg no;

det er regne han pines med.

[204] Ragnhild såg fort på han da han sa det. Dei hørte regne risa veggene, og bakom den duren hørte dei tora. Atterskine av eit lyn flara opp utanfor svarte glase. – Slik flirer develen til deg no, sa det i Ragnhild, er du svart forherda? Håkon snudde seg, mest som han vakna og vart redd. Han gjekk åt stua, og da ho kom dit gjekk han åt kammerse utan å sjå på henne eller seie eit ord.

Ragnhild låg i benken. Ho hadde gitt seg over til mørkre og stormnatta. Ho hadde gitt seg heilt over. For henne var mørkre ikkje mørkt lenger, og stormen hadde ikkje levande lyd som før. Andlete til Håkon synt seg om att og om att. Han var ikkje skapt til det nei, å leva i lag med eit menneske som har teke manna-liv. Det var det Vårherre vilde syne henne da han kalla henne ut i sta: Når slikt har hendt deg, da *har* det hendt deg. Da lyt du gi opp vona di og søke deg ei ny von.

Ho såg ei ny von for Håkon. Alt anna sa ho farvel til. Samstundes hørte ho eller såg ho seg sjøl frå nokre dagar sia. Den Ragnhild måtte smile til henne som låg her: – Det er da grovelig så høgtidssamt du tek det. Ho fresta å smile att-ende liksom ho låg død og hørte dei snakka og lo til henne, – ein ligg der og trur dei må sjå det.

Dagen etter hadde vinden gått til nords, men han var spak. Himmelen var blank. – Han er både blåse og vaska rein, sa Tale. Det er fred på jorda no.

[205] Den dagen skulde drengen komma. Men det drog ut, og Håkon skikka Arn til Fagernese med bud om at Morten måtte komma og hjelpe han på take. I dag hadde elles kvar nok med seg borti garane, vinden hadde vore uvøren, ein staden hadde han teke *heile* låvetake, ein annan-stad låg stabbure over ende, dei var velnøgde dei som hadde sloppe billigare.

Morten kom. Han hadde elles tenkt seg hit sjølmint, fortalde han, kvifor, det sa han ikkje for det første. Men da dei sat på take kom han med det. – Han hadde hørt nytt om denne frammandfarken dei tok. Han meinte enda han visste litt meir om han enn dei andre gjorde, men det var no det san. Lensmannen spurte karen om han kjente Didrik Dale. Da vart han rar å sjå til; han stirde reint stygt på lensmannen. Da lensmannen fortalde at no var Didrik død, da sette han i og blåsvor. – Slapp han unda meg lei den develen! ropa han. Straks etter flirte

han, og så sa han: – Og eg som hadde han så visst no. Eg skræmte han så smått, så smått. Å, gut, han kjente på seg at eg var i vente! Men, sa han, og da var han reint sorgfull, han Didrik lura meg den der gongen òg. Og så sa han eit ord som var *sant*.

Håkon spurte kva det var for eit ord. Morten togg lenge og tagde; spytta ut skråa og tok til å arbeide att. Men hammaren til Håkon kom seg ikkje i gang. Morten retta på seg og såg Håkon i auga.

[206] – Du har spurt meg, sa han, kva eg veit om 'n far din.

– Har eg spurt deg nokon gong?

– Eg tykte ikkje du trong å vita det. Du treng ikkje å vita det no heller.

– Nei nei, let Håkon. Her etter kan det bli slikt slag ja. For meg.

Dei arbeidde og tagde. Håkon var enda ned på Myra og lånte seg ein bundt takspion. Da dei var godtsom ferdige på take, sa Morten:

– Eg har visst det og tagd med det. Men ein gong måtte eg vel seie det, ikkje sant? Og så ripa eg det inn oppunder kistelokke til han. Så han har litt å lesa i. Det vart berre eitt ord; eg sa ikkje meir.

Håkon lest som han ikkje hørte etter. – Kva skil dette meg? tenkte han. Ho var beste menneske av alle. Når ho kunde finne på slikt, kva kan ho ikkje da ha gjort? Men eg veit ho er skyldlaus i alt anna.

– Berre eitt ord ja, tok Morten opp att.

– He? Kva er det du forteler no?

– Same orde som han der vettlausingen kom med. På ein prikk same orde.

– Men mordar er ho, tenkte Håkon, han fekk ikkje tanken utor den ringen.

Mordar – han visste ikkje han sa det høgt.

– Mordar ja, sa Morten, det var just orde det.

– Var det det orde du – –

– Eg ripa det berre inn i veden med ein spikar. Du treng ikkje minnst det du.

[207] – Ikkje du heller. For du veit ingen ting om det. Håkon hørtes reint fiendsk.

Morten arbeidde og gjorde seg ferdig. Så, det der var siste hammardasken, meinte han.

Men Håkon ansa ikkje dei skulde ned. – Kven var det *han* drap? spurte han

endelig.

– Berre ein finn, og langt nord i ville Finnmarka, utanfor kristendommen og alt. Men for Vårherre, og for loven, blir ein da mordar av slikt òg, veit du.

Og så fortalde han korles det hang i hop. Didrik var skylda for noko stygt, for valdsferd mot ei halvvakse jente, men han var uskyldig. Der var berre eitt vitne som hadde set Didrik på den kanten om kvelden, ein finnkall, men ein slik skapning kan sverje på svarte løgna, han er ikkje døypt ein gong. Gjenta hadde ikkje fått sjå valdsmannen. Så fann dei kallen dau nedi fjæra ein morgonen, han hadde fått ein kakk i hovude av noko hardt.

Morten såg på Håkon og blunka kringt. Han undrast om han trong seie meir.

– Eg visste 'n Didrik var ute i otta den morgonen, og eg såg det på han og sa det til han: Du har slege i hel dette finnvitne, sa eg. Da såg han slik på meg, at eg skyndte meg og lova at eg skulde tie med det, – til du er i kista sjøl, sa eg. Og der er han no.

– Ja ha, sa Håkon.

– Ja det er merkelig. Ser ut for meg som han har fått att same dasken. Jagu gjer det så ja, for [208] meg. Morten samla i hop sitt og vilde ned av take. – Vi er vel ferdige no da? trudde han.

– Men han der tullingen som for her og lova ilt? spurte Håkon.

– Han er nordanfrå, eg er stø på det. Eg veit om han, som sagt. Dei hadde set ein kar fór og rak frammed stranda denne mord-morgonen, og han vart teken og dømt, der stod mykje å lesa om det i blada. Men *han* påstod han hadde set Didrik Dale nedmed sjøen den morgonen, og han las opp ei styg lekse om at mordaren skulde han nå ein gong: Ingen trudde orde av det han sa, for han var ikkje som anna folk. Kven veit om ikkje han var valdtektsmannen? For her er da rettferd over oss. – Gud styrer, sa Didrik da han las at karen var dømt. Ja. Jaja, no veit du det. Og: 'n Didrik har betalt for seg. Ein merkelig ting, du, mumla Morten og stirde på Håkon att, – Håkon tykte at så dum må ein vismann sjå ut. – Ein merkelig ting du, å ta liv. Ansles enn alt anna vi veit om. Men korles det var eller ikkje, så er det utsona no. Utsona ja.

– Du vasar og lyg. Eg trur deg ikkje, hører du!

– Nei. Nei det bør du ikkje heller, *du*.

Morten gjekk ned, og Håkon kom etter. Han hadde nok med saga og spikarkassa når han skulde ned stegan, øksa laut han hive ned. Han såg litt på henne før han sendte henne i veg. Da dei hadde hengt opp stegan og sett andre ting til rettes, vart Morten ståande og sjå fram for seg liksom han enno ein gong vilde inn på dette om å ta liv. Han snur seg [209] til Håkon, og auga klipper og blunkar i tjukkaste truskylda:

– Kan du fortele meg kor han Paul har gjort av kroppen sin? Enno er han søkk borte, dei har ikkje set far etter han på fleire døgn. Han har fare til Amerika!

Håkon kjenner kor andlete hans dreg seg opp til ein smil utan han sjøl vil det, det må vera ugodslig å sjå til. Så seier han:

– Du skal sjå det er han som har forgripe seg på 'n far.

Morten togg like sæl ei stund. Spyttå så og såg ut over fjorden, der lyse fall på strendene og synte kor nakne dei var. – Det kan da vera sant for det om ikkje eg trur det, let han.

– Ein kan no i alle fall frikjenne han, sa Håkon. For noko gale har han ikkje gjort med det – ja det skjønner ikkje du, for du er ein fåne, veit du.

Da Morten var gått, undrast Håkon om han hadde betalt han for arbeide. Straks etter hadde han glømt det att. Der hadde komme nye tankar og kringsett han. – Er det mord å gjera ende på ein mordar? – Kva skal ein kalle sonen til ein mordar? – Kvifor er det verre å ta live av eit menneske enn å gjera ei anna synd? For Vårherre er da alle synder like og alle syndarar jamnsvarte. – Tålte ho ikkje tenke på at Paul var misstenkt? – Har han ofra seg for henne – til fånyttas?

Han spurte etter Ragnhild. Tale såg på han ei stund før ho svara. Han merka ikkje noko til [210] angsten som skymte over auga hennes. Ho fortalde at Ragnhild var vest i grenda eit ærend, med einkvart ho hadde lånt til gjestbode. Ho såg på han heile tida med han var inne, mest som det var lagnaen sin ho vilde lesa i auga hans. Han såg det og hadde vondt av henne, men han glømte det straks att.

Ragnhild kom heim ikkje lenge etter. Håkon skulde til å sette kvenna i gang, for der hadde komme ein mann med eit kornlass som skulde malast. Da såg han ho kom. Det undra han litt at ho ikkje kom snarvegen opp bakkane som vise hennes var, men der var ho da i alle fall, og han måtte snakke med henne.

Mølnaen hadde ikkje vondt av å vente, og ikkje mølnaren heller.

Han lest som han skulde til stabbure, og møtte henne med det same ho kom svingen om hagen. Der var dei ute or folkauga. Ho undrast visst på kva han vilde.

– Du har vore ute og gått? sa han, men det var ikkje det han tenkte på.

Ho tagde og venta.

– Ja no, sa han, no veit eg noko eg. Ein ting som gjer all ting ansles for oss.

Han far var ein mordar.

Ho stod litt og såg på han først. Så spurte ho: – Kven har fortalt deg det?

– Han Morten. Eg har skjønna det all min dag, at han visste einkvart. Trur mest eg visste det sjøl [211] òg. Det har pint meg meir enn eg kan fortele om. Men eg visste det ikkje like vel. Da ho ikkje svara noko, la han til:– Det var ikkje for tidlig eg fekk vita det no.

– Tids nok, trur eg.

– Eg trur ikkje du har hørt kva eg fortalde?

– Jau da. Eg trur enda eg har hørt det før.

– Du?

– Einkvan må ha nemnt det. Og så har eg glømt det. Men at du skulde få vita det no!

– Det var no eg skulde få vita det. Eg ser som ei meining i det. Men sei meg ein ting. Kom du i hug det, da du – –?

– Nei. Da såg eg berre han måtte av vegen.

– Han måtte det ja, sa han og såg ned. – Han måtte det ja, sa han ein gong til, og no såg han på henne. Eg sa det visst sjøl, både ein og to gonger. Eg hadde komme til å gjera det sjøl, hører du det? Men det var det eg vilde seie, at når eg er sonen til ein mordar, da tåler eg resten òg. He? Du skjønner kva eg meiner?

– Ja kva er det du meiner da?

– At *her* har ikkje noko gale skjedd. Du skal tie; det har du både rett og plikt til.

– Eg trur ikkje dette om 'n far din. Det er noko han Morten har sagt, ein gong han var full og sinna. Sia har han trudd det, du veit korles han er. Fiendar var dei òg.

– Trur du det ikkje? Du trur det da vel?

Ho rista på hovude og såg han varmt i auga. [212] – Ingen kan få meg til å tru det nei. Trur *du* det? Svare meg på det.

Han stirde tomt og rådløst på henne.

– Og no har eg vore hoss lensmannen, sa ho.

Da vart han bleik. – No? fekk han endelig fram.

– No er det gjort ja. Men han kjem ikkje før i morgo. Da går båten innover til byen, han har teke ny rute, veit du.

– Eg trudde, mumla han, – eg trudde du var så viss på – –.

Måle vart grovt for han, det var ikkje til å snakke med. Endelig fekk han bukt med det.

– Eg trudde du var så viss på du hadde gjort rett?

– No har eg gjort rett, det er eg viss på.

– Du *trur* ikkje dette om 'n far da?

– Nei, hører du.

Ho vart raud, merka ho. Ho hadde vore nøydd til ei lita løgn einkvan gongen før, og da brann det òg slik i andlete. Men ho såg han fritt i auga.

– Du skal ikkje snakke meir med 'n Morten om dette.

– Nei nei. – – Men kjem lensmannen i morgo da?

– Ja ha. I morgo kjem han. Og da, om ikkje før, ser du at eg har gjort rett i dag.

– Ja kanskje, sukka han. Litt etter sa han, det var meir til seg sjøl enn til henne: – Men korles skal det bli her i garen da?

[213] – Å, du skal sjå. Du skal sjå det går.

Ho tok til å gå inn. Ho snudde seg og smilte til han. Ho snudde seg ein gong til, og såg han gjekk, åt kvennhuse. Ein staden laut han vel gjera av seg, tenkte ho.

I kveldinga kom drengen dei venta. Det var ein lettna eller som ei hjelp at han var der. Dei åt kveldsverden den kvelden som ein annan kveld. Best dei sat vart der så stilt at Tale såg ein gong på kvar av ungfolke. Ho vart så ille ved, ho torde ikkje tie. – Det går da å eta graut òg, sa ho til drengen. I alle fall går da den stunda ein driv på med det. – Drengen lo litt brydd.

Da Ragnhild og Håkon vart to-eina, fortalde ho at ho hadde tinga

kvinnfolkhjelp til huse; til han fekk områ seg, la ho til. Det var Ellida Vikan.

Ellida var jamnaldring med Ragnhild, og dei hadde tent i lag eit par år. Ho hadde komme i skade for å få ein gutunge, men ein utleita vakker ein var det, han var 4 år no.

– Nokon likare enn henne visste eg ikkje av sa ho. Eg vilde du skulde ha henne, så lenge du får ha henne. Ho veit ikkje anna enn at eg skal på sjukehuse; men når ho får vita korles det er, så reiser ho ikkje ifrå deg.

Kvifor ho hadde så mykje til overs for Ellida kunde ho ikkje seie for visst. Det var ei snild gjente og ei tålig vakker gjente. Ho såg for seg at Ellida vart der på garen, Håkon kunde ikkje undvera henne og skulde ha henne, det var ein gave til han, [214] eit offer eller kva dei vilde kalle det. – Eg visste ikkje bedre å gjera det, sa ho ein gong til.

Håkon svara ikkje noko til det, men han såg da på henne og hørte det ho sa.

Ho gjekk åt kammerse og såg på vesleguten. Ho stod lenge og såg på han; det var siste gongen ho såg han sov. Sia såg ho rundt i kammerse; det var siste gongen ho gjorde det òg. Så dyrverdige kan ikkje ting bli minders ein skal miste dem, undrast ho. Midt i dette kom ho i hug: Ein mannsalder att-i tida vart slike som eg enten hengt eller halshogd. Korles hadde Håkon teke det? Ho såg på guten ein gong til.

Håkon reiste seg da ho kom inn i stua att. Han stod og såg ein gong på henne og ein gong i veggen; – gjekk så til kammersdøra, men der stana han og såg på henne igjen. Rettno spurte han om ho ikkje vilde ligge i kammerse siste natta. Var det derfor, tru, at han ikkje mól i natt, for no hadde han da både vatn og mølna?

God natt da! sa ho, og ho smilte, så han kunde sjå ho hadde forstått han og at ho takka han.

Ho tok avskil med stua da han hadde gått. At ho hadde vore meir glad i sitt enn folk pla vera, det visste ho før, men ho visste ikkje ho hadde bore det så djupt i hjarte. Var det ei synd, så vart ho straffa no. For no måtte det ut der ifrå, kvar tingen og alt i hop, heile *stua*, – det fekk sjå på henne så forundra det berre vilde. – Ja [215] vel, ja vel, mumla ho. Så stort er live i ein heim. Det er hellig. Men det visste eg.

Ho gjekk åt kårstua. Tale sat oppe, ho måtte ha venta henne; ho måtte ha ottast at det verste var hendt. Like vel stivna ho i andlete da Ragnhild kom inn, for da såg ho der var ikkje noko å vone lenger. Det var så vidt ho ikkje seig i hop. Ragnhild fortalde dette var siste natta hennes under take på Stavsund. Ho vilde ligge i kårkammerse. Arn låg på lofte i lag med drengen.

– Ja men – –? sa Tale.

Ragnhild skjønna henne og rista på hovude: – Umulig. Nei han er ikkje så redd meg som han har vore. Det er umulig like vel. Det er slut millom oss.

– Det må det ikkje vera! Tale jamra seg, og ho tagg med auga. Da Ragnhild ikkje svara, gav ho seg over. Du *måtte* til lensmannen da? spurte ho ei stund etter.

– Ja. Det var 'n Håkon eg skulde berge; og no først har eg gjort det. No skal det bli.

Tale sat lenge og ikkje sa noko. – Dette er det verste! klaga ho seg og snudde seg vekk. – Ein kan bli så forvilla, ein veit ikkje om ein lever – – eg kunde gi meg gudsfrykta i vald! Korles blir her å leva når du fer ifrå oss! Men Vårherre kan da ikkje gå med på dette? – ho snudde seg til Ragnhild att.

Ragnhild sat liksom ho ikkje ansa Tale, men ho svara like vel. – Kven Vårherre er, og kva [216] han vil, det er no den ting. Kva eit menneske er, det får De heller ikkje spørre meg om. Eg veit einast det, at alt skal berast som ein får på seg lagt. Var det ikkje stygt å seie det, så sa eg det: at fanns det eit rettelig menneske, da vart det dømt til å bera *mykje*. Gud sjøl veit kva for ein gjerning det fekk å gjera for han. Men så tålte det vel meir òg, enn andre.

Dei sat og tagde ei lang stund og såg fram for seg.

Best det var sa Ragnhild:– Eg kunde le. Først trudde eg Håkon måtte bli glad når far hans var borte. Så trudde eg han måtte bli glad når eg fortalde han at det var eg, – at eg hadde gjort det for hans skyld. I dag vona eg det same, da eg fortalde eg hadde gitt meg opp for øvrigheita. Eg har vona mangt! Og det verste er at enda slepper eg ikkje trua. Eg er ikkje slik skapt. Eg burde ha vore glad, for no er han berga, kor som er.

– No kjem han ikkje i skade for far sin nei, sa Tale.

– No når han blir åleine, da kjem han til å sjå, heldt Ragnhild fram. Og De skal vente, så kjem De til å sjå, De òg. De kjem enda til å sjå nybruke nedpå

Stranda. Det blir De som får sjå kven Håkon er.

Ho vart vår at Tale sat og gret. Folk som gret visste ho inga råd med. Ho venta til det var over. Samstundes hørte ho ein stubb musikk ho hadde hørt i byen ein gong, der stod ein utlending i gata og bles på einkvart slag instrument. Det var vondare [217] å høre på enn ord kan seie. Tonen mekra og lo, til lått for alle, høgt oppi pina, oppi meiningslause lidinga. Det var *menneske* som klaga seg.

Tale kom seg snart att. Ho var ikkje den at ho let nokon sitte og vente på seg med ho gret.

– Kva sa lensmannen? vilde ho vita.

– Han vart ikkje lystig, just. Men han måtte tru meg. Eg fortalde han alt samem; eg fortalde han enda til at det var for Håkon si skyld eg kom der og gav meg sjøl opp. Barne vårt skal ikkje ein gong vita det har ei mor, sa eg. Han var ikkje i stand til å seie noko. Ikkje før med det same eg skulde gå. Da sa han at han reiste til byen i morgo, med dampbåten. Han visste at da kom eg og reiste i lag med han. Det var vondt å gjera ein slik mann sorg.

Enno snakka dei om eitt og anna. Det er mangt å sjå etter for ei husmor, og få ting ho kan fara hovudstups ifrå. Tale såg råd for alt, når ho først hadde komme seg så ho såg vegen sin. Ho las kveldbønna si, og før dei vardest var ho langt inn i sømnen.

Ragnhild låg slik at ho såg ei stjerne uti natta. Ho følgde ferda hennar over det himmelstykke vindaugsruta råde med. Da visste ho at slik har dei ligge og set stjerna, armingane, ho såg dem så tydelig: åleine på den harde benken, og døra stengt med sju lås. Det var så ymse med dem da. Den eine vart rik den stunda stjerna synte seg, den andre snudde seg vekk i armoda si.

[218] Da stjerna hadde gått sin veg, sa Ragnhild:

– Herre min Gud, sei meg at det var så åleine eg *skulde* vera!

Ho venta ikkje noko svar, og fekk det heller ikkje. Ho måtte svara seg sjøl:

– Eg vonar eg får vita meir ein gong. Eg finn meg vel ein stad eit himmerik. Nei, det gjer eg ikkje; det var berre ein song i lufta det, frå blåfjella og der bortanfor. Men einkvart finn eg vel.

Slik kunde ho ha ligge der og snakka med seg sjøl eller kven det no var med, – så gjekk da den tida, som Tale sa. I staden let ho stilla og pina ta seg. Den vegen

måtte ho, kor som var. Om ho ikkje hadde makta til å tenke seg igjennom det, så fekk ho ta til å kjenne seg igjennom det. Morgondagen fekk komma som han kunde.

Morgondagen kom. Han var så lik ein annan dag som han vera kunde. Gong og annan susa nordvesten i stuenova, ein liten tone som ikkje var tenkt for nokon. Eller kanskje vinden var der ikkje, det var berre stua som stod og sakna han. Stund og anna vart det lysare kringom ein, inni stua eller utom veggen ellet kor ein var; det kunde komma for ein at lyse gjekk i andre tankar. Slik hadde verda vore alt frå den dagen ho slo auga opp. Slik vilde ho vera her etter.

Tale hadde krøtera. Det var grei grein: dei venta seg føda av henne i dag òg, og den fekk dei få. Dei fekk dugelig. Sia hadde ho folke å syte for, [219] dei venta seg føda dei med. Frukosten hadde Ragnhild stelt til, og det var siste matmåle ho sette fram for dem, for no trong ho tida, skulde ho bli ferdig til dampbåten kom. Så fekk Tale middagsmaten å tenke på.

Ragnhild hadde snart pakka i den vesle kista det ho vilde ha med seg. Den skulde ho få etter seg sendt når tida kom. Resten gav ho over til Tale. – De får ha det, eller gi det bort så godt De kan, sa ho. Arn var i nærheita med henne mest same kor ho gjekk, men stadig eit stykke unda. Ho ansa på han som snarast, og undrast kva han tenkte; så var han glømt med det same att.

Ellida såg dit, ho som skulde stå for huse etter henne. Ho kunde ikkje komma flyttande før om eit par tre dagar. Ragnhild sette henne inn i eitt og anna, helst slikt som gjaldt vesle Hallvard. – Det kjem elles til å gå av seg sjøl, sa ho. Ho sa det fleire gonger. Ho bad ikkje ein gong Ellida vera snild med vesleguten.

Håkon heldt til i kvennhuse. Han vilde lære drengen å passe kvenna, for dei laut til å mala for ålvor no og trong å skiftast om det. – Det her trur eg aldri eg lærer, sa drengen, for kvenna var lagvand og vilde helst arbeide etter sitt eige hovud. Ei god stund etter sa Håkon og såg stivt på han: – Når du berre ikkje blir ståande og stirre på henne til det går rundt for deg. Da er du ferdig! – han lo litt og gjekk ifrå han. – Sjøl veit kva *han* har stirra på, mumla drengen.

[220] Håkon kom inn liksom det var noko særlig han skulde ha sagt. Mor si lest han ikkje sjå. Men ho kom midt i vegen for han med ei gryte, så han måtte stane, og ho stana og såg han i andlete.

– Jaså! sa ho berre; ein kunde tru ho var på låtten no òg.

Han møtte auga hennes og venta på kva ho vilde seie.

– Jaså, Håkon, du dømte a Ragnhild til tukthuse du.

– Du kan kalle det for det ja.

– Ja ja. – – Eg har aldri skjønna stort av deg. No skjønna eg ingenting.

– Endelig ein gong tok eg eit tak ja, sa han. Det hørtes som det var seg sjøl han sa det til. – Eg gjorde det eg burde gjera. Ein får gjera det rettaste somtid; eg vil halde meg til det her etter.

Meir kunde han ikkje seie, ikkje til henne og ikkje til nokon annan heller. Men i dag hadde han mote til å seie seg sjøl det, det som seiast skulde. – Eg har set det all tida, at gjer ein rett åt ein kant, så gjer ein gale åt ein annan. Det lærte eg av 'n far; han som aldri såg åt meir enn ein kant, – han visste ikkje der fanns meir enn ein, han! Der stod eg. Der har eg stått til no. Stått og tviglåmt bort i hjulverke. Det var hardt. Men hardare blir det her etter. No når eg skal til å gå beint fram. Ein kunde gå bibelen i vald, som ho mor seier. Det er synd ikkje ho gjer det; eg vil tru ho gjer det når [221] tida kjem. – – Ragnhild er det ikkje farlig for, ho har eit lykkelig syn på live. Det bergar ho med seg om så ulykka et henne levande opp.

Han bles i mot einkvan som snakka vakkert til han: – Har eg ikkje bedt? Eg har bedt, og det så heitt som eg kunde og vel så det. Men, enten var ikkje eg til for Vårherre, eller så var ikkje han til for meg. Der låg eg. Eg kjenner det enno.

– Tok eg eit tak, seier eg? Han tok seg for panna. Pina gjekk som ein smil over andlete. – Å nei san, du tok ikkje noko tak. Du vart for veik, vart du. Og så gjorde du det ja, det rette. Det er helsesamt å vita slikt.

Da han møtte Ragnhild stana han, men han sa ikkje noko. Barnegjenta gjekk ut, ho skulde visst ikkje stå her no. Håkon såg på klokka.

– Ja ha, sa Ragnhild. Rettno så fer eg.

Enda sa han ikkje noko.

– Eg burde vel seie farvel med deg? meinte ho. Da vil eg gjera det her.

– Eg skulde ha vore med deg til byen. Eg veit det. Men så bars det meg for at det – – at det kunde like snart vera ugjort.

– Ja, kjære, anna har eg da ikkje tenkt. Ho visste med det same at ho hadde tenkt det, og vart litt raudlett. – Eg må reise åleine, sa ho.

– Ja, eg veit ikkje eg. Du vart vel like åleine om så eg var med.

– Eg må reise åleine, mumla ho.

[222] Ho stod og såg på han. Ho vart heilt bleik etter kvart, og der slokna noko i auga på henne. Da smilte ho. Det hørtes som ho lo til seg sjøl:

– No veit eg det i alle fall. Og da, da skulde eg mest vera faraferdig. Trur eg, sa gjenta.

Ho gjekk fram og retta han handa.

– Far vel da, Håkon. Ja nei, du får ta meg i handa, du slepp ikkje billigare.

Han gjorde det. Men han såg på henne, slik at ho skjønna her stod ein som bad for seg. Så var det overstått, og han hadde komme seg ut.

Det vart ikkje lenge å vente, så kom lensmannsskyssen. Han fór ålmannvegen, som gjekk nedanfor hagen på Stavsund og ned til sjøen. Gubben sat i storfrakken sin, han såg ikkje ein gong opp og til gars.

Ragnhild var ferdig. Ho gjekk åt kårstua, ho visste Tale hadde gått dit og sett seg. Der sat ho og venta henne. Ragnhild gjekk fort fram til henne.

– No ber det i veg, sa ho. – Og no er eg *faraferdig*, la ho til.

Alt anna hadde dei snakka frå seg før.

– Jaså ja, du tykkjer du er ferdig her ifrå no? Tale såg henne i andlete og var djupt forfæld. – Eg ser det, eg ser det, mumla ho.

– Eg er ferdig med mangt no, men det har eg ikkje tid til å fortele om, for no ventar snart både båten og øvrigheita på meg, heile rettferda og kristenheita. Far vel da, værmor, og takk for samvære.

[223] – Om eg berre kunde ha sagt Gud velsigne deg! kviskra Tale.

– Han lyt gjera som han sjøl synes med den ting. Som med alt anna. Hels 'n Even frå meg. Hels han med at han tør eg ikkje sjå. Han sa det ein gong, at det er mannen som skal styre øksa, og ikkje øksa mannen, eg har aldri glømt dei orda. Ein uvettig ein kunde ha spurt kven det er som skal styre mannen. Far vel!

Ho var innom stua og såg til Hallvard enno ein gong. Han hadde eit eige lag med å blunke, og noko i auga når han lo, det måtte ho ha med seg, ho tok det om ho så ikkje hadde nokon rett til det, for det var usynlig for dei andre. Å nei, tenkte ho da ho gjekk ifrå han og ut, eg legg det att her. Eit menneske som eg er no, det er ikkje *til* lenger, – no vart ho nøydd til å springe skulde ho bli med båten!

Ho såg Håkon i kvennhusedøra da ho var nedpå sjøvegen, han stod der og skola seg og såg nedover. For han vart ho verande eit kirkegars-skrømt all hans dag. Men det verste, det måtte no vel tida og glømsla hjelpe han med? Nå ja, det òg fekk ho slå ifrå seg. Det var ho og ikkje han som skulde på byferd no. Ho mintes med ho fór noko ho hadde hørt om ei gjente som skulde på tukthuse, og sette seg til å skure blank kjelen sin, – det stundar til ei stor helg og ei lang høgtid, sa ho; såltinge hadde ikkje meir att av vette sitt.

Dei såg røyken av dampbåten nordpå da ho [224] kom ned til brygga. Lensmannen sat alt i ekspedisjonsbåten, dei andre stod på brygga og bia til dampen bles, for da først var det tida til å ro ut. Ragnhild ansa der kom ein færing kilande over sunde frå Fagernes. Det var Lea som kom, og ho hadde visst pynta seg i ein fart. Ho kjem opp baksida av brygga, der det inga tropp var; ho kliv som ein unge, og snakkar med seg sjøl: – Hadde eg så sant fått med meg beinrangle mitt opp – helvetes skjørta ein skal dra på! God dag, Ragnhild, men er det sant du er sjuk?

Ragnhild rista på hovude: – Finns ikkje sant i det. Ho ser inn i andlete til Lea, det er henne så nært i denne stunda at det gjer vondt å sjå det. Ingen har trudd så godt om henne som denne usælingen. Da seier ho, så lågt og tett borttil henne som ho kan:

– Det var eg som drap 'n far din. Og no skal eg i veg, – du ser lensmannen der.

Lea vart eit barn som vilde be for seg, men ho fekk ikkje opp måle. Ragnhild måtte ut med det ho hadde gjømt djupast hoss seg sjøl.

– Eg har gjort den synda ja, her ser du meg. Ei synd som ikkje Gud ein gong kan tilgi. Og enda takkar eg han for at han sette *meg* til å gjera det. Han såg ingen annan utveg han heller; eg er nøydd til å tru det slik. Så får tukthuse lære meg resten.

Lea vart enda meir barn å sjå til, eit armodsting som dei har fare stygt med. Ho blåheldt Ragnhild i armen, ho visste knapt kor ho stod.

[225] – Det har i alle fall skjedd, sa Ragnhild.

Karl Albert hadde hørt Lea nemnte at Ragnhild skulde vera sjuk. Han kom bort og spurte om det var så. Ragnhild svara ho skulde fortele han det når ho kom att. Det tok henne all igjenom at han òg var så nær henne. Det var rådlaust å

verje seg i mot han: auga hans tala med henne, dei tok radt inn i hjarte på henne, han vart same menneske som henne, og slik stod dei fram for henne alle som tanken fall på. Ho og alle andre var same menneske. Det hadde ho visst før, men ho hadde ikkje set det, og da veit ein det ikkje like vel. Ein lever og lever, og så ser ein ikkje! Men no tuta dampbåten, gudskjelov.

I det same kom Tull-Beret taslande. Ho stana og såg på Ragnhild, men denne gongen sa ho ikkje noko.

Så vidt Ragnhild kunde sjå, stod der ikkje nokon i kvennhusdøra da båten la i veg austover fjorden.

Noter:

Olav Duuns *Medmenneske* er lastet ned gratis fra bokselskap.no